

”Det er heilt klart vi er motstraums”

Ein kvalitativ studie om heimearbeidande foreldres omsorg og oppseding for sine barn



Masteravhandling i pedagogikk med vekt på pedagogisk leing.

NLA Høgskulen

Våren 2015

Kirsti Antonett Nygjerde

Forord

At denne prosessen no er overstått, og masteravhandlinga er ferdig, er for meg vanskeleg og forstå. Det har vore ein lærerik og interessant prosess, men også utfordrande og krevjande. Sjølv om eg til tider kjende lysta for å avbryte studiet, er eg no både glad og stolt over det gjennomførde arbeidet. Eg vil rette ein stor takk til dei fem informantane som villig delte sine tankar, meiningar og erfaringar om sin eigen omsorgs- og oppsedingspraksis. Avhandlinga hadde ikkje blitt til utan dykk. Vidare vil eg takke gode medstudentar og veninner som har støtta meg i arbeidet. Eg ser ofte tilbake på morosame stunder i lag, der samværet ofte bar preg av ein herleg miks av frustrasjon og latter.

Tusen takk, gode, gode Peter'en min, for at du har haldt ut med meg i denne krevjande prosessen. Sjølv om eg ikkje alltid har gitt uttrykk for det, har oppmuntringane frå deg betydd meir enn du aner. Tusen takk for at du har lytta omtenkamt med ditt rolege vesen, når eg har vore hysterisk og ikkje sett lys i tunnelen.

Tusen takk til støttegruppa mi: mamma, svigermor, Marianne og Irene. Korleis skulle dette ha gått utan dykk? Dykk har bistått meg og familien når det har storma som verst, både med oppmuntring, barnepass, middag og overnatting. Dykk har vore uvurderlege!

Eg må få takke rettleiar Ruth Ingrid Skoglund for dei tilbakemeldingane du har gitt meg. Takk for at du alltid har vore konstruktiv og rett på sak, utan å gå omkring grauten. Det har vore til stor hjelp. Eg vil også takke deg for at du tok deg tid til å sende *ein* einskild mail, tross det korte innhaldet: "Du er en flittig maur". Den oppmuntringa levde eg lenge på!

Til slutt, men absolutt ikkje minst: Tusen takk, Matteus. For at du kom inn i livet mitt og tok meg med storm. Utan deg hadde ikkje denne avhandlinga fått den vinklinga den fekk, noko eg er veldig glad for. Du har vore lyset mitt, når kvardagen har vore mørk. Du er alt for meg, M'en min.

Kirsti Antonett Nygjerde

Ulsteinvik, 29.04.2015

Samandrag

Namn:	Kirsti Antonett Nygjerde
Kontaktadresse:	Gjerdegata 38, 6065 Ulsteinvik
Fagområde:	Masterstudie i pedagogikk med vekt på pedagogisk leing
Innlevert:	Våren 2015

I dagens moderne samfunn har familiens rolle og posisjon endra seg markant. Barnehagen har fått ein sentral plass i familien, der nærare 80% av landets eittåringar går i barnehage. Den politiske semja omkring barnehagen som ein viktig omsorgs- og læringsarena, samt den politiske målsetnaden om full barnehagedekning, har ført til at fleire små går i barnehagen (NOU 2012b: 18; Meld. St. 24 2013: 8). Likevel er det nokon foreldre som vel annleis enn majoriteten, der dei vel å vere heime med barnet sitt etter endt fødselspermisjon, framfor tidleg barnehagestart. Dette fordi dei meiner det er til det beste for sitt barn. I ei tid der fagkunnskap og profesjonell omsorg står sterkt, er eg interessert i foreldres tankar om si eiga rolla som omsorgsutøvar og oppsedar, og då frå foreldre som vel annleis enn majoriteten. Føremålet med denne studien er difor å rette fokuset mot heimearbeidande foreldres tankar, meiningar og erfaringar om omsorg og oppseding, i håp om eit djupare innblikk i foreldres eigen omsorgs- og oppsodingspraksis for sine barn. Med utgangspunkt i den kontinentale pedagogiske tradisjon, rettar eg merksemda mot dei fundamentale kvalitetane ein kan finne i relasjonen mellom foreldre og barn.

Forskningsspørsmålet for avhandlinga vert utdjupa gjennom kvalitative intervju med fem heimearbeidande mødre, der kvar og ein av dei har teke eit bevisst val om å vere heime med sine barn. Det innhenta datamaterialet har saman med den teoretiske tilnærminga danna grunnlaget i besvaringa av forskningsspørsmålet. Den teoretiske tilnærminga byggjer i hovudsak på teorier av Max van Manen, men Klaus Mollenhauer og Tone Sævi har også ein sentral plass.

Utifrå mødrenes tankar, meiningar og erfaringar, har eg fått innblikk i korleis dei ser seg sjølv i rolla som omsorgs- og oppsodingsansvarleg. På same tid har eg fått innblikk i korleis det er å vere heimearbeidande i ei tid der barnehageomsorg står sterkt. Hovudessensen i avhandlinga er at mødrene, som viktigaste omsorgsgivar i barnets liv, ynskjer å vise både barnet og omverda at dei verdset den tida dei har saman med barnet, og då som viktigare enn noko anna. Dei ulike samtalane viser at valet om å vere heime er teken ut frå eit verdimeisig grunnlag, basert på kjærleiken og bekymringa mødrene har for barnet sitt. Mødrene vektlegg den

naturlege morsrolla og ynskjete om å ta del i barnets omsorg og utvikling, der dei meiner dei sjølv kan gjere ein betre jobb i oppgåva. Mors behov for å tryggje, fylgje opp og rettleie barnet, er i dei fyrste åra av barnets liv sterkare enn behovet for å gå tilbake i jobb eller studier. Mødrene viser både ein årvaken og reflekterande holdning i eigne tankar omkring barns emosjonelle, sosiale og faglege behov, der dei ser tryggleik og utvikling som ein kontinuerleg prosess i relasjonen. Der tidlegare forskning kan gi ein antydning om at heimearbeidande foreldre har eit større fokus på barns emosjonelle behov framfor sosiale og faglege (Stefansen & Farstad 2007: 2008; Stefansen 2008; Seeberg 2010), viser mødrenes tankar om omsorg og oppseding at pedagogisering og fokus på læring ikkje er utelatt i familiar der mor er heimearbeidande. Også desse foreldra er opptekne av utvikling og læring, men kanskje ikkje berre som eigne pedagogisk, tilrettelagde aktivitetar, men også gjennom kvardagslege gjeremål som viser barnet korleis dagen er.

Innhald

Forord	3
Samandrag	5
Kapittel 1. Innleiing.....	11
1.1 Aktualisering og problemstilling.....	12
1.2 Avklaring av omgrep.....	16
1.3 Oppbygging av oppgåva.....	17
Kapittel 2. Teoretisk tilnærming	19
2.1 Tidlegare forskning	19
2.2 Omsorg	23
2.3 Oppseding.....	26
2.4 Gode nok foreldre.....	29
2.5 Fundamentale kvalitetar mellom foreldre og barn	31
2.5.1 Det urokkelege kallet – Høyrer du det eg høyrer?	31
2.5.2 “Beeing a child-watcher” – Å sjå og anerkjenne barnet	32
2.5.3 Takt i kontakten.....	34
2.5.4 Samkjensle – Tryggleik og tillit, sikkerheit og ansvar	35
2.5.5 Autentisk ”body-work” – Sjølvlære og sjølvrefleksjon	37
2.5.6 Håpets makt – Eg gir deg aldri opp.....	38
Kapittel 3. Metode.....	39
3.1 Kva er metode?.....	39
3.2 Val av metode.....	40
3.2.1 Intervju	40
3.2.2 Ein hermeneutisk tilnærming til litteratur, analyse og drøfting	42
3.3 Utval av informantar	43
3.3.1 Val av informantar.....	43
3.3.2 Kriteriar for utval av informantar	44

3.3.3 Utfordringar i utvalet.....	44
3.4 Antal informantar	45
3.5 Gjennomføring av intervju	45
3.6 Refleksjonar og vurdering av prosjektets empiriske opplegg	46
3.7 Etterarbeid og analyse	48
3.7.1 Analyseprosessen	48
3.7.2 Framgongsmåte av analyseprosessen.....	49
3.8 Forskningsetikk	50
3.8.1 Informert samtykkje	50
3.8.2 Anonymisering	51
3.9 Validitet og reliabilitet.....	51
Kapittel 4. Presentasjon og analyse.....	53
4.1 Foreldrerolla	54
4.1.1 ”Klarar ein dette, så klarar ein alt” – Forventningar til det å bli mor.....	54
4.1.2 ”Alt er mykje meir ekstremt” – Å bli mor.....	54
4.1.3 ”Ikkje for mykje salt i maten” – Å vere mor.....	56
4.1.4 ”Det er alvorleg, men det skal det vere” – Omsorgsansvaret.....	57
4.1.5 ”Eit nytt perspektiv” – Forandringar og sjølvrefleksjon	58
4.2 Omsorg og oppseding.....	59
4.2.1 ”Ei beskyttande løvemamma” – Kjærleik og bekymring.....	59
4.2.2 ”Ingen har den same utømelege kilden” – Det viktigaste i omsorga	61
4.2.3 ”Det spelar ingen rolle om vi les ei bok eller plukkar ugras” – Relasjonen mellom mor og barn	62
4.2.4 ”Det er eit dristig prosjekt!” – Oppseding og utfordringar	63
4.2.5 ”Eg gjer jo det same heime” – Utvikling og læring	66
4.2.6 ”Bli det dei er skapt til å vere” – Verdier, håp og ynskjer	68
4.3 Heimearbeidande i dag.....	69

4.3.1 "Åja, du er berre heime ja" – Heimearbeidande i møte med andre.....	69
4.3.2 "Det er ikkje godt nok å vere ei mor lenger" – Mødrenes opplevingar	71
Kapittel 5. Drøfting	73
5.1 Kjærleikens makt.....	74
5.1.1 Ei naturleg foreldrerolle	75
5.1.2 Eit nytt perspektiv – refleksjon og forandring.....	76
5.1.3 Mellom autoritet og fridom	79
5.1.4 Det store "vågestykket"	81
5.1.5 Frå verdiar til handling.....	83
5.1.6 Ein relasjon for utvikling og læring	85
5.2 Heimearbeidande i dag.....	89
Kapittel 6. Oppsummering og avslutning.....	93
Litteratur.....	97
Vedlegg 1: Melding av prosjekt til NSD.....	107
Vedlegg 2: Informasjonsskriv og samtykkjeskjema	108
Vedlegg 3: Intervjuguide.....	110

Kapittel 1. Innleiing

Vi lev i ei tid og i eit samfunn der informasjon og kunnskap vert dyrka. Vi har moglegheit til å finne ut av det meste, og kan forberede oss på det meste, noko vi også gjer. Men sjølv kor mykje ein tilrettelegg, kor mykje informasjon ein innhentar, rettleiing ein får, og refleksjonar ein gjer seg, er foreldrerolla den oppgåva som uansett vil overraske. Max van Manen skriv at ”å gi unge menneske oppdragelse og opplæring er mer krevende og oppslukende enn mange andre livsoppgaver” (van Manen 1993: 76). Ein kan tileigne seg kunnskap om korleis ein skal oppsede og korleis ein skal vise omsorg, men mindre veit ein om korleis det kjennes å vere forelder og omsorgsansvarleg. Det veit ein fyrst når ein står midt i det, med hender, hovud, tankar og kjensler.

Else Foss, fyrsteamanuensis i pedagogikk ved Høgskulen i Buskerud og Vestfold, skriv i starten av si doktoravhandling at ”alt forskningsarbeid har en begynnelse” (Foss 2009: 1), der ulike situasjonar eller episoder ein opplev kan vere med å forme eit interessefelt. I november 2013 var eg så heldig å bli mor til ein liten gut, noko som er det største som har hendt meg, både på godt og vondt. Godt på den måten at eg fekk dette barnet inn i livet mitt som gir meg så mykje glede og kjærleik, og som har gitt livet mitt ny mening. Det er vondt fordi ein til tider kjenner seg redd og utilstrekkeleg, der ein no har ansvaret for dette barnet og alt det måtte innebære. Som vordande mor hadde eg mange forventningar til foreldreoppgåva, der tankar om kor fint det skulle bli med trilleturar, kose med barnet i armkroken og vise han fram til vener og familie låg lengst framme i panna. Tankane om søvnlause netter, barneskrik og endelause bekymringar var mindre gjennomtenkt på førehand, men desto meir tilstrekkeleg erfart etter barnets ankomst. Det er nok fleire som kan seie seg einig i at det å bli forelder er ein av dei større omveltningane ein kan oppleve her i livet, der ein no skal ta i vare, forsørge og oppsede eit nytt liv. Eg har difor gjennom dette forskningsarbeidet valt å ta utgangspunkt i oppgåva som forelder og det ansvaret ein har som oppsedar og omsorgsutøvar.

Stein Wivestad, fyrstelektor ved NLA Høgskulen i Bergen, skriv at barn må oppsedast ved hjelp av vaksne for å ”lære å leve menneskelig” (Wivestad 2007: 295). Med dette kan ein forstå pedagogikk ved at pedagogisk praksis og teori er vevd saman, der ein som vaksen *viser*, meir enn å *undervise* korleis livet kan levast (Wivestad 2007: 298). Den tyske pedagogen Klaus Mollenhauer skriv at ”oppdragelse er fremfor alt overlevering, meddelelse av det som er viktig for oss selv” (Mollenhauer 1996: 22), der ein som vaksen, bevisst eller ubevisst presenterer si livsform og den kulturen ein lev i for barnet, noko som er fundamentalt for det å

bli menneske (Mollenhauer 1996: 33). Det relasjonelle mellom barnet og den vaksne er dermed essensielt for at barnet skal kunne vekse opp, lære og utvikle seg. Eg har difor valt å plassere studien innanfor den kontinentale forståinga av pedagogikk, der den pedagogiske relasjonen mellom barn og vaksen er basis for pedagogisk verksemd (Sævi 2013: 242). Gert Biesta skil mellom omgrepa *education* og *pädagogik* i forklaringa av den kontinentale pedagogikken, der han viser til education som sterkt knytta til skulering og undervisning, medan pädagogik har ein mykje breiare funksjon. Biesta skriv at den kontinentale pedagogikken ”focuses first and foremost on questions of Menschwerdung – the process of becoming human”, der det heilhetlege mennesket står i sentrum (Biesta 2011a: 189). Relasjonen mellom den vaksne og barnet vert utgangspunkt for all oppseding og undervisning, der den vaksne har ein pedagogisk interesse for barnet som individ, og handlar ut frå eit humanistisk verdigrunnlag til det beste for barnet. I høve til education-tradisjonen som byggjer på føringar, krav, og vurderingar, byggjer pädagogik-tradisjonen på meir generelle rammer for oppseding og utvikling, gjennom dei noramtive verdiane ein i samfunnet er ein del av (Vik 2014: 4-9). Mollenhauer skriv at all pedagogisk praksis medfører presentasjon og representasjon av ein kultur, der verdiar og normer er ein del av det som vert presentert. Kva denne normativiteten består i, kan variere frå kultur til kultur og frå tid til tid, og ikkje minst mellom barnet og den konkrete oppsedar (Mollenhauer 1996: 21-23).

Eg vil knytte denne oppgåva opp til den kontinentale pedaogikken ved å sjå omsorg og oppseding i lys av den pedagogiske relasjonen. Gjennom studiens teoretiske tilnærming viser eg til visse kvalitetar og forutsetningar ved foreldreoppgåva, som bør vere tilstades i relasjonen melom vaksen og barn for at barnet skal få vekse og utfalde seg. Måten eg har valt å forklare dei ulike kvalitetane hos foreldre på, er hovudsakleg henta frå Max van Manens teorier, som sterkt vektlegg foreldres funksjon og betydning for barnet. Ein kan spørje seg om ikkje van Manens teoriar kan seiast å ha eit normativt, men også ”idealistisk” perspektiv på foreldre-barn-relasjonen, der denne relasjonen i seg sjølv nærast naturgitt vert sett på som ein betre relasjon enn kva andre vaksne kan ha til barnet. Likevel har eg valt å behalde det slik i håp om å gi dette fundamentale – som ein kan finne hos foreldre innanfor omsorgs- og oppsedingsoppgåva – eit større fokus.

1.1 Aktualisering og problemstilling

I dagens moderne samfunn har familiens rolle og posisjon endra seg markant, der familiane i dag er meir avhengige av offentlege tenestar enn dei var før (Holthe 2003: 14; Dencik m.fl

2008: 109-111; Leira 2012: 76). Barnehagen har fått ein sentral plass i familien, der alle har rett på barnehageplass til sine barn. Sidan dei fleste foreldre i dag er dobbeltarbeidande, går ni av ti barn i barnehagen, der 92 % av desse har ei fast opphaldstid på 41 timar eller meir i veka (Ssb 2014). Dette viser at barneomsorga i større grad er delt mellom foreldre og barnehage, og er ikkje berre eit foreldreansvar, men i aukande grad òg eit samfunnsansvar (Holthe 2003: 14; Dencik m.fl 2008: 109-111; Leira 2012: 76). På same tid er det no større krav til foreldreoppgåva om korleis ein skal gå fram i barneoppsedinga enn det var før. Stadig ny og aukande kunnskap om oppseding og omsorg, samt eit velde av ekspertar som uttalar seg om korleis ein best mogleg løyser foreldreoppgåva, har gjort foreldre usikre på seg sjølv i rolla som foreldre (Holthe 2003: 17; Leira 2012: 94). Den politiske semja omkring barnehagen som ein viktig omsorgs- og læringsarena, har resultert i at fleire små går i barnehagen, der læringsaspektet og den rolla barnehagen har for barns utvikling og læring har fått stor merksemd (NOU 2012b: 18; Meld. St. 24 2013: 8). På same tid kan retten til barnehageplass og den politiske målsetnaden om full barnehagedekning, sjåast som ”en bekreftelse fra myndighetenes side på at institusjonell omsorg er et fullverdig, om ikke bedre, alternativ til familiebasert omsorg for de minste barna” (Stefansen & Farstad 2007: 29).

Foreldre vel den omsorgsløysinga dei meiner er best for sine barn, ut fra moralske og sosiale forståingar av kva omsorg barnet deira treng (Stefansen & Farstad 2007). Men kva er det beste? Gjennom stadig påverknad frå ulike hald kan foreldre oppleve seg usikre på kva som er ”godt” for barnet og kva som er ”god” oppseding, og difor gjere seg avhengig av fagkunnskap framfor noko anna (Holthe 2003: 14; Leira 2012: 94). Fagkunnskap er naudsynt og til hjelp for mange, men i nokon tilfelle kan kunnskap, framfor kjensler og verdiar, legge føringar for korleis ein vel å handle. Dette kan føre til at foreldre vel ein type omsorgsløysing framfor andre omsorgsløysingar, til tross for kva dei sjølv måtte føle om sitt barns beste (Seeberg 2010: 20; Slettholm & Westerveld 2012; Solheim 2013: 14). Eit døme på dette kan ein sjå gjennom tabellrapporten *Endringar i bruk av barnetilsyn fra 2002 til 2010* gjort for Statistisk sentralbyrå av Kitterød, Nymoene og Lyngstad. Forskinga viser at det i 2010 berre var 18% av landets mødre som meinte at fulltidsbarnehage var det beste tilbodet for eittåringen sin. Likevel var det heile 70,9% av landets eittåringar som gjekk i barnehage i 2011, der majoriteten blant eittåringane hadde eit opphald på 40 timar eller meir i veka (Kitterød m.fl 2012: 62-63).

I forskningsrapporten *Siste skanse: En undersøkelse om 3-5-åringar som ikke går i barnehage* av Marie L. Seeberg, vert det understreka at familiar med små barn er utsatt for sterkt press

om å ha barn i barnehage. Dette presset vert uttrykt gjennom ulike former, både politisk og økonomisk, kulturelt og ideologisk, der alle desse kan bli svært overbevisande (Seeberg 2010: 33). Likevel kan ein sjå foreldre som vel annleis enn majoriteten, ved å vere heime med små barn framfor tidleg barnehagestart. Då kontantstønaden i 2012 auka for dei aller minste barna, sa KrF-leiar Knut Arild Hareide til *Bergens Tidende*, at fleire benyttar seg av stønaden fordi det no har blitt eit ”reelt alternativ”. Dette gjer at foreldre kan velje å vere heime med eittåringen sin dersom dei ynskjer det. Tidlegare barne- og likestillingsminister Inga Marte Thorkildsen (SV) meiner at foreldre ikkje nødvendigvis vel å vere heime, men stønaden vert valt fordi dei manglar barnehageplass (Ruud & Melgård 2013). Både KrFs og SVs meiningar er reelle, og mange foreldre kan nok seie seg einig i både det eine og det andre utsagnet. Men ser ein til Seebergs forskning kan ein sjå fleire årsakar til at foreldre vel å vere heime, der ho viser til både økonomiske, strukturelle og praktiske årsaker, samt ideologiske og kulturelle årsakar. Dette kan vere alt i frå avstand til barnehagen, tilbodet den einskilde barnehagen gir, familienettverk og jamnaldrande barn i nærmiljøet, samt kva omsorgsløysing kvar einskild forelder ser på som det beste for sitt barn (Seeberg 2010: 20). Den sistnemnte årsaken er for meg særst interessant og eit utgangspunkt for denne oppgåva, sidan mange foreldre vel å vere heime med barna sine nettopp fordi dei meiner det er til det beste for sine barn (Stefansen og Farstad 2007: 35-36).

Det er mykje forskning å finne om foreldre og deira foreldreskap, men da ofte gjennom det Anne L. Ellingsæter nemner som ”politisering av foreldreskapet” – forholdet mellom foreldre og stat og dei tilhøyrande forhandlingane om grensa mellom det offentlege og det private. Vidare nemner ho at gjennom dei siste fire tiåra har eit ”omfattende institusjonelt arrangement vokalst frem”, der forskinga for det meste har dreia seg om foreldrepermisjonar, barnehageomsorg og kontantstøtte (Ellingsæter 2012: 17). Mykje av dagens gjeldande debattar handlar difor om å sjå foreldre i høve til det offentleges ansvar, framfor eit fokus retta mot foreldres eigen omsorgspraksis og deira tankar og erfaringar omkring barneomsorg. Ein kan spørje seg om kvifor ein bør forske på noko som tilsynelatande verker normalt, altså dei omsorgskvalitetane foreldre har og som ein kan finne mellom foreldre og barn. Desse kvalitetane er ofte implisitte kvalitetar, som ein i dagens samfunn mogleg tek for gitt. Samtidig er foreldre som vel å vere heime med egne barn etter endt fødselspermisjon, ikkje lenger normalt der nærare 80% av alle eittåringar går i barnehagen (Ssb 2014). I fylgje Arnlaug Leira er kunnskap om småbarnsforeldres omsorgspraksis nødvendig, både gjennom kvantitativ forskning og kvalitativ forskning. Der kvantitative material kan beskrive *korleis*

småbarnsforeldre ivaretek omsorga for barna sine, argumenterar Leira for kor viktig det er å gi plass for kvalitativ forskning på dette området, som kan gå nøyare inn i *kvifor* småbarnsforeldre vel å organisere omsorga slik dei gjer. Leira skriv at

”begge typer kunnskap er nødvendig for å få en bedre forståelse av diversifisering og pluralisering av familieorganisering, og for å forstå bedre om de familiepolitiske tiltakene virker til å dempe, fastholde, eller utvikle en polarisering mellom småbarnsfamilier når det gjelder mødres og fedres engasjement i omsorg og forsørgelse” (Leira 2002: 35).

Mitt grep er difor å rette fokuset mot heimearbeidande foreldre og deira omsorg og oppseding for sine barn, i håp om ein djupare forståing og eit utvida perspektiv på foreldrerolla og deira omsorgs- og oppsedingspraksis. Eg har ut i frå dette valt følgjande forsknings spørsmål:

Kva tankar har heimearbeidande foreldre om si eiga rolle som omsorgsutøvar og oppsedar?

Vidare har eg utforma nokon underspørsmål til hjelp i besvaringa av forsknings spørsmålet. Dette er spørsmål eg ynskjer å avklare i den teoretiske tilnærminga, sett bort i frå det sistnemnte spørsmålet, som eg konkret stiller informantane i intervjuet for ei mogleg djupare forståing av temaet.

Kva ligg i omgrepa omsorg og oppseding?

Kva er ein pedagogisk relasjon?

Kva kan ein sjå som fundamentale kvalitetar i relasjonen mellom foreldre og barn?

Korleis er det å vere heimearbeidande i dag?

Ut frå eit pedagogisk perspektiv har eg ynskje om å rette merksemda mot dei fundamentale kvalitetane ein kan finne i relasjonen mellom foreldre og barn, med utgangspunkt i heimearbeidande foreldre og deira omsorgs- og oppsedingspraksis. Hensikten er å lyfte fram tankar og erfaringar omkring det å vere foreldre i dag, med fokus på foreldres grunnleggjande omsorg og oppseding. I ei tid der fagkunnskap og profesjonell omsorg står sterkt, er eg interessert i foreldres meiningar om omsorg og oppseding, og den rolla dei har for barnet, og då frå foreldre som vel annleis enn majoriteten. Dette for å gi større innsikt, vere til mogleg inspirasjon, samt skape refleksjon omkring pedagogisk praksis hos foreldre.

1.2 Avklaring av omgrep

Heimearbeidande foreldre

Andelen heimearbeidande har gått ned dei siste tiåra. I 2011 var det omlag ein av ti gifte/sambuande kvinner som anten var fulltids heimearbeidande eller i jobb mindre enn 20 timar per veke (Kitterød & Rønsen 2011). I familier der ein av foreldra vel å vere heime med barn og hushald, er dette som oftast mor der forskning viser at mødre i større grad enn fedre har eit større ynskje om å vere heime (Magnussen m.fl 2001: 56). Kvinner som vel å vere heime i dag må oftare forsvare sine val, der det berre for nokre tiår sidan var kvinnene som valte å vere yrkesaktive som måtte forsvare og forklare seg (Danielsen 2002: 15; Kitterød og Rønsen 2011). Tidlegare vart mødre som valte å vere heime kalla "husmødre" eller "heimeverande mødre". Desse nemningane vert ikkje lenger brukt i den offisielle statistikken, der kategorien "husmor" er utelatt i nyare tellingar. Ein brukar heller nemninga "heimearbeidande" om dei som vel å vere heime med barn framfor å vere yrkesaktive (Kitterød og Rønsen 2011). Kva som er grunnen til denne endringa vert ikkje vidare utdjupt av Kitterød og Rønsen, men kanskje for å gi auka status til arbeidet som vert gjort i heimen, som den tidlegare nemninga ikkje gav. På grunn av dette har eg i denne studien valt å bruke nemninga "heimearbeidande" framfor "heimeverande"/"husmor" når eg omtalar foreldre som vel å vere heime med sine barn.

Foreldreskap og omsorgsansvar – I lys av den kontinentale pedagogiske tradisjon

Foreldreskap handlar om barn og vaksne, der det er barnet som skapar foreldreskapet og gir det status. Det er ein sårbar status der det å bli foreldre vekker djupe kjensler hos ein, samtidig som det set store krav. I det ein vert foreldre står ein med eitt hovudansvarleg i omsorga for barnet, der det moralske fundamentet handlar om å gi barnet ein trygg og god oppseding, yte emosjonell støtte, og beskytte barnet på same tid som det vert eksponert for livets ulike sider (Bø & Olsen 2008: 13). Barnelova (2013) seier at dei som har foreldreansvar er skuldige å gi barnet denne støtta, der barnet har krav på omsorg og omtanke med barnets behov som utgangspunkt. Fokuset hos den vaksne må difor liggje i å hjelpe barnet til å vekse opp, der ein som vaksen må rette merksemda si mot barnets subjektive opplevingar, med ein intensjon om å handle til det beste for barnet. Det er dette pedagogikk handlar om, der Tone Sævi skriv at "the caring act, as well as the pedagogical relation as such, are intentionally turned towards the good of the child and would otherwise not be called care or pedagogy" (Sævi 2011: 457). I den kontinentale pedagogiske tradisjonen er det relasjonelle mellom vaksen og barn vektlagd, der den pedagogiske relasjonen vert forstått som einaste moglege

utgangspunkt for oppseding og undervisning (Mollenhauer 1996; Sævi 2007, 2012; van Manen 1993, 2002b). Den pedagogiske relasjonen mellom barnet og den vaksne har ein meir personleg og ”moral-laden” intensjon for læring (Friesen i Sævi 2012: 180), og er difor meir enn eit mogleg reiskap for å oppnå pedagogiske mål, der ein kan sjå relasjonen som ei eksistensiell kraft som fyrst og fremst ”responderer på barnets opplevelser i situasjonen” (Sævi 2014: 253). Mollenhauer er også oppteken av det vidare kulturelle og samfunnsmessige perspektivet, der den vaksne gjennom den pedagogiske relasjonen også presenterer ein levemåte og ein kultur. Ved å representere denne kulturen for barnet, gir ein barnet moglegheit til å ta del i den vaksnes forståing av verda (Mollenhauer 1996). Sævi skriv at ved presentasjon og representasjon av den vaksne i kulturen, vert ”livet selv” syneleg for barnet, der relasjonen vert ei personleg hjelp til kvart einskild barn i arbeidet med å vekse opp (Sævi 2013: 240). Den koninentale tradisjonen ser omsorg for barnet som ein av fleire viktige kvalitetar i den pedagogiske relasjonen (van Manen 1993: 7), der den vaksne må sørge for at barnet føler kontinuerleg kjærleik, sikkerheit, truverd, stabilitet og hjelp for framtida (Sævi 2013: 241-242).

1.3 Oppbygging av oppgåva

I kapittel 2 viser eg til den teoretiske tilnærminga som er utgangspunkt for avhandlinga. Fyrst viser eg til tidlegare forskning som er valt ut frå kva eg ser som relevant i høve til forsknings spørsmålet. Deretter avklarar eg kva som ligg i omgrepa omsorg og oppseding, samt kva ein kan sjå som fundamentale kvalitetar i relasjonen mellom foreldre og barn. Den teoretiske tilnærminga byggjer i hovudsak på teorier av Max van Manen, men Klaus Mollenhauer og Tone Sævi har også ein sentral plass.

I kapittel 3 tek eg for meg den metodiske tilnærminga, der eg presenterar og argumenterar for den metoden eg valte å benytte meg av i innhentinga av data. Eg gjer greie for korleis utval av informantar gjekk føre seg, og begrunnar dei vala eg har teke gjennom forskningsprosessen. Eg gjer vidare greie for korleis eg gjekk fram i analyse og tolkning av det innhenta datamaterialet, og reflekterar deretter omkring forskningsetiske prinsipp i møte med informantar, intervjusituasjon og datamateriale. Forsningsprosjektets validitet og reliabilitet vert også vurdert.

I kapittel 4 viser eg til det empiriske materialet som avhandlinga byggjer på. Eg gir her ein presentasjon av delar av datamaterialet, som eg meiner var mest relevant i høve til

forskningsspørsmålet. Eg har prøvd å presentere materialet på ein slik måte at kvar av informantenes stemme skin gjennom, både når det gjeld likskapar og ulikskapar.

I kapittel 5 drøftar eg likskapar og ulikskapar frå egne funn opp mot tidlegare forskning og det teoretiske fundamentet. Eg går deretter over i det 6. og siste kapitlet, der eg oppsummerar og viser til viktige moment i håp om ytterligare refleksjon og ettertanke. Forslag til vidare forskning vert også presentert.

Kapittel 2. Teoretisk tilnærming

2.1 Tidlegare forskning

Det er gjort mykje forskning på foreldre og barnetilsyn, der foreldres tankar omkring omsorg og oppseding kjem til uttrykk. Likevel er dette ofte gjennom forskning som til dømes har fokus på klassetilhørighet (Stefansen & Farstad 2008; Stefansen 2011), bruk av kontantstønadordninga (Hellevik 2000; Magnussen m.fl 2001; Kitterød 2003; Wilhelmsen & Löfgren 2010), eller effekten heimearbeidande mødre til dømes har på barns skuleprestasjonar (Bettinger m.fl 2013) eller på kvinners yrkesdeltaking (Rønsen 2009). Dette betyr ikkje at den tidlegare forskninga innanfor desse felte ikkje er interessant for min studie, der eg kan sjå likskapar og dra nytte av det som er gjort. Eg har valt å ta for meg skandinavisk forskning framfor internasjonal forskning, sidan velferdsmodellen for småbarnsforeldre viser seg å vere omtrent lik i dei nordiske landa. Med forskning frå til dømes England eller USA kan foreldres tankar og meiningar få ulik betydning, sett opp mot tilsvarande meiningar frå nordiske foreldre. Dette fordi omstendighetene ein lev under vil vere ein faktor som spelar inn både på tankar og meiningar. Eg har difor valt å ta utgangspunkt i fem, norske forskningar som eg meiner har relevans for mitt prosjekt.

Prosjektet *Hvem skal passe barna?* (2001) er gjennomført i perioda oktober 1999-desember 2000, med støtte frå Norsk Forskningsråd. Forskninga er gjort av cand. polit. May-Linda Magnussen og cand. polit. Borghild Godal, med Arnlaug Leira, professor i sosiologi ved Universitetet i Oslo, som prosjektleiar. Det er ein kvalitativ forskning som tek utgangspunkt i kontantstønaden, og kva betydning stønaden har for foreldres val av barnetilsyn. Forskninga er basert på intervju av 40 mødre som vart valt ut frå kva barnepass dei benytta seg av. Tilsynsordning er det overordna utvalskriteriet, der utvalet vert representert gjennom foreldre i kategoriane *barnehagebrukarar*, *heime med barn*, *bruk av dagmamma*, og *kombinasjon av ulike løysingar*. Forskarane har gått djupare inn i kvifor foreldre vel det barnetilsynet dei gjer, kva faktorar som påverkar vala deira, og kva rolle kontantstønaden spelar inn osv. Sidan barnehagebrukarar er majoriteten mellom foreldre i dag, og heimearbeidande foreldre minoriteten, er det for meg mest interessant å sjå på funna innanfor desse kategoriane, nettopp fordi desse type tilsynsordningar vert ytterpunkt for mi oppgåve. Sjølv om fokuset ligg på heimearbeidande foreldre, ynskjer eg å sjå likskapar og ulikskapar i mine funn opp mot tidlegare funn av same type omsorg, men også av barnehagebrukarar. Omkring 10 av 40 intervju er av heimearbeidande foreldre og tilsvarande av barnehagebrukarar, der tankar

omkring deira val av barnetilsyn kjem fram. Heimearbeidande foreldre legg vekt på barnas behov når dei forklarar kvifor ein av foreldra er heime, der dei meiner at dei minste barna ikkje er klar for barnehage. Det er fleire grunnar til dette, der nokon vektlegg tryggleik og ro for barna, framfor stress og mas til og frå barnehage/jobbb kvar dag (Magnussen m.fl 2001: 29). Andre ser barna for små til å forlate heimen allereie ved eitt år, der dei vektlegg for store grupper i barnehagen (Magnussen m.fl 2001: 43), samtidig som foreldra meiner dei sjølv gir barna den beste omsorga (Magnussen m.fl 2001: 50-51). I dette ligg ynskjete om å få vere saman med og tilstades for barnet, fylgje barnets utvikling på nært hald (Magnussen m.fl 2001: 30), samt få skape eit grunnlag for barnets vidare liv (Magnussen m.fl 2001: 96). Barnehagebrukarar vektlegg at barnehagen kan tilby barnet utfordringar både sosialt og kognitivt, gjennom kontakt med andre barn og vaksne, og med gjennomtenkte pedagogiske opplegg (Magnussen m.fl 2001: 41). For nokon var dette det einaste rette alternativet, sidan dei sjølv ynskja å jobbe samtidig som barnet fekk god sosial stimulans i barnehagen (Magnussen m.fl 2001: 50). Det vert også hevda at tid for seg sjølv som foreldre, gjer ein til ein betre forelder for barnet sitt (Magnussen m.fl 2001: 26).

Kari Stefansen, cand. polit. og forskar har saman med høgskulelektor ved Diakonhjemmet Høgskole, Gunhild R. Farstad gjort ei forskning av småbarnsforeldres ”omsorgsprosjekt” og foreldres forståingar av barns omsorgsbehov. Forskinga er gjort i samband med eit større prosjekt av Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA), *Omsorgskarrierer og dagligliv for barn under tre år*. Stefansen & Farstad har presentert forskninga gjennom to artiklar; *Ett år og klar for barnehagen? Foreldres forståelser av små barns omsorgsbehov* (2007) og *Småbarnsforeldres omsorgsprosjekt. Betydningen av klasse* (2008). Hensikten med studien er å identifisere kva betydning klasse har for det Stefansen & Farstad beskriv som foreldres ”omsorgsprosjekt”. Desse vert danna ut frå foreldras forståing av barnets behov knytt til den alderen barnet er i, samt foreldras oppfatningar av korleis ulike omsorgsarenaer ivaretek desse behova (Stefansen & Farstad 2008: 344). Den empiriske analysen byggjer på kvalitative intervju med 58 foreldre som befinn seg i småbarnsfasen, der Stefansen & Farstad har analysert seg fram til to omsorgsmodellar som dei plasserer dei ulike foreldras omsorgsprosjekt innanfor. Den eine modellen har dei valt å kalle ”et ordnet omsorgsløp”, som er tufta på ei forståing av at barnet har eit behov for ein sjølvstendig relasjon til begge foreldra sine, og vidare eit behov for å bevege seg ut av familien når det er eitt år, for å kunne utvikle seg. Det ordna laupet viser seg ved at mor er heime fyrst, så far, og deretter barnehagen når permisjonen er over (Stefansen & Farstad 2007: 37, 2008: 352). Den

andre modellen, ”et skjermet rom for omsorg”, byggjer på forståinga av at barnet må vere utstyrt med nokon grunnleggjande ferdigheiter i heimen, som å gå og snakke, før det kan nyttiggjere seg det barnehagen kan tilby. Ein av foreldra vel difor å vere heime med barnet utover endt fødselspermisjon (Stefansen & Farstad 2007: 39, 2008: 355). Denne forskninga viser mange av dei same funna som forskninga av Magnussen, Godal & Leira (2001), der tryggleik, ro, foreldre som betre omsorgsgivarar, og ynskje om å fylgje barnets utvikling på alle område vert vektlagd hos heimearbeidande foreldre. Ein ser også likskap hos foreldre med eit ordna laup, der barnets behov for utfordringar og sosial stimulans vert uttrykt.

Kari Stefansen har i artikkelen *Et uendelig ansvar. Om foreldreskap i middelklassen* (2008) gått djupare inn i foreldreskap og klassekultur, også som ein del av NOVAs prosjekt *Omsorgskarrierer og dagligliv for barn under tre år*. Den empiriske analysen er basert på eitt foreldrepars beskrivingar av korleis kvardagslivet artar seg for dei i småbarnsfasen, der det er snakk om tre intervju gjort over ein toårsperiode. Hensikten med studien er å utforske den ”indre dynamikken” i middelklassens foreldreskap, der vi får innblikk i Odas foreldres kvardag, om kva dei er opptekne av, kva dei prøver å få til, både for barnet og for seg sjølv. Odas familie har benytta seg av ein slags serieomsorgsmodell, eller eit såkalla ”ordnet løp”, som tidlegare forklart. Stefansen har teke i bruk metaforer som reiskap i analysen for å enklare sirkle inn den kulturelle dynamikken. Den eine metaforen er ”blikket”, som handlar om korleis foreldra konstruerar eit bestemt barn med bestemte rettigheter gjennom det dei ser, og ikkje ser. Den andre metaforen er ”kroppslig beredskap”, som handlar om korleis foreldre heile tida er på ”alerten” for å registrere og respondere på dei av barnets initiativ som peiker i riktig retning (Stefansen 2008: 30). Ein får difor eit djupare innblikk i foreldrepars tankar om omsorg og utvikling for barnet, og korleis dei ser seg sjølv som foreldre i tilrettelegginga av dette. Det kjem mellom anna fram at barnehage vart omsorgsløysinga, fordi dei sjølv ikkje hadde så mykje å tilby barnet i laupet av ein heil dag. Samtidig vektlegg dei at barnehagen kan gi variasjon gjennom dagen som dei ikkje kan heime (Stefansen 2008: 32). Foreldrepars viser vidare ein god oversikt over Odas utvikling, og har merksemda konstant retta mot Odas ferdigheiter og kvar Oda er på veg utviklingsmessig. Dei reflekterer både sjølv og med kvarandre om Odas behov for å finne ut korleis dei kan møte desse: ”hvor er hun i sin utvikling, hva trenger hun nå, må vi justere kursen?” (Stefansen 2008: 34). For å sjå dette krev det at foreldra er årvakne, noko som i fylgje Stefansen er ein ibuande kvalitet i foreldras samvær med Oda. Det er dermed ikkje noko dei skruv av og på som det passar dei. Stefansen tolkar det å vere mentalt tilgjengeleg for barnet som kjerna i foreldreskapet, der

dette ikkje er noko foreldre bestem seg for å vere, dei *er* slik, uavbrutt (Stefansen 2008: 44). Det kjem vidare fram at foreldra vert både kroppsleg og mentalt slitne av å heile tida vere innretta mot Odas behov, noko Stefansen bruker for å illustrere samanhengen mellom dei to metaforane i analysen: ”det er et bestemt blikk, koplet med en generell kroppslig beredskap som gjør dette foreldreskapet til et utfordrende prosjekt” (Stefansen 2008: 37).

Forskningen til Stefansen & Farstad (2007, 2008) og Stefansen (2008) viser eit skilje mellom arbeiderklasseforeldre og middelklasseforeldre, der middelklassen oftast vel barnehage for barna sine, og arbeiderklassen vel å vere heime med sine barn. Likevel kan dette variere der ein kan sjå til dr. polit. og forskningsleiar (NOVA) Helene Aarseth si forskning, *Finanskapitalismens kjønnsromantikk: Næringslivselitens kjønnskomplimentære familiestruktur* (2014). Her ligg fokuset på overklasseforeldre og deira familiestruktur, der artikkelen byggjer på narrative djubdeintervju med 20 foreldrepar som bevisst har teke eit val om å vere heime med sine barn. Det er mødrene som er heime, anten fulltids heimearbeidande eller deltidsarbeidande, og har ansvar for og organiserar kvardagen sin omkring barnas og familiens kvardag. Aarseth er mellom anna ute etter å sjå bindeledd mellom romantiseringa av den kvinnelege heimskaparen og finansjobbens utbyttejakt (Aarseth 2014: 203), noko som for meg er mindre interessant. Det som derimot gjer forskninga spennande for mi oppgåve, er innblikket i mødrene tankar om det å vere heime og omsorga dei har for barna. Ein får innblikk i korleis det å få barn har forandra mødrene, der dei tidlegare hadde fokus på næringslivskarrieren, men som viste seg å vere uinteressant når barna kom. Det skjedde noko med dei, der dei beskriv ein ”anna verden, helt vidunderlig, som åpner seg foran dem”, noko ingen av mennene kjente på når dei vart fedre. Mødrene fortel om eit ynskje om å vere heime, der det ville vere heilt utenkjeleg å gå ut i jobb dei fyrste åra av barnets liv. Ei av mødrene fortel at ”systemet og jeg, vi passet ikke sammen”, der ho merka at jobbens krav vart merkjeleg framand, og ein glødande interesse for barna og deira liv heller vaks fram (Aarseth 2014: 208). Aarseth viser at sjølv om mødrene ikkje har tidkrevjande jobber, er det tydeleg korleis dagane deira er prega av arbeidsmessige investeringar, der barna er gravitasjonspunktet. Mødrene er nøye i dagsplanleggjinga, og legg alle ærend dei har til tida barna er på skulen, slik dei resten av dagen er tilgjengelege for barna med lekser, måltid og køyring. Det kjem fram at skrekken for desse mødrene er ”lettvinte, dårlige løsninger”, der barna ikkje har nokon å kome heim til etter skulen og ”setter seg for å se på TV” (Aarseth 2014: 210). Dei framhev betydninga av at barna er i balanse, har ro og får henta seg inn mellom slaga, der mødrene til dømes er opptekne av at barna kjem seg i seng i rimeleg tid,

spis sunt, og skjermast frå forstyrrende element som TV-seriar, sosiale medier og dataspel (Aarseth 2014: 211).

Sosialantropolog og forskar Marie L. Seeberg har gjennom NOVA utarbeida rapporten *Siste skanse. En undersøkelse om 3-5 åringer som ikke går i barnehage* (2010). Ynskje var å få kartlagt årsakar til kvifor nokre familiar ikkje benyttar seg av barnehagetilbodet, foreldres holdningar og syn på barnehagen som omsorgsarena, samt foreldres kunnskap om barnehage. Det vart difor utført ein kvalitativ intervju-undersøking av eit utval på 28 foreldre, der flesteparten var kvinner. Gjennom spørsmål som *korleis* foreldra kom fram til den omsorgsløysinga dei har valt, samt *kvifor* dei valte å gjere det på den måten, kjem ulike tankar og meiningar omkring barnetilsyn og barnets behov fram. Fleire la vekt på at dei som mødre kunne gi ein betre omsorg og tryggleik til sine barn enn andre kunne, og difor valte å vere heime med barna sine (Seeberg 2010: 37). Ut frå Seebergs tolkingar vert omsorgsaspektet sett som det primære når foreldra vel mellom alternativ for barna. Dei legg meir vekt på barns emosjonelle behov framfor sosial og fagleg læring, noko barnehagens styringsdokument ser på som likestilte element (Seeberg 2010: 50). Likevel fortel dei at syskjen, syskjenbarn og besteforeldre spelar viktige roller i barnas liv, der det kjem fram at fleire behov vert dekkja. Mellom anna barnas behov for leik og sosial læring, barnas behov for omsorg og emosjonell støtte, samt foreldras behov for barnetilsyn i trygge rammer (Seeberg 2010: 38). Desse behova vert også dekkja gjennom barneparkar og opne barnehagar, der foreldra vektlegg gleden, fridomen og fleksibiliteten omkring tilbodet, samt dei tilsettes pedagogiske kompetanse (Seeberg 2010: 45-46). Å ha ein fleksibel og fri kvardag er det fleire som verdset, der ei av mødrene ordlegg seg slik: ”en gang i uka gjør vi ingenting”. I dette ligg verdien av ro og fred, fridom frå planlagde gjeremål og disiplin, for å skape ein balanse i det kvardagslege (Seeberg 2010: 49). Vidare meiner fleire at det å vere heime med barna er ein eigenverdi og glede i seg sjølv, der dei fryktar dei hadde angra dersom dei hadde valt å gå ut i jobb igjen. Ei av mødrene seier: ”Jeg har satt henne (barnet) til verden, og da vil jeg gjerne ta ansvaret for henne selv” (Seeberg 2010: 63), der det vidare vert uttrykt at barn og foreldre høyrer naturleg saman (Seeberg 2010: 83). Viktigheiten av å kunne få velje sjølv kva omsorgsløysing familien skal velje, vert tydeleg vektlegg (Seeberg 2010: 86).

2.2 Omsorg

Som tidlegare nemnt er foreldre pålagt eit ansvar om å gi barnet omsorg og omtanke gjennom forsvarleg oppseding og forsørging. Det er vanskeleg å skrive om oppseding utan å dra inn

omgrepet omsorg, på same tid som det er like uunngåeleg å vise omsorg for eit barn utan at samværet mellom barnet og den vaksne har ein oppsedande funksjon. Tone Sævi skriv at pedagogikk handlar om ”umiddelbar væren og handling i det konkrete møtet mellom vaksen og barn, [der] pedagogikk setter spor og etterlater pregning i barnet” (Sævi 2013: 241). Pedagogisk sett utgjer omsorg og oppseding to overlappende aspekt, der pedagogikk handlar om å leggje til rette for eit trygt og godt miljø, der barnet har moglegheit for leik, læring og personleg vekst (Mollenhauer 1996: 22-23; Abrahamsen 1997: 17). Ein kan sjå omsorg frå fleire vitenskapelege vinklar; både pedagogisk, psykologisk, historisk og juridisk. Desse ulike vinklane utfyller kvarandre og kan vere vanskeleg å skilje, men det er den pedagogiske synsvinkelen på omsorg som i denne studien er gjeldande, nemleg relasjonen mellom barn og vaksen, der den vaksne tek utgangspunkt i barnets behov og handlar til det beste for barnet (Diderichsen & Thyssen 1991: 17; van Manen 1993: 29; Sævi 2007: 16).

Omsorg betyr både omhu og omtanke, men også bekymring, og kjem av ordet *sørge* eller *sorg*. Å ha omsorg for nokon handlar om å vokte, passe og pleie den eller dei ein viser omsorg for (De Caprona 2013: 817). Som foreldre og omsorgsutøvar er ein forplikta ovanfor barnet gjennom den avhengnaden og makta som utspelar seg mellom oss som menneske (Diderichsen & Thyssen 1991: 9-10). Knud E. Løgstrup beskriv denne makta som ei fordring der ein ikkje kan møte eit anna menneske utan å halde noko av den andres liv i sine hender. I dette ligg kravet om nestekjærleik, at ein ikkje er i stand til og la vere å handle, nettopp fordi vi som menneske avheng av kvarandre, fordi liva våre er vevd saman (Løgstrup 1999: 148). Dencik m.fl definerar omsorg som ein relasjon mellom menneske, der det eine mennesket rettar si merksemd mot det andre mennesket, slik det tener det andre menneskets velbefinnande. Som foreldre står ein som ansvarleg omsorgsgivar for sine barn, noko som inneber ein viss omtanke og interesse, innfølgingsevne og evne til å vere lydhør for barna ein har ansvar for. Dencik m.fl skriv vidare at omsorg inneheld to dimensjonar; ein merksemds- og ein handlingsdimensjon, der ein i omsorga for barnet, skal kunne ”opleve og være psykologisk indstillet på en bestemt indfølelse måte (...), men man skal også kunne *handle* på særlige måder”, noko som er eit krav for at omsorga skal vere god (Dencik m.fl 2008: 251). I relasjonen mellom mor og barn eller far og barn, er det den vaksne som har ansvaret for at omsorg vert gitt, der barnet ikkje skal sørge for sin eigen omsorg, eller få andre til å sørge for seg. Dette krev ein ”andreorientert” innstilling hos den vaksne, der ein må setje seg sjølv til side til fordel for barnets behov. På same tid handlar omsorg om å kunne tolke, forstå og møte

barnet der det er, noko som er ein nødvendig forutsetning i omsorgsrelasjonen mellom foreldre og barn (Noddings 2003: 30; Meld. St. 25 2006: 39; Dencik m.fl 2008: 252).

Den amerikanske pedagogen Nel Noddings meiner at all oppseding og undervisning må skje innanfor ein omsorgsfull atmosfære, der ho skiljer mellom naturleg og etisk omsorg. I den naturlege omsorga er samspelet mellom den vaksne og barnet eit umiddelbart og likeverdig samspel. Der kjem omsorga naturleg ut frå eit kjenslemessig forhold, som til dømes mellom foreldre og barn. Den etiske omsorga kan fort bli tolka som uekte og kunstig i høve til den naturlege omsorga, som igjen kan gi eit negativt inntrykk av profesjonell omsorg. Dette er ikkje tilfelle, der profesjonell omsorg, som til dømes barnehageomsorg også kan innebere naturleg omsorg, der tilsette kan oppleve å bli svært knytta til barn i barnehagen. Likevel handlar den etiske omsorga om situasjonar der ein viser omsorg for andre utan at ein er knytt saman gjennom kjenslemessige band. Det handlar om å vise omtanke og nestekjærleik for andre menneske, der det etiske fordrar at ein viser omsorg (Strand 1996: Tholin 2001; Tholin 2003: 63-65; Noddings 2003: 79-86). Ein kan her sjå til Emmanuel Levinas' etikk om møtet med *den andre*, der den *andres ansikt* uttrykkjer det Levinas kallar *den etiske forpliktelsen*. Fordi ein ser og blir sett, kan ein ikkje unngå å møte kravet frå den andres ansikt, om å ta ansvar og vise omsorg for den andre (Tholin 2003: 101).

I De Capronas avklaring av omgrepet omsorg, vert *bekymring* nemnt. Å føle bekymring for eit anna menneske uttrykkjer eit kjenslemessig forhold, der ein kanskje fyrst forbind omgrepet med uro og redsel for at noko vondt skal skje den ein er glad i. Men bekymring handlar også om noko trygt og godt, der den som bekymrar seg gjer det av kjærleik til den andre. Samtidig er det godt for den andre å vite at nokon bryr seg og bekymrar seg for ein. Gjennom bekymring kan ein kjenne at ein tilhøyrrer nokon, og er knytt saman gjennom den omsorga bekymring gir. Max van Manen skriv at bekymring er ein viktig ingrediens i foreldres omsorg for sine barn, der han beskriv bekymring som eit spirituelt lim som held foreldra og barnets liv saman (van Manen 2002a: 264). I større eller mindre grad vil foreldre alltid bekymre seg for barnet sitt, der ein kan sjå denne bekymringa som ein kronisk sjukdom som aldri går bort, og som blussar opp eller løyar av alt etter kva situasjonen krev (van Manen 2002a: 265). van Manen kallar dette "care-as-worry", der bekymring er ein essensiell del av det å vise omsorg for andre. Jo meir ein bryr seg om eit menneske, jo meir bekymrar ein seg, og desto sterkare vert trangen igjen til å bry seg. (van Manen 2002a: 270).

2.3 Oppseding

Oppseding er eit vanleg kvardagsord i språket vårt, der kvar og ein av oss har ei eller anna forståing av omgrepet. Oppseding er eit normativt begrep, der ein tek sikte på å skape bestemte haldningar og oppmuntre til bestemte handlingsmønstre. I dag er det fleire som nølar med å bruke uttrykket, og vel heller å bruke andre omgrep om oppgåva. Eit døme er omgrepet sosialisering, som då fortel mindre om den vaksnes rolle og meir om barnets utvikling. Det er det normative ved oppsedinga som gjer det til eit brysomt omgrep, nettopp fordi det ligg ei byrde og ei forplikting i omgrepet som representerar den ”smale veg”, og som kostar. Ein kan finne foreldre som ikkje berre ser omgrepet som brysomt, men som ser sjølve oppsedinga som ei brysom oppgåve, og overlet gjerne oppsedinga til barnehage og skule. På same tid er ikkje alle like begeistra for at desse institusjonane skal ha for mykje innflytelse på barna deira, og meiner barnehage og skule skal halde seg til kunnskap og kompetanse framfor oppseding (Foros & Vetlesen 2012: 153-154).

Ser ein nærare på omgrepet oppseding er omgrepet meir enn eit vanleg kvardagsord, der ein finn det som eit særst viktig fagomgrep innan både pedagogikk og psykologi (Johansen & Sommer 2006: 25). Slår ein opp ordet *oppdra* i den etymologiske ordboka, kan ein lese at oppseding handlar om å oppfostre, undervise, eller å lære opp nokon til å bli eit sosialt vesen. Det kjem av det latinske ordet *educare*, som igjen byggjer på ordet *ducere* som tyder *å føre* (De Caprona 2013: 973). Oppseding handlar om vidareføring fra ein generasjon til neste, hovudsakeleg gjennom formidling fra vaksne til barn og unge. I fylgje Reidar Myhre vert barn og unge påverka og oppseda på to måtar, der ein kan sjå oppseding både som eit trongt og vidt omgrep. Den eine måten er intensjonal, der ein bevisst og målretta legg føringar for kva barnets oppseding skal innehalde, og den andre er funksjonal og heilhetleg, der barnet vert påverka gjennom det daglege samlivet og miljøet det veks opp i (Myhre 1994: 48). Ein kan difor seie at oppseding har fleire ansikt. Eit privat ansikt som er foreldra, eit offentleg som er barnehage/skule, og eit tredje ansikt som omhandlar det sivile samfunnet ein er ein del av, der ein heilt utan rekkjevidde av foreldre og barnehage/skule, samlar ein i leik og alvor, arbeid og fritid (Foros & Vetlesen 2012: 154).

Erling L. Dale forklarar den intensjonale måten å oppsede på gjennom tre typar handlingar; 1) å rettleie, 2) å vurdere og 3) å sanksjonere. Desse tre typane går som oftast i kvarandre, men kan forklarast kvar for seg. Når vaksne formidlar bestemte normer og verdiar til barn, rettleiar dei barna inn på bestemte spor. Dei har altså ein intensjon med det dei formidlar. Barnet

tileignar seg kunnskap, ferdigheiter og evner gjennom erfaringar gjort saman med den vaksne, som har som mål å gi ynskja handlingar vidare i barnets sosiale liv. Den vaksne vurderar så barnet utifrå dei normene som er gjeldande i samfunnet, og sanksjonerar deretter barnets handlingar gjennom oppmuntring og ros, eller irettesetting og grensesetting. På den måten vert barnet bevisst dei handlingane som er akseptable og ikkje (Dale 1980: 79). Men som nemnt skjer ikkje oppseding berre gjennom ein målretta og intensjonal påverknad. Oppseding er også funksjonal og heilhetleg, der oppsedinga skjer i kvardagslivet, der vaksne preger barnet gjennom sine handlingar og holdningar. Den funksjonale oppsedinga handlar difor om det personale forholdet mellom barn og oppsedar, samt påverknaden av samfunnet omkring. Det handlar om samværet barnet og oppsedar har, der oppsedar ikkje nødvendigvis opptrer med aktive og målretta handlingar til ein kvar tid. Barnet vert likevel prega av samværet, fordi det oppsedaren gjer eller seier får innverknad på barnet, bevisst eller ubevisst hos oppsedar (Myhre 1994: 56; Mollenhauer 1996: 22; Thoresen 2013: 167).

Grad av målretta og bevisst påverknad vil vareiere utifrå korleis ein som vaksen ser på barnet som person og menneske, samt kva kultur ein lev i, og kva verdiar ein ynskjer å føre vidare og ikkje. Barnets temperament er også ein faktor, der ein kan sjå sysken bli rettleia av foreldre på ulike måtar, nettopp på grunn av barnas ulike personlegdom og veremåte. Målet med oppsedinga er likevel lik; ein ynskjer at barna skal utvikle seg til å bli sjølvstendige og myndige menneske, noko som berre skjer gjennom andres innflytelse. Myhre skriv at paradokset i oppsedinga ligg nettopp i dette (Myhre 1994: 56), og Ingeborg Thoresen stiller difor spørsmålet; ”Hvordan kan barnet bli selvstending når det er avhengig?”. Ho skriv vidare at sjølv om barnet er avhenigig av andres innflytelse for å utvikle seg, betyr ikkje dette at ”barnet er en passiv mottakar. Barnet er aktivt og meningssøkende fra fødselen av i sitt samspill med omgivelsene”, noko som vil ha eigen betydning for barnets oppseding (Thoresen 2013: 162-163).

Som vaksen må ein vere bevisst den innflytelsen ein har, og korleis ein vel å gå fram i oppsedinga av barnet. Grenser og grensesetting er ein del av å oppsede, der fleire oppfattar det å setje grenser som påbod eller forbod for barnet. Ein kan sjå grensesetting som ei handling som er med på å sosialisere eit barn i ein kulturs moralske kodeks, der grenser framstår som normer for korleis eit liv skal levast. Grensesetting inngår difor i foreldres autoritetspraksis, der den pedagogiske relasjonen er grunnleggjande asymmetrisk (Hennum 2005: 196; Sævi 2007: 123). Autoritetsforholdet eller asymmetrien mellom barn og vaksen vil alltid vere tilstades, der den vaksne gjennom sin atferd og haldning representerar for barnet eit utsnitt og

ei tolkning av den kulturen dei lev i (Myhre 1981: 7; Mollenhauer 1996; Sævi 2007: 123). Autoritet vil den vaksne naturleg ha, sidan barnet kjem til verda utan å tenkje over eller ta stilling til dei forholda det lev under, og den vaksne må difor hjelpe og rettleie barnet (Myhre 1981: 8). Men korleis den vaksne vel å vise autoritet er vesenteleg for oppsedinga, der ein bør ta avstand frå ein autoritær, eller i fylgje Hans Skjervheim, ein *prinsipiell, metodisk asymmetri*. Dette er ein fastlåst autoritet basert på makt som ”gir eit prinsipielt overtak” i høve til barnet (Skjervheim 1992: 29). På same tid bør ein ta avstand frå ein autoritets-nihilistisk haldning til barnet som er basert på fullstendig fridom. Begge desse fell på utsida av det ein forstår med oppseding (Myhre 1981: 55-56). Ein motsetning til desse er ei haldning basert på ein fridomsorientert autoritet, som ein også kan sjå som ein *faktisk autoritet*, der ein held fast på autoritetens nødvendighet, men meir som ein positiv faktor i oppsedinga (Myhre 1981: 55-56; Skjervheim 1992: 28-29). Ruth Ingrid Skoglund viser til Skjervheim når ho skriv at ein faktisk autoritet kan sjåast i kraft av den vaksnes rolle og ansvar for barnet, der den er basert på ein frivillig tillit og anerkjenning frå barnets side. Tilliten og anerkjenninga vert skapt ut frå barnets interesse for den vaksens erfaring og kunnskap, som barnet sjølv ikkje har. Men også gjennom sitt ”blotte nærvær og engasjement” fargesetter” vedkommende det felles tredje”, noko Mollenhauer også er oppteken av, og som ansvarleggjer den vaksne i den pedagogiske relasjonen (Skoglund 2014: 44; Mollenhauer 1996). Myhre skriv at dersom ein ser autoritet i høve til fridom ”blir det vanskelig å oppfatte autoritet som makt og tvang; og hvis vi betrakter frihet i høve til autoritet, vil frihet vanskelig kunne oppfattes som tøylesløshet” (Myhre 1981: 56).

Klaus Mollenhauer skriv at ein må stole på at barn vil lære, der ein som vaksen trer inn som støtte for barnet, framfor å sjå barnet som eit materiale som må bearbeidast, formast og forandrast. Ved å innta ei haldning basert på ein fridomsorientert autoritet i oppsedinga, tek ein hensyn til barnets dannelsesberedskap, som handlar om å stole på barnets eigen beredskap til å ville lære (Mollenhauer 1996: 23; Wivestad 1999). Ein må skape rom for eit samspel mellom det ”usigbare og det sigbare”, slik at barnet får moglegheit til å vere ansvarleg og delaktig i sin eigen oppseding. På den måten kan ein sjå oppseding som noko meir enn berre ytre påverknad, når barnet har fridom og moglegheit til å gi seg sjølv oppgåver, samt løysa dei på eiga hand. Det usigbare og ubevisste vert barnets moglegheit for oppseding og dannelsesberedskap, der realiseringa av desse moglegheitene utviklar det Mollenhauer kallar ”selvvirksomhet” hos barnet. Dette handlar om at barnet er med og dannar seg sjølv i oppsedinga (Mollenhauer 1996: 82, 1996: 125; Wivestad 1999). Men barnets oppseding og

danning avheng ikkje berre av barnets eigen sjølvverksemd og vilje til sjølvanning, der denne prosessen samtidig avheng av at den vaksne både presenterar og representerar verda for barnet (Skoglund 2014: 44; Mollenhauer 1996).

Otto Friedrich Bollnow skriv at oppseding er eit ”vågestykke” som inneber ein risiko for å mislukkast, fordi oppseding nettopp handlar om å gi barn moglegheit til fridom og moralsk ansvar. Dersom ein opptrer overbeskyttande og er overdreven forsiktig ovanfor barnet, vil ein vere til ”hinder for at et ungt menneske kan bli et selvstendig og myndig menneske” (Bollnow 1969: 154). Wivestad viser til Bollnow når han skriv at ein bør vere klar over at oppseding og undervisning ikkje er ein produksjonsprosess ein kan beherske, men at ein må våge risikoen for å mislukkast dersom ein ynskjer å opne opp for barnets sjølvverksemd i oppsedinga (Wivestad 1999). Barnet er i stand til å forme sitt liv, men det krev at den vaksne veit sin plass i oppsedinga, og held seg tilbake når det er rom for det, samt er tilstades for barnet dersom det trengs. Det handlar om å leie barnet gjennom påverknad når det viser seg å vere naudsynt (Thoresen 2013: 166).

2.4 Gode nok foreldre

Omsorg og pleie for barn er ein umiddelbar veremåte og handling hos vaksne, der omsorg skapar relasjon mellom barnet og oppsedar som dannar grunnlag for oppseding. Myhre viser til den sveitiske pedagogen Johann H. Pestalozzi når han skriv at omsorg har ei sentral rolle i all oppseding, der betydninga av nær kontakt mellom barn og oppsedar er svært stor.

Pestalozzi erfarte sjølv korleis ”pleie og omsorg omskapte mistroiske, harde og trassige barn til tillitsfulle og hengivne elever” (Myhre 1996: 169). I all utvikling og læring ligg behovet for omtanke og godleik, der ein kan sjå store skilnadar hos barn som har opplevd god omsorg og dei som har opplevd sviktande omsorg i oppveksten (NOU 2012a: 19). Å få dekkja behov som nærleik og tryggleik, mat og drikke, samt behovet for anerkjenning og respekt, er heilt grunnleggjande for å kunne oppnå vidareføring og overlevering av kunnskap til eit barn. Eit opprinneleg og enkelt utgangspunkt for oppsedig er difor tilfredsstilling av behov gjennom sosiale prosessar, der oppsedinga er forankra i gode opplevingar mellom barnet og den vaksne (Dale 1980: 81-82).

Mollenhauer skriv at ein alltid kan streve etter å gjere oppsedinga betre, men stiller deretter oppfylgings spørsmålet om kva ”betre” vil seie? Vidare skriv han at ”man må godta at problemet er uunngåelig”, der ein som vaksen ikkje er i stand til å vidareføre til barn alt det livet eller ”stoffet” omfangar (Mollenhauer 1996: 14). I defineringa av god omsorg og god

oppseding, får ein store vanskar sidan vi alle er ulike, har ulike behov og ulike verdiar. Det som kan opplevast å vere godt for nokon treng ikkje nødvendigvis vere godt for andre, men det betyr ikkje at det ein sjølv tenkjer, føler og trur ikkje er riktig – eller viktig i relasjonen med barnet. Foreldres forståing for og vilje til å forstå barnet og barnets behov, er vesentleg i den pedagogiske relasjonen. Fagbøker og råd fra andre om barnets utvikling kan vere til god hjelp for mange, men det må ikkje gå på bekostning av eigen sunn fornuft, intuisjon og overbevisning. Denne kunnskapen er vel så viktig som fagkunnskapen, der bøker, ekspertråd og rettleiing kan gi motsatt effekt og skape uvisse og overdreven oppfylgning av barnet (Holthe 1996: 36). Foreldreoppgåva kan for mange kjennes overveldande og utfordrande, der kvar einskild forelder kan ha behov for støtte. Denne støtta kallar Vibeke G. Holthe *foreldrestøtte*, noko ho meiner er eit betre og meir dekkande omgrep enn til dømes rettleiing, fordi foreldrestøtte skapar eit likeverdig og gjensidig forhold mellom foreldre og fagpersonar. Det handlar om å hjelpe foreldre til å bli meir bevisst sin eigen oppsodingspraksis, der foreldre kan gjenvinne trua på seg sjølv og egne evner gjennom fagpersonars anerkjening og støtte (Holthe 2003: 39-40).

I artikkelen *Et uendelig ansvar* av Kari Stefansen kan ein få inntrykk av at foreldre ikkje føler dei har nok å tilby barna sine, og difor føretrekk barnehage for barna framfor sjølv å vere heime (Stefansen 2008: 32). Sjølv om det nok er fleire faktorar bak foreldres val om barnehagestart, har eg i kontakt med ulike foreldre fått eit tilsvarande inntrykk: at fleire meiner dei ikkje er nok ”pedagogisk anlagt” i møte med eige barn, og difor vel barnehage framfor å vere heime. Dette fordi dei ikkje har noko utdanning innanfor det pedagogiske feltet. Ein kan undre seg over om fleire har mista trua på seg sjølv som ”gode nok” bidragsytarar for barns omsorg, utvikling og læring, då barneomsorga vart profesjonalisert og skillet mellom fagkunnskap og kvardagsskunnskap auka (Holthe 2003: 14).

Den engelske psykoanalytikaren Donald Winnicott (1896-1971) var svært oppteken av mor-barn-relasjonen, og den betydninga ei ”god nok” mor hadde for barnet sitt. ”God nok”-funksjonen fortel noko om det relative og ubestemte i omsorga, som nettopp kan vere til støtte for foreldre i dag, samt vere med å senke krava dei kan ha til seg sjølv i relasjonen til sine barn. Ein treng ikkje vere perfekt på alle område, så lenge ein er i stand til å føle barnets behov, er innlevande, kjærleg og stabil i omsorga. Da er ein god nok, i fylgje Winnicott (Abrahamsen 1997: 17; Hart & Schwartz 2009: 21).

2.5 Fundamentale kvalitetar mellom foreldre og barn

Ein har kanskje høyrte erfarne foreldre betrygge vordande foreldre; ”Du veit kva du skal gjere når du får barnet i armane. Det kjem naturleg”. Det ligg mykje kunnskap bak ei slik forsikring. For det fyrste ligg det noko instinktivt hos oss menneske, ein naturleg omsorg ein har for kvarandre, og spesielt for dei barna ein sjølv er opphavet til (Noddings 2003: 79). For det andre har vi alle vore barn ein gong, og lev difor med ein pedagogisk erfaring gjennom den omsorga og bekymringa vi sjølv opplevde frå våre foreldre. Utan denne pedagogiske støtta hadde vi som barn ikkje overlevd, og som vaksne ikkje visst korleis vi igjen skulle ta vare på våre eigne barn (van Manen 2012: 2). Barndommen har stor tyngde og set merke i eins liv, der ein lærer av den oppsedinga ein sjølv har fått. Likevel er ikkje denne erfaringa tilstrekkeleg for den omsorga ein sjølv skal utøve. van Manen skriv at det er fyrst når ein har fått eigne barn, og lev saman med barnet ein er ansvarleg for, at ein forstår ansvaret og innhaldet i omsorga fullt ut (van Manen 2012: 4).

2.5.1 Det urokkelege kallet – Høyrer du det eg høyrer?

van Manen skriv at det å vere foreldre betyr at ein har fått ei livsoppgåve – eit pedagogisk kall, som fyrst og fremst inneber å gje barnet omsorg og beskytting (van Manen 1993: 24). Som menneske er kvar og ein av oss i stand til å ta vare på menneske omkring seg, der ein kan sjå sterke band knytte seg mellom sysken, vener, kjærastar og slektningar. Likevel kan ikkje desse banda samanliknast med det bandet som oppstår mellom foreldre og barn, der det kan oppstå ein kjærleik som vert vanskeleg å beskrive. Mange av oss har lest barneboka *Gjett hvor glad jeg er i deg* av Sam McBratney (1995), der vesle Hare Hasselbrun og store Hare Hasselbrun måler kjærleiken dei har til kvarandre. ”Sååå glad er eg i deg”, seier vesle Hare Hasselbrun og strekkjer ut armane. Store Hare Hasselbrun strekkjer ut sine lange armar og seier det same, og vesle Hare ser då at store Hare er meir glad i han, men prøver likevel å overgå store Hares kjærleik ved å bruke heile kroppen i forsøket. Men store Hare Hasselbrun viser seg å ha ein større kjærleik til vesle Hare Hasselbrun uansett kva. Denne boka kan vere eit bilete på det bandet som kan oppstå mellom foreldre og barn, der ein mors og fars kjærleik til barnet sitt strekkjer seg lengre enn nokon annans kjærleik. Sigrunn Tangeland viser til Gabriel Marcel når ho skriv at kjærleik opnar opp for den andres væren, og ”idet jeg elsker, blir jeg selv forandret. Jeg åpenbares for meg selv” (Tangeland 1991: 200). Den kjærleiken, bekymringa og det kallet foreldre kjenner på i forhold til eigne barn, kan berre kjennes og forstås av foreldre (van Manen 1993: 62). Ein kan sjå kjærleiken til barnet som eit ynskje om forandring hos seg sjølv og livet ein lev, fordi ein har eit ynskje om det beste for barnet.

Skoglund viser til Tangelands tolkning av Marcel når ho skriv at å elske eit barn handlar om å møte barnet med openheit og forventning, samt håp og tolmod for barnets eigen sjølvverksemd i oppsedinga. Det handlar vidare om å setje av tid og rom for nærleik og samvær, med ein openheit for barnets perspektiv og verklegdom. Kjærleiken til barnet kan sjåast som ein ”dyp respekt og anerkjennelse av barnets unikhet og egen iboende skaperkraft”, der ein let barnet utvikle seg i eige tempo og livsrytme (Skoglund 2014: 41). Ein kan difor sjå kjærleiken opne opp for barnets væren i verda.

Barnet kallar på foreldra i det det kjem til verda, der ein kan sei at det har ei makt over foreldra sine som ingen andre har. Det er underleg korleis foreldre kan høyre barnet sitt gråte, tolke denne gråten, forstå og handle, før andre har registrert at barnet har gitt lyd frå seg. For foreldra ligg det meir bak gråten enn det andre oppfattar, noko som for barnet betyr at det er hos nokon som verkeleg høyrer (van Manen 1993: 24). Det er derimot ikkje sagt at foreldre ikkje kan kjenne seg slitne og motlause i møte med barnet, der både sinne, irritasjon og utolmod kan oppstå. Men der andre enklare kan unngå å handle fordi det heller freistar å mette eigne behov, er det vanskelegare for foreldre å gjere det same, nettopp på grunn av den makta som ligg i kjærleiken til barnet (van Manen 2002a: 269). Det er måten foreldre lyttar på som gjer at dei fylgjer kallet, ”som forener barnet og foreldrene og gjør dem til en enhet” (van Manen 1993: 24). Foreldres kjærleik er ikkje eit pedagogisk resultat i omsorga, ”men tvertimot en av pedagogikkens betingelser” (van Manen 1993: 62), der ein kan sjå pedagogiske kvalitetar som tillit, omtensksomheit og respekt kome til syne gjennom kjærleiken den vaksne har til barnet (Sævi 2013: 242).

2.5.2 “Beeing a child-watcher” – Å sjå og anerkjenne barnet

Korleis vaksne ser på barn kjem an på kven ein er og kva rolle ein har (van Manen 2002b: 23). Dei fleste foreldre ser på sitt barn med unike auge, nettopp fordi dei har eit forhold til barnet som andre ikkje har. Det ligg meir bak det å *bli sett* i høve til det å bli lagt merke til eller registrert. Å bli sett handlar om å bli godteken og elska for den ein er, der ein opplev å bli teken i vare som eit unikt, eksisterande og lærande vesen. Eit barn må få erfare å bli sett med auge som går djupare og lengre enn augene til ein tilfeldig forbi passerande. Som foreldre må ein vere ein ”child-watcher” med eit pedagogisk, heilhetleg blikk, der ein har fokus på barnets behov, samt vokter barnets totale utvikling (van Manen 2002b: 26-31). I dette ligg også barnets eigen subjektivering, som handlar om at barnet må få erfare seg sjølv som autonom og uavhengig i både tenking og handling, slik at barnet ikkje vert eit ”eksemplar i en

mere overgribende orden”. Som forelder må ein gi barnet rom til å ta egne beslutningar og vurdere komplekse situasjonar, der ein velutvikla dømekraft er naudsynt som sjølvstendig og uavhengig menneske (Biesta 2011b: 32). Men for å kunne ta beslutningar, samt setje grenser for seg sjølv og andre, må barnet fyrst ha opplevd å bli satt grenser for gjennom tydelege begrunningar.

Dersom ein ikkje set grenser for barna sine, sviktar ein noko av det viktigaste ein kan vere for barnet sitt, nemleg å vere førebilete med kunnskap frå eit levd liv som barnet ikkje har (Foros & Vetlesen 2012: 166). Å setje grenser for eit barn er naudsynt, og kan innebære to ting; å stoppe barnet når det går for langt, eller å forhindre at dette skjer gjennom å klargjere rammer og reglar på førehand. Gjennom denne type struktur, der barnet kjenner kvardagen som oversikteleg og forutsigbar, lærer barnet kva krav og fridom som er gjeldande i ulike situasjonar. På same tid kjenner dei konsekvensane av å bryte grensene som er satt, og kan då kjenne seg trygg og bruke kreftene på andre ting enn frustrasjon og utagering. Usikre eller slitne foreldre som ikkje har overskot til å setje grenser eller leve opp til dei grensene dei har satt, kan oppleve ein ond sirkel og ende opp med å bli enda meir slitne. Foros & Vetlesen skriv vidare at barn må få oppleve ein balanse mellom fridom og grenser, der barnet har moglegheiter innanfor visse rammer (Foros & Vetlesen 2012: 190-191).

Fra barnets fyrste levedag krev barnet respons fra foreldra i einkvar situasjon. Sett at den vaksne vel å fylgje barnets krav eller oversjå det, vil det uansett vere ein respons om korleis den vaksne er orientert til barnet, samt i stand til å leve opp til ansvaret det har for barnet. Som foreldre og omsorgsansvarleg er det umogleg å ikkje respondere, der ei mogleg unngåing er ein respons i seg sjølv (van Manen 1993: 15). Respondering handlar om å kommunisere og oppfatte budskap som blir gitt. I kontakt med barn vil respondering som blikk, ord, handlingar og rørsler ha betydning for korleis barnet kjenner seg teken i vare. Det handlar om å bekrefte barns innspel gjennom erkjenning og anerkjenning, der ein tek barns kjensler på alvor (Tholin 2013: 103-104). Alisa L. Carse skriv at det handlar om å ”be able to ”hear” others in their own terms”, der ho vektlegg uttrykket ”attune” som ein viktig faktor. ”Attune” betyr å tilpasse eller inntone seg den andres situasjon, ved å sjå og høyre den andre for å få innsikt og dermed respondere på ein oppfyllande måte (Carse 1996: 100). Den vaksnes inntoning til barnet kan vere avgjerande for kjensla av omsorg og interaksjonen som oppstår mellom barnet og den vaksne.

I responsen fra foreldra ligg grunnlaget for barnets oppleving av anerkjenning. Å motta anerkjenning betyr å føle seg sett og godkjent, der den ein er og det ein gjer vert bekrefta som verdifullt. Anerkjenning er også tett knytt saman med barnets utvikling av sjølvkjensle og personleg identitet. van Manen skriv at “self-identity is the realization of the tension between the being of self and the becoming of self, between who we are and who and what we might become”. Foreldres positive respons og anerkjenning hever barnets meistringfølelse og sjølvbilete, samtidig som det utvikler relasjonen dei i mellom (van Manen 2002b: 38). Ein intensjon om å anerkjenne barnet kan vere tilstades i den vaksnes handling, men barnet som mottakar kan ha ei anna oppleving av denne handlinga. Dette fordrar at den vaksne som omsorgsutøvar er reflektert over eigen omsorgspraksis, som gjer den vaksne i stand til å vurdere kva som er til det beste for barnet i gitte situasjonar.

2.5.3 Takt i kontakten

Det er få som kjenner eit barn like godt som det foreldra gjer, der dei tilbring mesteparten av tida saman dei fyrste åra. Sjansen for at kontakten kan utvikle seg godt mellom foreldra og barnet er difor tydeleg stor. Kontakt mellom menneske oppstår når den eine berører eller vert berørt av noko som har betydning for den andre. Kontakten ein har til personar som betyr mykje for ein, får konsekvensar for korleis ein ser på seg sjølv, og er difor ei svært meningsfull handling. Det er sjeldan andre som står høgare i små barns auge enn foreldra. Relasjonen dei i mellom er difor av stor betydning, sidan barn lærer seg sjølv å kjenne, samt får kjennskap til andre og samfunnet omkring, gjennom dette forholdet (van Manen 2012: 18). Eit barn bør oppleve ein relasjon og ei atmosfære prega av kjærleik, tillit og respekt, slik at barnet kjenner og veit at det er elska og at nokon bekymrar seg for det. Barnet kan då føle ro med ein vissheit om at det er verdifullt og unikt for andre omkring (van Manen 2012: 25). Ansvarleg for ein slik kontakt ligg hos den vaksne, som må ha ein pedagogisk innstilling som er orientert mot barnets personlege utvikling. Det betyr at ein må vere i stand til ”å se barnets nåværende situasjon og erfaringer og verdsette dem for det det innebærer” (van Manen 1993: 70). I rolla som foreldre vil ein møte mange ulike situasjonar og utfordringar, der ein ikkje har tid til å stoppe opp, vurdere og tenkje ut moglege løysingar før ein handlar. Ein må handle der og då, og sidan barn lærer av alt ein gjer, bør ein handtere situasjonane på ein taktfull måte.

Ein skapar kontakt gjennom omtenkksomheit og takt. Takt handlar om å ”lese den andres indre liv”, gjennom evna til å tolke den andres tankar, oppfatningar, kjensler og ynskjer (van Manen 1993: 14; van Manen 2012: 24). Taktfulle foreldre kan ut i frå indirekte signal som gester,

haldningar, ansiktsuttrykk og kroppsspråk, forstå kva motiv eller årsakar som ligg bak bestemte trekk i bestemte situasjonar. Når barnet til dømes viser trekk som sorg, sjenanse, frustrasjon, glede eller sinne, veit taktfulle foreldre kva situasjonen krev, om kor mykje dei skal involvere seg, eller om det er betre å halde seg tilbake. van Manen skriv at denne evna handlar om ein sterk ”fornemmelse for normer, grenser og balanser”, der ”den taktfulle synes å fange intuitivt opp hva som er det riktige å gjøre” (van Manen 1993: 114).

van Manen skriv at når foreldre er borte frå barnet sitt mange timar om dagen, kan dei rasjonalisere med at ”hvis samværet med barnet er godt, men kortvarig, er det bedre enn bare å være i nærheten av barnet hele dagen” (van Manen 1993: 52). Men for eit barn er avstandsforhold lite tilfredsstillande, sidan barn er konkrete i måten å tenkje på; er mor og far der, så er mor og far der. Er ikkje mor og far der, så er dei vekke. Å vere tilstades og tilgjengeleg *for* barnet er like viktig som å gi barnet merksemd, fordi tilgjengelegheit gjev barnet ei kjensle av tryggleik. ”The big things are always in the small ones” skriv van Manen, og understrek at som vaksen må ein vere bevisst den betydninga kvardagslege og små augeblikk kan ha, både for styrking av relasjonen og for barnets framtidige goder (van Manen 1993: 69; van Manen 2002b: 46).

2.5.4 Samkjensle – Tryggleik og tillit, sikkerheit og ansvar

Vi bur i ei verd og i eit miljø som stadig vert meir komplekst og risikofylt. Barns opplevingar av risiko og sikkerheit, samt behovet dei har for pålitelegheit og kontinuitet er difor av stor betydning for barns oppvekst (van Manen 2012: 5). van Manen påpeiker at ved å setje barn til verda må ein ”sørge for at det fins en plass for dem, der de kan være og leve” (van Manen 1993: 53). Det er naudsynt for eit barn å få leve i omgivnadar prega av ein kjærleg tryggleik og sikkerheit, gjennom eit tett og beskyttande nærvær fra vaksne omkring seg. Men dette krev at ein som mor eller far har ein grunnleggjande, pedagogisk forståing omkring barnets oppleving av tryggleik, slik at ein handlar ansvarleg i dei kvardagslege relasjonane og situasjonane som oppstår. Eit barn treng å oppleve verda som sikker, noko som avhenger at dei vaksne omkring barnet er pålitelege og at det er ein viss kontinuitet i relasjonane mellom barnet og dei som bryr seg om det. På den måten kan barn få oppleve at verda er deira heim, samt ein god stad å vere (van Manen 1993: 52-53; van Manen 2012: 5).

Evna til tillitsfull samkjensle er ein av dei viktigaste eigenskapane innan pedagogisk forståing. Samkjensle går djupare enn å umiddelbart sanse det som skjer med barnet, det handlar om evna til å fange opp dei signala barnet uttrykker. Har ein samkjensle har ein evna til å setje

seg inn i barnets opplevingar, med dei same kjenslene som barnet kjenner. Tholin skriv at barn treng å føle inntrykksømheit, som nettopp handlar om å rette merksemda mot barnet, og bli berørt av dei signala barnet gir. Som vaksen må ein vere open og tiggjengeleg, samt tilstades og empatisk i møte med barnet, der ein må kunne setje seg inn i barnets liv, gjennom ein forståande og sensitiv veremåte (Tholin 2013: 98-103). Nel Noddings viser til uttrykket ”feeling with”, når ho forklarar sensitivitet og empati; ”I recieve the other into myself, and I see and feel with the other. I become a duality” (Noddings 2003: 30). Som foreldre og omsorgsgivar befinn ein seg i ein forpliktelse mellom seg sjølv og barnet, ein todelt posisjon der ein må stige ut av si eiga verd og inn i den andres.

Å kjenne på samkjensle handlar om at ein ikkje berre kan leve seg inn i den andres situasjon, men ”at den andre allerede lever i oss, at vi erkjenner den andres opplevelse som en potensiell menneskelig opplevelse – og dermed som en potensiell opplevelse for vårt eget vedkommende” (van Manen 1993: 90). Er barnet til dømes trist og lei seg, vert ein smitta av den same sinnstemninga. Foreldre kan difor kjenne både i kropp og sjel den smerta barnet ber på, og kan gråte saman med barnet utan å kjenne smerta direkte, men likevel kjenne den utifrå ein samfølande innstilling. Det vert sagt at kjærleik gjer blind, men kjærleiken mellom foreldre og barn gjer det motsette – den opnar augene slik at ein ser den andre som den andre. Denne samkjensla og forståinga gjer at forholdet mellom barnet og foreldra styrkes, og eit enda tettare og nærare forhold vert skapt (van Manen 1993: 89-90).

Som foreldre kjenner ein ansvar for barnet og barnets oppseding. Dei fleste foreldre har ei viss formeining om kva moralske verdiar og grenser barnets oppseding bør innehalde, og prøver å handle ansvarleg og forsvarleg ut fra dette. Moral omhandlar sider som engasjerar oss og som fortel noko vesentleg om kven vi er og korleis vi ynskjer å framstå. Ved å velje den eine eller den andre beslutninga framfor alle alternativ ein har, fortel ein verda omkring seg kva ein anser som viktig og tilsvarande kva ein legg mindre vekt på (Foros & Vetlesen 2012: 98). Det ligg mykje i foreldres ansvar, som nettopp handlar om å trygge, sikre, og forstå barnets livsverden, men også gjennom den innflytelsen dei har ovanfor barnet i form av den autoriteten dei har. Men den vaksne kan berre ha innflytelse ovanfor barnet ”dersom autoriteten ikke er basert på makt, men på kjærlighet, hengivenhet og barnets egen internaliserte sanksjon” (van Manen 1993: 65). van Manen skriv vidare at som vaksen kan ein oppleve at den verkelege autoriteteten ligg hos barnet, der barnet autoriserar den vaksne til å vere ansvarleg for dei verdiane som sikrar barnets velferd og vekst. I barnets sårbarheit klarar ikkje den vaksne å unngå og handle. Ein kan sei at barnets nærvær konfronterar den vaksne

med eit krav om pedagogisk ansvarsbevisstheit, der svakheiten hos barnet vert omgjort til ein styrke barnet har over den vaksne (van Manen 1993: 65-66). Når barnet opplev ein grunnleggjande tryggleik og tillit, samt ein kjenslemessig intimitet innad i familien, er dette med på å utvikle barnets nysgjerrigheit, risikovilje og uavhengnad utad. I eit klima av nærleik og omsorg får barnet moglegheit til å lyfte sitt eige sjølvbilete, samt sin eigen identitet (van Manen 1993: 32).

2.5.5 Autentisk ”body-work” – Sjøvlære og sjølvrefleksjon

Foreldre er i kontinuerlig samhandling med barnet sitt kvar dag, der det krev både respons og handling. I ulike situasjonar må ein handle utan å kunne stoppe opp å tenkje gjennom alternative løysingar. Ein handlar der og då, ut i frå kva ein trur er til det beste i den aktuelle situasjonen. Likevel kan ein i ettertid sjå at det er reint uunngåeleg å ikkje trakke feil, der ein til tider trudde ein handla til barnets beste. (van Manen 2012: 8). Sævi skriv at ”pedagogisk utilstrekkelige handlinger er antakelig oftere et uttrykk for mangel på innlevelse og refleksjon, enn de er uttrykk for likegyldighet eller ond vilje” (Sævi 2013: 238). Det kan då vere naudsynt å stoppe opp og tenkje over korleis ein handla. Gjekk ein fram på riktig måte? Korleis kjentes det for barnet når ein handla slik? Burde ein har gjort og sagt noko annleis? Når ein beskriv, analyserar og reflekterar over ein vanskeleg, pedagogisk situasjon, kan ein sjå situasjonen frå ulike vinklar og dermed endre måten ein tenkjer og handlar. Sævi skriv vidare at gjennom å setje ord på slike situasjonar ”bringer en det som før var oversett fra bakgrunn til forgrunn, og gjør det tilgjengelig for kritisk refleksjon, som igjen kan føre til ny innsikt og forandring” (Sævi 2013: 238).

Det å bli foreldre forandrar livet eins på fleire område. Eit av dei er måten ein ser på seg sjølv og livet sitt før ein fikk barn, og etter ein fikk barnet. Sidan ein no er ansvarleg for eit anna liv, vert resultatet at mange foreldre forandrar måten dei lev på. Før barnet kom hadde ein berre seg sjølv å ta vare på, der eventuelle dårlege vanar ikkje gjekk utover nokon anna enn ein sjølv. Men fordi barnet kom inn i livet eins og ein uforklarleg kjærleik til barnet oppstod, kan ein ikkje lenger leve komfortabelt med sitt gamle sjølv. Ein autentisk ”body-work” vert naudsynt, der ein må setje spørsmålsteikn ved alt ein gjer, rive ned gamle vaner og byggje opp nye og betre. Barnets behov for samhandling og læring, skapar eit behov for refleksjon og sjølv-lære hos foreldre (van Manen 2002b: 14; 49).

Måten ein ser og forstår eit barn, er ein god indikasjon på korleis ein forstår seg sjølv. Har ein sjølv eit opent sinn, klarar ein betre å vere open for barnets veremåte. Livet ein lev som

vaksen vert eit eksempel for barnet, der den vaksne bør vere open om korleis ein lev livet sitt, og om ein lev livet på best mogleg måte. Barn må få lære av modne og ansvarlige vaksne, som til stadigheit granskar seg sjølv og reflekterer over handlingane dei gjer. Som vaksen må ein vere betre enn barnet på å ta til seg læredom, nettopp fordi barnet igjen skal lære fra den vaksne (van Manen 2002b: 85-86).

2.5.6 Håpets makt – Eg gir deg aldri opp

Når ein høyrer om alt det vonde som foregår både i inn- og utland, kan ein oppleve det som håpløst å setje barn til verda. Vil ein klare å beskytte barnet fra vonde opplevingar? Korleis vil framtida til barnet sjå ut? Får det eit godt liv i denne verda? Sjølv om slike tankar kan dukke opp, vel dei fleste å få barn likevel, nettopp på grunn av ein uforklarleg lengsel etter det ufødde barnet. Fra fyrste stund i lag med barnet sitt, merker ein eit liv av håp. Eit håp om at verda er nødd til å fortsette, fordi det nyfødde barnet fortener det. Som foreldre kan ein ikkje lenger snu seg vekk fra galskapen i samfunnet, men vere med å påverke til det betre for barnets framtid (van Manen 2002b: 79-80; Foros & Vetlesen 2012: 24).

Å håpe er meir enn å tru at noko positivt og godt er i vente, sjølv om situasjonen kan verke negativ og vanskeleg. Verkelege foreldre er dei foreldra som lev håpefullt saman med barna sine. Håpefulle foreldre skapar håp i barna sine gjennom måten dei lev liva sine på, måten dei representerar verda for barna, korleis dei tek ansvar for det som skjer i verda, samt måten dei formidlar kunnskap om verda til barna (Foros & Vetlesen 2012: 26). Vaksne som til dømes har møtt mykje motgang i livet, kan bevisst eller ubevisst, vise verda som kynisk og negativ. Ein forsakar då ansvaret ein har i å vise barn håp for framtida, der framstillinga ein har kan påverke unge menneske til å bli hensynslause vaksne, utan håp eller tilknytning til livet dei lev eller verda dei lev i (van Manen 2002b: 80). Likevel kan vaksne oppleve barn som håp, nettopp fordi barnets sårbarheit gjer ein pliktig til å handle gjennom den kjærleiken ein har til barnet. Håpet ein har for barnets liv, samt sitt eige i lag med barnet, skapar tolmod og toleranse, tillit og tru. Ein bodskap om tilknytning og tru vert skapt i håpet, som uttrykkjer at barnet er trygg hos den vaksne, at den vaksne har tru på barnet, og ikkje gir opp barnet uansett kva. Van Manen skriv at ”å nære håp for et barn er langt mer enn en handlingsmåte, det er en måte å være til stede for barnet på” (van Manen 1993: 63-64). I denne nærleiken og i dette håpet kan barn få kjenne at dei er ynskja, som er noko av det viktigaste i omsorgsansvaret for barn. Den tillita som barnet får kjenne gjennom foreldras ynskje for dei, hjelper barnet å utvikle si eiga sjølvtilit og vidare meistring seinare i livet (van Manen 2002b: 81-82).

Kapittel 3. Metode

Føremålet med dette kapitlet er å gjere forskningsprosessen transparent og tydeleg, slik det vert enklare for lesar å forstå, samt vurdere dei analysene, tolkningane og resultatane eg presenterar. Eg vil difor i denne del av oppgåva ta føre meg studiens framgangsmåte og begrunne dei vala eg har teke gjennom heile forskningsprosessen. Eg vil klargjere kva metode er, og kva metode eg benytta meg av i innsamlinga av data. Eg vil beskrive korleis utvalet av informantar har gått føre seg og korleis eg gjekk fram i innhenting av informasjon. Vidare vil eg ta for meg framgangsmåten i analysen, og ikkje minst dei etiske aspekta ved den empiriske innsamlinga.

3.1 Kva er metode?

Metode handlar om å fylgje ein bestemt veg mot eit mål, der ein bruker ei bestemt tilnærming for å få svar på dei spørsmåla ein stiller (Johannessen m.fl 2006: 32-33). Metoden vert det verktøyet ein benyttar for å samle inn den informasjonen ein er ute etter, der metoden gjer at ein bruker sansane på ein meir disiplinert og gjennomtenkt måte. Ved hjelp av metode kan ein forbetre og skjerpe merksemda mot det spesielle ein ser etter, der ein enklare kan sjå og oppdage årsakar, meningar og betydingar bak ulike individ og grupper handlingar. Det vert ein systematisk måte å undersøke verklegdomen på (Halvorsen 2008: 20).

Det er ulike metoder å velje i når ein skal utføre eit forskningsprosjekt. Før ein kan ta eit val, må ein ha kjennskap til dei ulike alternativa ein har, der ulike metoder gir ulike typer data. Ein skil som oftast mellom kvalitativ og kvantitativ metode, ut frå om ein har eit ynskje om å gå i ”breidda” eller i ”djubden” om eit bestemt tema. Dette handlar om at ein gjennom kvantitativ metode har moglegheit til å få mykje, men meir overfladisk informasjon om eit fenomen, medan ein gjennom kvalitativ metode får smalare, men djupare kunnskap om eit tema (Hjerm & Lindgren 2011: 22). Når ein vel ein type metode vel ein på same tid vekk noko anna, der ein som forskar må vere bevisst kva metode som kan vere til best hjelp i den forskinga ein skal utføre (Kjeldstadli 1999: 47). På same tid er det sjeldan kun ein tilnæringsmåte som er riktig i besvaringa av eit forskningsspørsmål, men ein må ta metodelære til hjelp for å treffe hensiktsmessige val. Metodelære gir ein oversikt over dei alternative framgangsmåtane ein har, og dei konsekvensane ein får av å velje dei ulike alternativa (Hellevik 2003: 17).

3.2 Val av metode

I fylgje Knut Halvorsen er det forskningsspørsmålet og føremålet med studien som legg føringar for kva metode ein bør ta i bruk. Samtidig som ein må tenkje gjennom eigne forutsetningar, der ulike metodar krev ulik tid og ressursar hos den som skal utføre forskninga (Halvorsen 2008: 96). Den sistnemnte faktoren vart sær s viktig for meg i valet av metode, der eg i planlegginga av prosjektet visste eg skulle bli mor i den aktuelle perioden, og måtte difor tenkje gjennom kva tid og ressursar eg hadde til rådighet i gjennomføringa av studien. Eg valte likevel den metoden som eg meinte var best eigna for prosjektet, ut frå kva forskningsspørsmålet og føremålet med studien krevde. Dette gjennom å stille meg sjølv undrande til kva eg eigentleg ynskja å finne ut av, kva metode som ville eigne seg best for å få svar på dei spørsmåla eg ynskja å stille, og kva metode eg sjølv trudde eg kunne gjennomføre betre enn andre, og då i høve til tidlegare erfaringar, tid og ressursar. Ikkje minst måtte eg sjå fordelane og ulempene med dei ulike metodane opp mot forskningsspørsmålet, og valte difor å ta i bruk ein kvalitativ metode framfor ein kvantitativ.

I fylgje Denzin & Lincoln handlar ein kvalitativ forskning om å ”study things in their natural settings, attempting to make sense of or interpret phenomena in terms of the meanings people bring to them” (Denzin & Lincoln 2011: 3). Sidan føremålet med denne studien er å lyfte fram tankar og opplevingar hos foreldre omkring omsorg og oppseding, vurderte eg den kvalitative tilnærminga som meir hensiktsmessig enn den kvantitative. Dette for å kunne gå djupare inn i det som skal studerast, og dermed få ein større forståing omkring det aktuelle temaet. Ein kvantitativ metode hadde gjort det vanskelegare å gå djubden, der informasjonen ein innhentar ofte er meir overfladisk, i og med ein har eit større antal respondentar og eit mål om kvantifisering og generalisering framfor fokus på folks meningar og intensjonar (Befring 2002: 73). Med ingen erfaring innan kvantitativ metode, såg eg det også som meir gjennomførbart å ta i bruk kvalitativ metode, der eg har kjennskap til denne typen frå tidlegare studier på bachelornivå. Innanfor det kvalitative finn ein metoder som intervju, observasjon og tekstanalyse (Ryen 2006: 18), der valet falt på intervju som gjeldande metode for denne studien.

3.2.1 Intervju

I fylgje Kvale & Brinkmann er eit forskningsintervju ein interpersonleg situasjon, som vil seie ein samtale mellom personar om eit emne som er av felles interesse (2010: 137). Då eg hadde valt intervju som metode, måtte eg vidare velje kva type intervju eg ynskja å utføre, der ein

som oftast skil mellom individuelt intervju og gruppeintervju. Ein må velje ut frå kva ein er ute etter, der begge typar har sine fordelar og ulemper.

Det gjekk ei stund før eg klarte å lande på kva type intervju eg skulle ta i bruk, der eg såg begge variantane som moglege for min studie. Eg valte likevel å gjennomføre individuelle intervju, fordi eg ynskja å kome nærare på kvar einskild av informantane. Dag I. Jacobsen skriv at eit kvalitativt forskningsintervju ber preg av nærleik og fleksibilitet, der det vert skapt ein relasjon mellom forskar og informant, som gjer at ein enklare kan kome under huden på den som vert undersøkt og som igjen kan gi nyttig informasjon (Jacobsen 2005: 129). Dette såg eg som særst relevant og enklare å få til gjennom individuelle intervju enn gruppeintervju. Eg var usikker på om eit gruppeintervju med ulike foreldre, ulike personlegdomar og ulike erfaringar kunne gjere det vanskelegare for meg å sjå kvar einskild, og la kvar av dei få kome til ordet, samt gjere dei trygg nok til å dele det dei hadde på hjartet. Ved bruk av individuelt intervju følte eg ein lettare oversikt, der eg kunne fokusere heilt og fullt på den eine, samt kjenne på stemninga mellom oss og då lettare justere meg og mi haldning inn mot dette. Eg ynskja å fange opp mest mogleg av det som vart sagt, slik eg enklare kunne merke meg interessante utsegn, og då vidare stille gode oppfølgjings spørsmål til kvar einskild informant. Det skal likevel vere sagt at dette er fullt mogleg å oppnå gjennom eit gruppeintervju, der gruppedynamikken vert ein fordel fordi ein enklare kan spele vidare på kvarandres utsegn (Halvorsen 2008: 139). Det hadde likevel krevd ein heilt annan bevisstheit frå meg som intervjuar, der eg må ta i vare kvar einskild informant og leie samtalen slik at kvar einskild får uttale seg (Nøtnæs 2001: 6). Valet om individuelt intervju vart også teken ut frå kva eg hadde av tidlegare erfaringar og kva tid og ressursar eg hadde til rådighet, etter som eg nyleg var blitt mor då dette pågjekk. Eg tenkte sjølv at eg lettare kunne handtere eit individuelt intervju framfor gruppeintervju, i og med eg hadde gjort liknande tidlegare og då kjende meg sikrere på denne type intervju. Tore Nøtnæs skriv at gruppeintervju krev meir erfarne møteleiarar for å oppnå eit vellukka intervju med godt utbytte, på same tid som det kan kreve ein del tid og ressursar i å finne ein bestemt stad og ei bestemt tid som passar for alle informantane som skal delta (Nøtnæs 2001: 7). Eg kjende difor det enklare å kunne avtale tid og stad med kvar einskild informant etter kva som passa best, både for dei og meg, sjølv om gjennomføringa av fleire individuelle intervju kan ta meir tid enn eitt gruppeintervju (Halvorsen 2008: 139).

I valet av intervjuform skil ein vanlegvis mellom strukturert, ustrukturert og semistrukturert intervju (Ryen 2006: 15). Eg valte å ta i bruk eit semistrukturert intervju, då dette er godt eigna når det er relativt få einheiter som skal undersøkast, og når ein er interessert i

kunnskapen til det einskilde individ, samt korleis den einskilde tolkar og legg mening i eit gitt fenomen (Jacobsen 2005: 142-143). Denne type metode vert altså brukt når tema frå dagleglivet skal forståast ut frå intervjupersonens eigne perspektiv (Kvale & Brinkmann 2010: 47). Semistrukturert intervju kan kjenneteiknast ved at ein har ein overordna intervjuguide som utgangspunkt, medan tema, spørsmål og rekkjefylgje kan variere (Sjå vedlegg nr. 3). Ein har ikkje eit fast spørjeskjema, men beveg seg fram og tilbake under intervjuet, noko som tilseier at metoden ber større preg av ein dialog enn reine spørsmål og svar (Johannessen m.fl 2006: 137). Det er ein open metode, der detaljar, ulike nyansar og det unike ved kvar einskild respondent kan kome fram. På same tid kan ein oppleve metoden som tid- og ressurskrevjande, der ein ofte får inn rik og kompleks informasjon som kan vere utfordrande å tolke på grunn av store nyansar (Jacobsen 2005: 129-130). Likevel såg eg metoden som ein fordel, sidan eg som forskar ikkje hadde kontroll over kva og korleis informantane mine valde å svare på det eg spurde om. Hos dei fleste av informantane fekk eg mykje informasjon, der samtalen gjekk av seg sjølv, medan hos nokon fekk eg mindre. Denne metoden vart då gunstig, sidan eg då hadde moglegheit til å tilpasse spørsmåla og tema ut frå kva informanten svarte. Eg kunne lettare fylgje opp med utfyllande spørsmål når eg følte informanten var usikker, eller når informanten sa noko som eg ynskja dei skulle utdjupe eller gå vidare med. Gjennom denne måten å intervjuje på følte eg også at eg fekk djupare og meir reelle tankar frå informantane, framfor eit tenkjeleg ”korrekt” svar om temaet.

3.2.2 Ein hermeneutisk tilnærming til litteratur, analyse og drøfting

Den teoretiske tilnærminga som forskningsarbeidet mitt byggjer på, er blitt til gjennom ein omfattande studie av tidlegare litteratur om same emne. Dette gjeld litteraturen i den teoretiske tilnærminga, men også all litteratur og tidlegare forskning eg har lest i lys av forskningsspørsmålet mitt. Litteraturstudie er difor ein metode eg har teke i bruk for å få ein breiare forståing og oversikt over gjeldande kunnskap om emnet, samt i danninga av eit teoretisk perspektiv og grunnmur for den vidare forskninga (Befring 2002: 51).

I arbeidet med littearturstudie og tidlegare forskning, samt i høve til analyse og drøfting, må ein vere bevisst sin eigen fortolkning og førforståing. Dette handlar om å ha ein hermeneutisk tilnærming til metode, der kvalitativ forskning vil vere prega av ein hermeneutisk analyse. Den litteraturen ein les, samt informasjonen ein innhentar i forskninga, vert tolka gjennom ein kontinuerleg fram- og tilbakeprosess, der refleksjonane ein gjer seg kan opne opp for stadig ny forståing og mening (Kvale & Brinkmann 2010: 216-217). Hans Skjervheim skriv at ein

”prinsipielt ikkje kan objektivera seg sjølv” (Skjervheim 1996: 73) i forskning, noko som også er gjeldande for meg og min studie. Sidan eg sjølv, av verdimesseige årsakar, har valt å vere heimearbeidande, er det viktig at eg som forskar er bevisst og reflektert i høve til dette. Mi forståing av den heimearbeidande rolla, samt forståinga eg har av omsorg og oppseding, vil vere med å prege det empiriske arbeidet – både i høve til litteratur og tidlegare forskning som eg vel å fordjupe meg i, samt i høve til informantane eg møter og informasjonen eg samlar inn.

3.3 Utval av informantar

Eg vil her leggje til grunn for korleis eg valte informantane, kriteriane som vart stilt for å kunne delta i studien, samt utfordringar eg møtte i utvalsprosessen.

3.3.1 Val av informantar

Når eg som forskar ynskjer å gjere ei undersøking og få kunnskap om eit bestemt tema, må eg finne ei målgruppe (populasjon) som kan gi meg dei svara eg treng (Hellevik 2003: 114). Målgruppa vert bestemt ut frå forskningsspørsmål og føremålet med studien, der eg ynskja å kome i kontakt med småbarnsforeldre som sat inne med relevant kunnskap og livserfaringar om det å vere heimearbeidande i dag, med hovudansvar for omsorg og oppseding for sine barn. Ein skil som oftast mellom tilfeldig utval og føremålsteneleg utval, der sistnemnte er mest brukt innanfor kvalitativ metode. Dette fordi ein ikkje er oppteken av å sikre representativitet, men å få eit høgast mogleg kvalitativt innhald i informasjonen, og difor treng eit utval som kan sikre føremålet med studien (Halvorsen 2008: 164). Med eit tilfeldig utval har alle ein like stor sjanse til å bli med i undersøkinga, samt til å ikkje bli med (Befring 2002: 135). For meg vart det aktuelt å nytte eit kumulativt utval, også kalla snøballutval som er ein føremålsteneleg strategi for å finne dei informantane ein treng. Ein forhøyrer seg då med personar som veit om andre personar som har kunnskap om temaet som skal undersøkast. Desse kan igjen vise til fleire som kan vere aktuelle (Befring 2002: 136; Johannessen m.fl 2006: 109). Før eg kunne starte rekrutteringa av informantar, måtte eg melde prosjektet mitt til Norsk samfunnsvitenskapeleg datateneste (NSD) (sjå vedlegg nr. 1), der eg fekk godkjenning etter eit par veker. Planen var å rekruttere gjennom helsestasjonen for å best mogleg sikre å få informantar som eg ikkje kjende til (Ein meir utdjupande forklaring omkring dette vert presentert i kapittel 3.3.3 Utfordringar i utvalet). Men då dette skar seg, måtte eg igjen kontakte NSD og avklare om eg heller kunne rekruttere via medstudentar og open barnehage. Då eg fekk positivt svar besøkte eg ein open barnehage der eg fekk

presentere prosjektet mitt for foreldregruppa. Deretter fekk eg bekrefte eller avkrefte hos dei foreldra som var interessert, om dei tilfredsstilte kriteriane for å delta i studien. Det same vart gjort over telefon med dei foreldra eg kom i kontakt med gjennom medstudentar. Alle interesserte fekk utlevert eit informasjonsskriv om prosjektet (sjå vedlegg n. 2), anten i papirform eller på e-post, og deretter avtalte vi tid og stad for intervjuet.

3.3.2 Kriteriar for utval av informantar

Eg ynskja å kome i kontakt med foreldre som kunne dele tankar, meiningar og opplevingar omkring omsorg og oppseding for sine barn, samt om korleis det er å vere heimearbeidande i dag. Eg ynskja difor småbarnsforeldre som hadde teke eit bevisst val om å vere heime med barnet sitt etter endt fødselspermisjon, på bakgrunn av eigne verdiar og ynskjer. Dette for å luke ut dei foreldra som eventuelt var heime på grunn av mangel på barnehageplass eller av økonomiske grunnar. Eg ville kome i kontakt med småbarnsforeldre som anten var heimearbeidande på det aktuelle tidspunktet, småbarnsforeldre som hadde ferskt i minne korleis det var å vere heimearbeidande, samt foreldre som enno var i fødselspermisjon, men som allereie hadde teke eit val om å vere heime. Dette for å mogleg få fram ulike nyansar omkring omsorg og oppseding, frå foreldre på ulike ståsted, men med same utgangspunkt. Eg har ikkje teke noko eksplisitt kjønnsperspektiv for utvalet av informantar, der eg såg både mødre og fedre som interessante, men eg antok at eg mest sannsynleg kom til å samtale med mødre i og med det som oftast er mor som er heimearbeidande (Magnussen m.fl 2001: 56; Kitterød & Rønsen 2011).

3.3.3 Utfordringar i utvalet

Som tidlegare nemnt var planen å rekruttere via helsestasjon, der helsesyster hadde sagt seg villig til å rekruttere passande informantar for meg (jmf. Kap 3.3.1). Men då tida var komen hadde helsestasjonen vedteke at all rekruttering via helsesystre og anna fagpersonell ikkje lenger var tillatt, på grunn av stor pågong frå studentar med ynskje om liknande hjelp. Eg ynskja å rekruttere gjennom helsestasjonen for unngå å kome i kontakt med personer eg kjende til. Anne Ryen skriv at jo lettere tilgong ein har til informantar, jo meir komplisert vert intervjuet. Vel ein å intervjuje vener og kjende kan desse ende opp med å føle seg ufri til open prat, og eg som forskar ende opp med å unngå ulike spørsmål, noko som kan gi skeive data. Samtidig er det fare for at ein unngår å utforske ulike antakelsar, hendingar og erfaringar fordi ein tenkjer at ein forstår kvarandre så godt (Ryen 2006: 89). Eg kunne valt å gå via ein annan helsestasjon enn den eg hadde oppretta kontakt med, men på grunn av tidsmangel ynskja eg å

kome i gong med intervjuet fortast mogleg, og valte difor å gå gjennom medstudentar og open barnehage. Eg måtte difor vere ekstra påpasseleg i valet av informantar, slik eg ikkje fekk nokon eg hadde kjennskap til. Då eg fyrst var komen i gong med rekrutteringa, fekk eg tak i fleire informantar berre etter nokre dagar, sidan dei fyrste eg kom i kontakt med kunne vise til fleire heimearbeidande foreldre.

3.4 Antal informantar

Ryen skriv at utvalets storleik er eit spørsmål om skjønn. Det er vanskeleg å vite kor mange respondentar ein treng i ein studie, fordi ein veit lite om kva informasjon ein får inn hos dei ulike (Ryen 2006: 92). Ved bruk av kvalitativ metode ynskjer ein å gå i djubden hos eit mindre antal personar (Befring 2002: 73). Eg måtte då ta i betraktning kva som var føremålet med studien, samt kva tid og ressursar eg hadde til gjennomføring av intervjuet. Ved å bruke intervju som metode må ein hugse at arbeidet ikkje er gjort berre sjølve samtalen er overstått, der mesteparten av arbeidet kjem i ettertid gjennom transkribering og bearbeiding av data. Ein må difor ta hensyn til det tidsaspektet ein har satt for studien ved å ikkje intervjuet for mange. I følge Pål Repstad er det betre å gjennomføre grundige analyser av få informantar, framfor å intervjuet for mange som kan gjere undersøkinga lettare overfladisk (Repstad 2004: 83). Eg bestemte meg difor for å intervjuet fem ulike mødre, med ynskje om å gå i djubden hos kvar einskild.

3.5 Gjennomføring av intervju

Ryen skriv at i kvalitative undersøkingar er det ”forskeren selv som er det viktigste leddet i datainnsamlingen”. Dette handlar om kommunikasjon, både verbal og ikkje-verbal, altså måten ein vel å opptre på i møte med informantane. Ei utfordring er å møte den einskilde der den er, setje seg inn i rolla som informant og vidare forstå kva informanten formidlar. Dette krev at ein som forskar skapar ein relasjon som byggjer på tryggleik og tillit for den situasjonen ein er i. Utan dette tillitsbandet kan ein få vanskar med å få utdjupande informasjon og godt utbytte av intervjuet (Ryen 2006: 116). Det var difor viktig for meg å tenkje gjennom på førehand korleis eg skulle opptre i høve til informantane mine, der eg ynskja å unngå ein eventuell intervjueteffekt der informasjonen ein får inn vert nyttelaus. Dette handlar om at metoden ein har valt eller intervjuaren sjølv påverkar resultata ein får, ved at informantane til dømes svarar det dei trur forskaren vil høyre eller svarar det dei trur er allment akseptert (Larsen 2007: 27). På same tid var det viktig å tenkje gjennom om informantane hadde eit inntrykk at eg sjølv, som forskar, hadde eit ynskje om å vere

heimearbeidande, eller om eg ynskja å forske på ei mindretalsgruppe, som heimearbeidande er. I møte med ulike foreldre med ulik bakgrunn, kan eg som forskar sitje inne med fagkunnskap på området som informantane mogleg ikkje har. Ein utfordring kan då vere at eg som forskar vert overlegen innanfor mitt fagfelt, noko som kan innverke negativt på intervjuet. Informantane kan fort føle seg underlegne dersom eg som forskar ikkje tek hensyn i måten eg vel å formidle prosjekt, tema og spørsmål. Eg ynskja ikkje å hamne i ein type maktposisjon ovanfor informantane som kunne vere ugunstig for datainnsamlinga (Ryen 2006: 117). Eg prøvde å leggje opp kvart intervju på same måten, der eg i saman med kvar informant byrja samtalen med å gå gjennom informasjonsskrivet og føremålet med intervjuet. Vidare forklarte eg kvifor eg ynskja å bruke bandopptakar, og til slutt om det var noko dei lurte på i høve til intervjusituasjonen. Då eventuelle spørsmål var avklara, opna eg intervjuet med å stille enkle spørsmål om mødrenes bakgrunn, som til dømes namn, sivilstatus, utdanning osv. Dette for å skape ein mjuk start gjennom spørsmål eg visste informanten kunne svare på, og dermed skape tillit og tryggleik omkring intervjusituasjonen. Eg prøvde å skape ein god atmosfære, der eg ynskja å møte kvar informant med ein imøtekommande, interessert og avslappa haldning, i håp om gjere intervjuet til ei god oppleving for begge partar.

Eg hadde på førehand laga ein intervjuguide som var inndelt i temaer med tilhøyrande spørsmål. Sjølv om eg følgde denne under dei ulike intervju, var det ikkje slik at eg brukte guiden slavisk, noko som den ustrukturerte intervjumetoden opnar opp for. Eg valde i fleire tilfelle å spinne vidare på det informanten sa, og kunne då oppleve å kome innom fleire av spørsmåla utan at eg nødvendigvis stilte dei. Dette bidrog til at intervjuet kjentes meir som ein samtale framfor eit intervju, noko eg trur hadde positiv innverknad hos informantane i måten dei la fram tankar, opplevingar og meiningar på. Eg synes sjølv intervjuet gjekk bra, der eg følte eg fekk inn interessant og berikande informasjon. Likevel var det to av intervjuet eg kjente som meir utfordrande enn dei andre, noko eg vil utdjupe meir om i kap 3.6.

Refleksjonar og vurderingar av prosjektets empiriske opplegg.

3.6 Refleksjonar og vurdering av prosjektets empiriske opplegg

Ann K. Larsen skriv at dersom ein forbered seg godt før ein går i gong med eit intervju, kan ein vere sikrere på at ein stiller dei riktige spørsmåla og unngår å trekkje slutningar på eit for tynt grunnlag (Larsen 2007: 39). Sjølv om eg hadde noko erfaring med intervju frå før, var det godt å kunne lese seg opp og forberede seg i forkant av intervjuprosessen. Dette gjennom

fagbøker og faglitteratur om det kvalitative forskningsintervjuet og om temaet for studien. Då eg følte at intervjuguiden var på plass, fekk eg teste både spørsmål og meg sjølv som intervjuar gjennom to prøveintervju med to ulike mødre. Den fyrste prøveinformanten var på det aktuelle tidspunktet i fødselspermisjon, men hadde allereie teke eit val om å vere heime med barnet sitt etter permisjonen, og den andre var akkurat tilbake i studiane etter å ha vore heime i forlenga permisjon. Desse prøveintervjua vart for meg særskilt interessante der eg oppdaga manglande innhald i spørsmåla eg stilte. Det viste seg at nokon av spørsmåla, som for meg var heilt forståelege, ikkje var like enkle å forstå for informantane. Dette gav difor utslag på informasjonen eg fekk, som gjorde at eg måtte korrigere spørsmåla før neste prøveintervju, for å unngå tvil omkring det eg spurde om (Larsen 2007: 46).

Som tidlegare nemnt ber forskningsintervjuet preg av nærleik og fleksibilitet (Jacobsen 2005: 129). Dette kan verke både positivt og negativt, der ein som forskar må tenkje gjennom dette med nærleik på førehand av intervjuet. Vert ein for nær kan informanten oppleve ubehag omkring intervjusituasjonen, noko som kan hindre god informasjon. På den andre sida kan nærleik gjere informantane for trygge, noko som kan resultere i at dei utleverar informasjon som går utover det studien krev. Eg måtte difor prøve finne ein gylden middelveg mellom det relasjonelle og det profesjonelle, slik informasjonen eg fekk inn ikkje skapte forvirring og vanskar for det seinare arbeidet. Eg opplevde kontakten med kvar einskild informant som god, sjølv om mengde informasjon og innhald kunne variere mellom intervjua. Det var særskilt to av intervjua som var meir utfordrande enn dei andre, der eg i det eine intervjuet hadde vanskar med å stoppe informanten, og fekk difor ein del informasjon som ikkje kunne nyttast i studien. I det andre intervjuet opplevde eg det annleis, der eg hadde vanskar med å få informanten trygg i situasjonen, og trygg på at dei svara ho gav var bra nok. Det kunne verke som om at informanten var redd for at informasjonen ho gav ikkje var tilstrekkeleg, eller var usikker på korleis informasjonen hennar ville bli brukt eller framstilt i avhandlinga. På same tid representerar mine informantar ein mindretalsgruppe i samfunnet, der vedkomande kunne kjenne seg usikker på korleis ho skulle svare, i og med ein som heimearbeidande gjerne står for synspunkt som går mot ”straumen”. Sidan dette intervjuet var eit av dei siste eg gjennomførte, undra eg meg i ettertid over kvifor dette intervjuet utarta seg så annleis, når eg følte det gjekk så bra med dei tidlegare intervjua. Larsen skriv at det er fare for at informanten kan oppleve ei kjensle av å bli bedømt eller vurdert, samt kjenne seg uvitande eller utilstrekkeleg under intervjuet (Larsen 2007: 86). Sjølv om eg hadde tenkt gjennom mi haldning som forskar og fagperson på førehand, og vidare gjort meg erfaringar gjennom dei

andre intervju, er det ikkje sikkert dette var tilstrekkeleg, og at det difor fekk utslag hos den eine informanten. Som menneske er vi alle ulike, og kan kome betre overeins med nokon framfor andre, som igjen spelar inn på tryggleik og tillit. På same tid kan det vere fleire faktorar som spelar inn, som til dømes informantens eigen sjølvtilitt og oppfatning av kva ho kunne bidra med, uavhengig av korleis eg inntona meg situasjonen. Etter å ha gjennomført alle intervju sat eg likevel igjen med ei god kjensle, der eg fekk inn mykje informasjon som var retta mot forskningsspørsmålet og føremålet med studien.

3.7 Etterarbeid og analyse

Når ein skal gå inn i andre menneskers tankar og erfaringar, vil ein som forskar analysere og tolke det som vert fortalt. På same tid er vi menneske ”lært opp til å se noe og overse noe annet” (Jacobsen 2005: 130), som kan skape ein fare for at ein ubevisst sil vekk informasjon som kan vere nyttig for undersøkinga. Sidan eg har ein genuin interesse for det temaet eg forskar på, vil eg ha eigne meiningar og fordommar i møte med informasjonen eg har samla inn, og kan difor bevisst eller ubevisst la vere å sjå nærare på ein type informasjon framfor ein annan, fordi eg trur eg har forstått meininga bak informasjonen. Hans G. Gadamer understrek at ”all riktig fortolkning må beskytte sig imod vilkårlige indfald og mod de begrænsninger, der skyldes upåagtet vanetænkning, og rette blikket mod selve sagen” (Gadamer 2007: 254). Eg måtte difor vere bevisst mi eiga rolle i fortolkinga, og den betydinga den fekk for studien, der tolkningane eg har gjort er mine tolkingar, og ikkje nødvendigvis dei einaste sanne.

3.7.1 Analyseprosessen

Ulike forskarar har ulike meiningar når det kjem til kvalitativ forskning og hermeneutisk analyse. Ein vanleg kritikk til denne type metode er at sidan ulike fortolkarar finn ulike meiningar i det same intervjuet, kan ikkje intervjuet sjåast som noko vitenskapeleg metode. Mange meiner at forskning skal føre til èin riktig og objektiv meining, noko ei analyse ikkje kan. Derimot kan det føre til eit legitimt fortolkningsmangfold, der ein kan stille seg spørjande til eit fenomen som igjen kan føre til ulike meiningar om fenomenet (Kvale & Brinkmann 2010: 218). Dette er tilfelle i denne studien, der eg ikkje kan gi noko endeleg konklusjon på spørsmåla eg stiller, men mogleg bidra til vidare refleksjon og ettertanke ved å setje eit viktig tema på dagsordenen.

Analyse handlar om å trekkje ut den informasjonen ein treng for å kunne besvare forskningsspørsmålet, der ein snevrar inn datamengden ved å gruppere og tematisere informasjonen ein har samla inn (Hellevik 2003: 195-196). Gjennom transkribering vart

intervjua strukturert for analyse, og var dermed eit viktig og omfattande arbeid. Eg transkriberte alle intervjua sjølv, og vart dermed enda betre kjend med materialet. I og med analysen allereie byrjar i transkriberinga (Kvale og Brinkmann 2010: 188), hadde eg som mål å transkribere intervjua med det same dei var gjennomført, slik eg hadde dei ulike samtalaneferskt i minne. Dette i håp om å få ein betre og meir utfyllande transkripsjon, men også for å spare meg for seinare arbeid.

Kvalitative data må analyserast for å gi meining (Ryen 2006: 145; Kvale & Brinkmann 2010: 203), der det er fleire måtar å utføre ei analyse på. I fylgje Larsen kan ein velje mellom analyse basert på meningsinnhald, beretningsanalyse, diskursanalyse og konvensjonsanalyse (Larsen 2007: 98). Det er mange intervjuanalyser som vert utført utan bestemte analyseteknikker, der ein heller bruker ei blanding av metoder og teknikkar. Kvale & Brinkmann hevdar at det er mindre viktig å søkje tilflukt i spesifikke analytiske verkty dersom ein har god teoretisk kunnskap om temaet ein baserar undersøkinga på (Kvale & Brinkmann 2010: 201-202). Eg valte difor å ikkje anvende ein bestemt analytisk teknikk, men bruke kjennskapen eg har om analysefeltet i analyseringa. Analysen er basert på meningsinnhald, der føremålet med studien var å få innblikk i heimearbeidande foreldres tankar og opplevingar omkring omsorg og oppseding. Eg var ute etter meininga bak eit forhold, noko analyseformen opnar opp for gjennom moglegheit til å sjå likskapar, ulikskapar og samanhenger. Sidan dette er ein kvalitativ studie og basert på få einheiter, kan eg ikkje generalisere og seie at den sanninga eg presenterer er einaste sanning om temaet, men heller bidra til ny innsikt og forståing. Framgangsmåten og korleis eg gjekk fram i analyseprosessen er difor viktig for å kvalitetessikre studien og funna eg presenterer.

3.7.2 Framgangsmåte av analyseprosessen

Etter at intervjua var gjennomført og transkribert, las eg igjennom kvart intervju for å danne meg eit heilhetleg bilete. Ved å ta utgangspunkt i intervjuguiden og spørsmåla, satt eg fyrst kategoriane som intervjuguiden var inndelt i, som overordna overskrifter. Deretter valde eg ut spørsmål frå intervjuguiden som passande undertemaer, og gjekk så gjennom kvart intervju og delte inn datamaterialet ved hjelp av fargekoder. Dette var ein krevjande oppgåve, sidan informantane fekk prate fritt og opent om dei ulike temaane, då eg ikkje følgde intervjuguiden slavisk under intervjua. Eg fekk likevel ein god oversikt over kva dei ulike hadde sagt, og kunne då lettare finne likskapar, ulikskapar og samanhenger mellom dei ulike intervjua (Larsen 2007: 98). Gjennom å ta for meg kvart intervju på denne måten, fekk eg god

kjennskap til stoffet og oversikt over kvar einiskild informant. Sidan eg hadde gjort transkriberingane med det same intervjuet var gjort, følte eg også at eg hadde eit meir utfyllande og ekte materiale, der eg kunne sjå føre meg bemerkelsesverdige pauser informanten gjorde, samt kroppsspråk og mimikk. Dette gjorde det enklare å gå i djubden hos kvar einiskild og få fram deira tankar og meiningar omkring dei ulike temaane. Det skal også nemnast at då eg transkriberte materialet, valde eg å transkribere informantens utsegn så ordrett som mogleg, samt på informantens dialekt. Dette fordi eg oppdaga meg ulike dialektord og uttrykk hos nokon av informantane, der eg kunne oppleve dei til dømes opprørt, overraska eller tankefulle gjennom det dei fortalde. I presentasjonen av materialet har eg derimot oversatt sitata til nynorsk, fjerna småord og forkorta forklaringane. Dette for å lettare få fram meininga i det som vart sagt (Kvale & Brinkmann 2010: 212).

3.8 Forskningsetikk

Ei intervjuundersøking er ei etisk undersøking, der det menneskelege samspelet mellom forskar og informant vert påverka i intervjuet. Påverknaden skjer gjennom kunnskapen som vert produsert, der synet ein har på menneskets situasjon kan vise seg å verte endra. Etske spørsmål omkring eit forskningsintervju begrensar seg difor ikkje berre til sjølv intervjusituasjonen, men er intergrert i alle faser av ei undersøking (Kvale & Brinkmann 2010: 79). Ein må tenkje gjennom kva tema ein har valt, kva spørsmål ein er ute etter å få besvart, og kven som best kan besvare desse spørsmåla. Då eg i planleggingsfasen valde å leggje fokuset på omsorg og oppseding der foreldre var målgruppa, kontakta eg NSD for å klargjere om prosjektet var meldepliktig, noko det var. Eg sende difor forslag til intervjuguide og informasjonsskriv til NSD i høve til meldeplikta. Befring skriv at når ein skal gjennomføre ei undersøking er det visse etiske normar og reglar ein må ta stilling til, med sikte på å verne om forsøkspersonars personlege integritet. Det vert stilt krav om informert samtykkje, anonymisering og oppbevaring av data, samt teieplikt hos dei som medverkar i forskninga (Befring 2002: 36). Eg vil no utdjupe meir om desse krava, og korleis eg la til rette for dette.

3.8.1 Informert samtykkje

I fylgje forskningsetiske retningslinjer som er utarbeida for norsk samfunnsforskning krev det at dei som vert undersøkt, på førehand har gitt ”informert samtykkje” til å delta (Hellevik 2003: 154). Då eg kom i kontakt med foreldre som var interessert i prosjektet og som kunne tenkje seg å delta, fekk alle utlevert eit skriv med informasjon om studien. Der stod det mellom anna kva eg ynskja å finne ut av, kva som kom til å skje med datamaterialet i

etterkant av intervjuet, korleis eg ville bevare personopplysningar, samt kven som medverka i studien og dermed hadde teieplikt. Det vart gjort klart for dei at dei hadde moglegheit til å trekkje seg frå studien når tid som helst, og utan og måtte oppgi noko grunn. Før kvart intervju gjekk eg og informanten gjennom skrivet saman, før informanten fekk moglegheit til å underskrivet samtykkjet dersom ho ikkje allereie hadde gjort det.

3.8.2 Anonymisering

Anonymisering eller konfidensialitet handlar om at private data som identifiserar dei som har delteke i studien, ikkje vert avslørt på noko måte (Kvale & Brinkmann 2010: 90). Gjennom informasjonskrivet, samt gjennom samtale med kvar einskild informant, fekk alle klargjort kva som kom til å skje med opplysningane deira, både i og etter at prosjektet var avslutta. For å oppfylle dette kravet har eg anonymisert informantene ved bruk av andre namn i avhandlinga, og lat vere å bruke utsegn som kan identifisere informantane eller informantanes familiemedlemmar. Dette for å unngå at nokon vert gjenkjent gjennom andre som les studien. Vidare var det viktig å understreke for informantane at alle personopplysningar i ettertid av undersøkinga ville bli oppbevart utilgjengelig for andre. Opplysningar som navneliste, transkriberingar, lydopptak og datamaskin vart difor innelåst i eige skap, der berre eg hadde tilgang. Det vart også gjort klart at så fort prosjektet var avslutta, ville alt av datamateriale og personopplysningar bli makulert og sletta.

3.9 Validitet og reliabilitet

Validitet og reliabilitet handlar om å samle inn data som er relevante for forskningsspørsmålet ein stiller, samt kor pålitelege datamaterialet er (Halvorsen 2008: 67-68). Gjennom undersøkinga har eg prøvd å gjere mitt beste for sikre validitet, der eg forberedte meg i forkant av intervjuprosessen, ved lese meg opp på relevant teori og tidlegare forskning. Dette i håp om å forme gode nok spørsmål som er relevant for forskningsspørsmålet. Sidan eg hadde to prøveintervju fekk eg sjå korleis spørsmåla fungerte i praksis, noko som gav meg moglegheit til å betre spørsmåla.

Eg hadde som tidlegare nemnt eit ynskje om å skape ei trygg atmosfære omkring intervjusituasjonen, der informanten fekk tillit til meg og dermed følte seg fri til å snakke opent og ærleg. Sjølv om eg møtte utfordringar under særskilt eitt av intervju, såg eg ikkje det som nødvendig å til dømes gjere eit nytt intervju for å auke validiteten. Dette fordi ulike tankar og meiningar kom fram i intervjuet som eg såg som relevant for studien, tross tydeleg usikkerheit hos informanten. Eg følte informantane var ærleg i sine framstillingar, men dette

er noko eg ikkje kan garantere. Tankane og opplevingane dei la fram var likevel reelle, anten det var deira egne erfaringar eller lånte, der eg hadde anledning til å stille oppfølgjings spørsmål for å få betre forståelse av det informantane sa. Oppfølgjings spørsmåla vart for meg viktig der eg kunne få klarheit i ulike forhold, og dermed unngå å trekkje slutningar på eit for tynt grunnlag (Larsen 2007: 39).

Eg har gjennom heile forskningsprosessen prøvd å gi ei grundig beskriving av dei vala eg har teke. I fylgje Ryen er dette viktig for å skape transparens i prosjektet, som igjen er med på å sikre reliabiliteten av studien. Ved å gjere prosjektet gjennomsiktig gjer ein det mogleg for andre å forstå kva eg har gjort og kvifor eg har gjort slik eg har gjort (2006: 180). Eg ynskja å sikre reliabilitet gjennom å ta lydopptak av intervjua, for å lettare fange opp det informantane sa og dermed sikre interessante utsegn. Dette materialet er vidare blitt tolka og analysert av meg, der eg ved bruk av lydopptak og nøye transkribering håper eg har forstått informantane mine rett. Som tidlegare nemnt har eg ein genuin interesse for det temaet eg forskar på, og vil dermed ha egne meiningar og fordommar i møte med informasjonen eg har samla inn. Sjølv om eg har prøvd å vere sakleg i mine tolkingar, ved å la informantenes stemme kome fram gjennom sitat som til ein viss grad kan tale for seg sjølv, er det fortsatt mine tolkingar, der eg er påverka av dei erfaringane og den førforståinga eg har (Jacobsen 2005: 130; Ryen 2006: 216).

Kapittel 4. Presentasjon og analyse

Eg vil i dette kapittelet presentere dei ulike informantane som deltok i undersøkinga, samt delar av datamaterialet som vart innhenta under intervjusamtalane. Datamaterialet som vert presentert er vektlagd ut fra forskningsspørsmålet sitt hensikt og relevans, der målet er å belyse tankar, meiningar og erfaringar omkring det å vere foreldre i dag, samt omsorg og oppseding hos heimearbeidande foreldre.

Analysen er inndelt i tre overordna kategoriar: *foreldrerolla, omsorg og oppseding og heimearbeidande i dag*. Desse kategoriane er dei same kategoriane som intervjuguiden er delt inn i. Vidare er analysen inndelt i fleire undertemaer som igjen er valt ut frå spørsmål frå intervjuguiden, som eg såg som mest hensiktsmessig i besvaringa av forskningsspørsmålet.

Presentasjon av informantar

Beate er i byrjinga av tredveåra, gift og har tre barn under 8 år, der eitt av dei er i småbarnsalder. Ho har utdanning innan helsesektoren, og mannen hennar er sjølvstendig næringsdrivande innan servicenæringa. Det yngste barnet har akkurat byrja i barnehagen, så no går dei to yngste der og den eldste på skulen. Familien bur i ein einebustad, og Beate har vore heimearbeidande i nærare fem år.

Amalie er i slutten av tredveåra, gift og har tre barn under 9 år. Ho har utdanning innan finans, og har teke ein del kurs innan økonomi, fond og forsikring. Mannen hennar er mykje bortreist i samband med jobb. Amalie har vore heimearbeidande i nærare ti år, men studerar no deltid. Familien bur i ein einebustad og barna byrja i barnehagen då dei var omkring 2-3 år.

Johanne er i byrjinga av tredveåra, gift og har to barn under 4 år. Ho har ikkje noko utdanning, men ynskjer å utdanne seg. Mannen hennar er student, og dei bur i ein studentbolig. Johanne er heime med det yngste barnet, medan den eldste er i barnehagen.

Live er i byrjinga av tjuåra, er sambuar og har eit barn på 9 mnd. Ho er student og har fullført eit halvt år før barnet kom. Sambuaren er musiker og saman bur dei i ei sentrumsnær toppleiligheit. Live er enno i fødselspermisjon, men skal vere heime med barnet når permisjonen er over.

Ida er i midten av tjuåra, gift og har eit barn på litt over eit år. Ho studerar medan mannen hennar er sosionom. Ho og mannen delar på å vere heime med barnet, sidan mannen jobbar skift. Dei bur i ei sentrumsnær leiligheit.

4.1 Foreldrerolla

I håp om få eit djupare innblikk i kva mødrene tenkjer om rolla som forelder, valte eg å samtale med mødrene om kva forventningar dei hadde til det å bli mor, og om korleis det er å vere mor. Eg ynskja å få meir innsikt i mødrenes tankar om ansvaret for omsorg og oppseding, og om det skjedde nokon forandringar hos mødrene etter at dei fekk barn.

4.1.1 ”Klarar ein dette, så klarar ein alt” – Forventningar til det å bli mor

Eg stiller dei fem mødrene spørsmålet om kva forventningar dei hadde til det å bli mor. Nokon verka innstilt og klar for å få barnet i hendene, medan andre følte det både tøft og skremmande at dei snart skulle bli mor. Beate og Live fortel begge at dei følte på fornuftige og realistiske forventningar, der det å bli mor ikkje nødvendigvis kom til å bli fantastisk, eller at ein får morskjensla med ein gong, men at det kan bli fint og tungt på same tid. Vidare seier Live at ho tenkte det kom til å bli tøft, sidan ho var den einaste i omgangskretsen som venta barn. Barnet var ikkje planlagt og Live seier:

Eigentleg var eg veldig lei meg. Eg visste ikkje heilt korleis eg skulle takle det. Ja, og så vart kjærasten min også veldig lei seg, så det var ein ganske sørgjeleg periode.. Men eg begynte jo å glede meg etterkvart..

Amalie hugsar ho synes det var ein alttoppslukande tanke:

No skal vi få dette barnet, og der skal eg stå på pinne døgnet rundt, og fylgje det som vi synes var viktig å fylgje, uavhengig av resten av samfunnet, det betydde ingenting. Det var bare å få det barnet, vere der, vise det kjærleik heilt ubetinga liksom..

Ida hugsar at ho ikkje hadde så mange klare forventningar, sidan dei hadde få nære vener omkring seg som hadde barn eller venta barn. Ho seier:

Eg trur det var veldig diffust.. Eg var kanskje det dei kaller ein klassisk fyrstegongsfødande, at du tenkjer meir på fødselen.. Så eg tenkte, klarar ein DETTE, så klarar ein ALT.

4.1.2 ”Alt er mykje meir ekstremt” – Å bli mor

Når eg stiller informantane spørsmålet om korleis dei synes det var å bli mor fekk eg ulike tilbakemeldningar. Ida synes at tida etter fødselen var fæl, og hugsar tilbake på seks-vekerskontrollen hos lege:

Legen sa til meg når ho såg meg; "Off, no synes eg synd i deg. Det er ingen som fortel deg om desse vekene her..". Eg var nok ein av dei som berre: kan ikkje vi ta den ungen ut? Eller no må eg ha.. kan eg ikkje få litt tid for meg sjølv? Kan ikkje eg få sove ei natt? Eg synes det var knalltøft..

På same tid som det føltes overveldande å bli mor, synes Ida det var fint også, der ho meiner at morsrolla er den rolla, av mange roller her i livet, som kjem mest naturleg. I byrjinga var det som å leve i ei boble, der det ikkje var noko anna som betydde noko, seier ho. Denne kjensla uttrykkjer Johanne og Amalie også, der dei beskriv den fyrste tida som mor som fantastisk. Johanne seier:

Det er fantastisk! Spesielt med det fyrste barnet så er det bare alle dei nye tinga som barnet lærer. Kvar gong barnet lærer noko nytt, så berre.. wow, det er veldig spennande. Alt er nytt, og ein får andre kjensler som ein ikkje har hatt før. Og veldig rørande, eg grin meir enn før..

Amalie synes også det å bli mor var fantastisk. Ikkje berre fyrste gong, men kvar gong. Ho udjupar:

Nei, eg gjekk jo heilt inn i min eigen.. altså, eg var mamma! Det var mamma, døgnet rundt, med puppene ute og jada.. Eg føler eg har gått veldig inn i den morsrolla ved å vere der heile tida.. Bar omkring på barnet, eg var tilstades heile tida. Eg synes det var veldig greit, men eg gjekk nok veldig inn for det.

Ho uttrykkjer at ho ikkje synes det var vanskeleg, men at ho sjølvsagt kunne føle seg sliten til tider. Samtidig beskriv ho det å vere sliten som noko her og no, at det vil vere slik for ein periode, men at den betydninga ho har for sin unge akkurat no overskyggar alt.

Live seier at ho ikkje kunne kjenne noko lukkerus før barnet var omkring 3 mnd. Fyrst då følte ho det fantastisk, der ho begynte å glede seg til å stå opp saman med barnet. For Live var byrjinga ganske tøff, der barnet hadde mageproblem med mykje smerter, og Live var mykje aleine sidan kjærasten var bortreist i lengre periodar på grunn av jobb. Ho fortel:

Vi kom heim (frå sjukehuset) om ettermiddagen, også dro han (sambuaren) etter ti minutt, også var eg heime aleine heile helga. Så eg var heilt i sjokk.. Gjekk berre å bar på ho 24 timar i døgnet. Eg kunne sikkert fått nokon til å hjelpe meg, men eg var berre heilt apatisk.. Alt er jo mykje meir ekstremt enn det eg hadde trudd. Det er mykje meir slitsomt enn eg trudde, og det er mykje meir glede enn det eg trudde. Eg hadde ikkje trudd eg skulle få så lite

søvn som eg har fått, DET hadde eg ikkje sett for meg.. hehe.. Men eg hadde heller ikkje sett for meg at eg skulle bli så glad i nokon.

4.1.3 ”Ikkje for mykje salt i maten” – Å vere mor

Eg stiller mødrene spørsmålet om korleis dei trur dei er som mor. Live seier ho er ei ganske øm og kjærleg mor, men kanskje ikkje bestemt nok. Men dette tenkjer ho må kome litt etterkvart, sidan barnet fortsatt er så liten. Johanne ser på seg sjølv som ei omsorgsfull mor, som for henne betyr at ho er der for barna så mykje som mogleg. Ho seier:

Eg prøver å gi dei mykje omsorg og kjærleik, trøste dei når dei har behov for trøst, sei at eg elsker dei, klemme dei, gi dei god mat, legge dei når dei har bruk for det.. Berre gi dei det dei har bruk for.. Og sjølv sagt grenser, seie nei når det er noko som ikkje er bra for dei..

Beate dreg også fram dette med grenser, der ho ser på seg sjølv som ei streng mor. Ho seier ho kan vere veldig bestemt på enkelte grenser, på kva som er lov og ikkje. Samtidig er ho oppteken av at desse grensene ikkje må bli for faste, men at ho må ha visdom til å løsne på grensene når det trengs. Ho understrek at ein regel må ikkje vere ein regel uansett kva, sidan barn er forskjellige og har forskjellige behov.

Ida ser på seg sjølv som ei hønemor. I dette legg ho at ho til tider kan vere litt overbeskyttande. Ho viser til ein situasjon mellom mannen hennar og barnet:

Hvis han (ektemannen) er med (barnets namn), noko han har vore sidan han har hatt permisjon, så er det likevel; ”Husk ditt og husk datt, og kanskje du skal ta den sokken litt lenger opp på foten”. Akkurat som eg ikkje klarar å.. sjølv om eg veit at om eg seier dette ein gong til no, så vert det irriterande for han (ektemannen), men så er det akkurat som eg tenker at eg gjer det for (barnets namn) sin del, og difor er det verdt det..

Vidare seier Ida at ho likar å tru at ho også er ei gøy mor, med mykje tull og tøys. Men samtidig er ho veldig redd for å gjere feil, og dreg til dømes fram desse anbefalingane fra helsestasjonen:

Ikkje for mykje salt i maten..? Uææh, kva betyr det? Eller viss det er eit eller anna dei er i stuss på der (på helsestasjonen), så vert eg veldig.. Eg satsar på det går over, at eg kan bli litt meir hardhuda..

4.1.4 ”Det er alvorleg, men det skal det vere” – Omsorgsansvaret

Når eg spør dei ulike mødrene om korleis dei kjenner på ansvaret i omsorga for barna sine, bunner dei ulike svara ned til det same. Ansvar er stort og alvorleg, men det skal det vere, som Amalie seier. På same tid fortel både Johanne og Live at sjølv om det er stort, så fell ansvaret veldig naturleg for dei. Johanne seier:

At no er eg mamma, no tek eg dette ansvaret på meg. Så gjer eg det som skal til, og at det skal bli så godt som mogleg..

Live pratar om ansvaret slik:

Eg føler at det eigentleg aldri har vore noko stort problem. Det var eigentleg noko av det.. Det er veldig rart, men eg hadde ganske trua på at eg skulle klare det fint, heilt frå byrjinga. Tenkte liksom at eg aldri kjem til å svikte (barnets namn). Det var eg alltid sikker på. Eg var aldri redd for at eg skulle bli ei dårleg mor eigentleg..

Amalie, Beate og Ida går alle djupare inn i korleis deira rolle i barnas liv er med å forme barna, både positivt og negativt. Den makta dei har som foreldre og som oppsedarar for barna, ser dei på som skummel. Ida utdjupar:

Det er jo tosidig. På ein måte er det fantastisk, sant? For eg har moglegheiten til å gi (barnets namn) eit godt sjølvbilete, gi han tryggleik i oss, på at han er elska og desse tinga.. Samtidig er det veldig skummelt, fordi ein har ei så vannvittig makt. Fordi ein har ein så sentral rolle, har ein også eit stort potensiale til å gjere feil, som kan få store konsekvensar for han. Så det er jo, ja, det beste og det verste.

Beate tenkjer tilbake på då ho fekk fyrste barnet. Ho fortel om då ho sjølv hadde ei vanskeleg periode etter at barnet blei fødd:

Eg føler det (ansvaret) er veldig stort. Altså eg ser at.. spesielt med ho eldste, når eg hadde det tøft sjølv, så håper eg på ein måte at eg ikkje har påført ho noko, fordi eg ser så lett at barn tolkar og fangar opp.. Og eg ser tydelegare meg sjølv, og korleis eg sjølv opplevde min barndom. Det har mykje å sei korleis foreldra er ovanfor barna sine. Ja, både på det du får, og det du ikkje får..

Amalie er veldig glad for at ho får vere den viktigaste omsorgsgivaren i sine barns liv, nettopp fordi ho tilbring så mykje tid med barna sine. Ho utdjupar med stort engasjement at ho likevel

ikkje klarar å vere einig i at foreldre i dag er den viktigaste omsorgspersonen for sine barn, når dei vil at barna skal starte i barnehagen allereie når dei er eitt år. Slik eg tolkar Amalie er det manglande samsvar mellom tidleg barnehagestart og det å anta at foreldre er dei viktigaste omsorgspersonane i barnas liv, nettopp fordi foreldre då ikkje tilbring nok tid med barna.

Amalie avsluttar slik:

I høve til slik samfunnet er med barnehagestart i eittårsalderen, så klarer ikkje eg å vere einig i at foreldra er den viktigaste omsorgspersonen.. Nei, altså.. eg føler at det er eit så stort ansvar at eg.. Bare det å ha desse barna.. Nei, du skal vere der, du skal gjere alt du kan for dei..

4.1.5 ”Eit nytt perspektiv” – Forandringar og sjølvrefleksjon

Eg spør mødrene om det å bli mor har forandra dei på noko måte, der kvar einskild meiner dette er tilfelle. Dei er alle samde om at det å få barn har gitt dei eit nytt perspektiv, og gjort dei mindre egoistiske. Dei sjølv er ikkje lenger viktigast i verda, der dei no må sette seg sjølv til side til fordel for barnet. Live seier ho har blitt mykje meir ansvarleg enn det ho var før:

Altså før eg vart gravid så festa eg jo mykje, og var berre ein vanleg, typisk student. Eg hadde ikkje mykje ansvar i livet, og gjorde akkurat det eg ville. Eg var meir egoistisk, utan tvil.. Eg tenkjer mykje meir på andre, ikkje berre på (barnets namn). Og så har eg sjølvsagt mykje større forståing for foreldre, og for mine foreldre, kor mykje dei har jobba for meg. Eg fekk ny respekt for mine foreldre..

Beate seier at det å bli mor har gjort ho mykje meir bevisst på seg sjølv, kven ho er og kva ho har fått med seg, kva ho har lyst å vidareformidle og ikkje. I samtalen med Beate, samt i Idas samtale kjem det tydeleg fram at det ikkje berre skjedde forandringar då dei blei mor, men at dei stadig må reflektere over pedagogisk praksis, og dermed opplev forandringar til stadigheit. Ida viser til vanskar i kveldsrutinene:

Ja, eg tenkjer; kva må eg gjere for at det ikkje skal bli slik neste gong? Vi brukar ein del tid oss i mellom, som foreldre.. Strategi vert veldig teknisk, men på dei områda som er faste rutiner, der vi opplev det som vanskeleg å få til eit godt samarbeid med (barnets namn), så snakkar vi om det. Kan vi gjere dette annleis eller..? Så må ein endre strategien..

Beate viser til vanskelege situasjonar der ho kan kjenne på sinne, der ho reflekterer omkring det ho gjer:

Det er av og til vondt å kjenne kor sint ein kan bli, og at det er nesten slik at ein må gå vekk, og roe seg sjølv ned fordi at.. Kanskje det treff noko i ein sjølv, sant, at ein.. Både det at ein ikkje taklar denne situasjonen, no vert eg sint. Men kvifor vert eg så sint? Det er så mange tankar og kjensler som er med i det. Ein kan kjenne at ein blir veldig lei seg, ja, at ein er redd for at ein skal ha sagt eller hatt ei holdning som gjer at dei vil bere det med seg.. og det er kanskje det som er alle foreldres skrekk. At du skal påføre barnet ditt ein uvitande vilje..

4.2 Omsorg og oppseding

Innanfor omsorg og oppseding valte eg å samtale med mødrene om kjærleiken dei har til barna sine, samt kva dei ser på som viktigst i omsorga og for relasjonen mellom dei og barnet. Eg ynskja å få djupare innblikk i mødrenes verdiar og håp for barna, kva dei ser på som utfordrande i omsorga og oppsedinga, samt korleis dei ser på utvikling og læring i det kvardagslege.

4.2.1 ”Ei beskyttande løvemamma” – Kjærleik og bekymring

Når eg spør informantane om dei kan beskrive kjærleiken dei føler for barna sine, har dei alle litt startproblem. Det å skulle setje ord på denne type kjærleik er utfordrande og vanskeleg, seier fleire av dei. Johanne uttrykkjer at kjærleiken ein har til sine egne barn er ein type kjærleik som skil seg fra andre typar kjærleik, som til dømes den kjærleiken ho har til ektemannen sin. Barna hennar betyr alt for ho, og er dei absolutt viktigaste personane i hennar liv. Live synes det er vanskeleg å beskrive denne kjærleiken, men legg likevel til:

Det er jo ingen andre eg kan sitje å sjå på i tre timar, kvar dag, sitje å leike for seg sjølv, i open barnehage f.eks. Eg sit jo berre å ser på ho i fleire timar, og synes det er dødsgøy! Sjølv om ho gjer jo ingenting, puttar nokon leiker i munnen, slår dei i bakken liksom.. Så det er jo berre heilt utruleg!

Beate synes det er vanskeleg å skulle setje ord på kjærleiken ho har til barna sine, og tenkjer av og til at ein kan bli så opphengt i alt ein skal føle, at ein skal kjenne det så voldsomt. Det betyr ikkje at kjærleiken ikkje er der, men det er ikkje alltid ein kjenner den slik, seier ho. Amalie seier kjærleiken er altoppslukande, og at den kjærleiken ho har til sine barn er det einaste som er større enn ho sjølv. Ida tenkjer seg om før ho svarar, men kjem fram til at kjærleien ho har til barnet sitt er umiddelbar og ubetinga. Ho utdjupar:

Eg opplev den som veldig intens, veldig aktivert. Ikkje fordi ein alltid får augene fulle av tårer kvar gong eg ser han, men at.. Det er jo ingen andre som eg elsker så umiddelbart, eller så..

Eg trur ikkje eg kan elske eit anna menneske så, eventuelt andre barn viss eg får fleire barn, men eg trur ikkje eg kan elske nokon andre enn mine egne barn på den måten eg elsker han. For den oppstår ikkje fordi relasjonen har vore god over tid, sant. Den oppstår berre ut av intet. Eg tenkjer at den er veldig sterk, for eg tenkjer hadde nokon teke (barnets namn) ut av livet mitt no, så hadde aldri livet mitt blitt like bra igjen, uansett.. Det hadde vore umogleg..

Kjærleik og bekymring er ofte knytta tett saman, noko som kjem tydeleg fram i dei ulike samtalanane med informantane. Eg spør mødrene om dei bekymrar seg for barna sine, og Amalie og Johanne seier begge at dei ikkje bekymrar seg så mykje, men gir samtidig uttrykk for at dei bekymrar seg for både barnehagestart og skulegong, barnas språkferdigheiter og sosiale relasjonar. Ida, Live og Beate derimot, seier dei bekymrar seg mykje, og då i høve til det meste. Ida seier ho kanskje bekymrar seg vel mykje, over snittet mykje i mange tilfelle. Men legg likevel til at ho trur dette er heilt normalt, og at alle mødre bekymrar seg. Ho seier:

Eg bekymrar meg ofte for at han skal bli sjuk, slike ting ein overhode ikkje har kontroll over. Og den største frykta er jo at han skulle døydd frå meg, altså at vi skulle ha mista han på ein måte. For det hadde.. det går ikkje an.. det orkar eg ikkje ta stilling til, for det er så forferdeleg..

Beate seier ho bekymrar seg for den verda vi lev i, det samfunnet og miljøet barna veks opp i:

Eg ser jo det at vi, eller dei veks opp i eit heilt anna samfunn enn kva eg voks opp i. Eit miljø med fleire utfordringar og fleire nyansar enn kva eg gjorde. Eg kom frå ei lita bygd der alt var forutsigbart og trygt, også veks plutselig ungane våre opp i ein by, med heilt andre utfordringar..

Beate rundar av med å seie at ho mest har desse daglege bekymringane for barna sine, der ho kan stoppe opp i laupet av dagen, tenkje på dei, og håpe dei har det bra der dei er. Ho tilføyer til slutt at etter at ho fekk barn, merkar ho at ho kjenner meir desse store kjenslene, at ho kan vere veldig glad og stolt av dei, som ei beskyttande løvemamma, der ingen får gjere noko med barna hennar. Samtidig som ho kan bli så sint at ho har lyst å hive barna ut gjennom vindauget. Ho flirer medan ho seier:

Off, hehe.. Stygt bilete, eg hadde aldri kompt på å gjort det, bere slik at det er sagt. Men dei spelar på heile følelsesspekteret ditt..

4.2.2 ”Ingen har den same utømelege kilden” – Det viktigaste i omsorga

Når eg spør informantane kva som er det viktigaste i omsorga for barnet deira, handlar samtlege av svara om tryggleik, tilknytning, tilstadeværelse og kjærleik. Tryggleiken er det overordna, nemleg at barnet skal føle seg trygg på at dei har tilgjengelege vaksne omkring seg, tryggleik om at dei er elska, og tryggleik om at dei er hos nokon som forstår dei.

Det foreldra ser på som viktig i omsorga, kjem også til syne i svara dei gir når eg spør dei om kvifor dei valte å vere heime med barna sine utover endt fødselspermisjon. Dei alle meiner det var for tidleg for barnet å byrje i barnehagen, og meiner dei sjølv kan gjere ein betre jobb i omsorga for sitt barn på dette tidspunktet. Beate tenkjer at:

Institusjonane tek dei tidleg nok, og den tryggleiken, som dei heilt sikkert kan få i barnehagen, eller med dagmamma eller kva det er, er sikkert god, men at eg har eit ansvar som forelder, når eg har satt barn til verden, at eg viser både meg sjølv, ungen og omverda, at dette her vil eg hegne litt om.

Om barnehagestart seier Ida:

Nei, eg følte (barnets namn) var for liten, altfor lenge å vere vekke frå oss. Vi veit for lite, eg tenkjer sånn pedagogisk, kva det har å seie for han. Eg har ikkje lyst å overlate han i hendene til nokon andre, for han er jo fortsatt relativt hjelpeslaus. Han er liksom avhenigig av at andre omkring han vil han godt for at han skal få ein god dag. Han treng tett oppfølging, mykje stimuli, mykje kjærleik. Han treng jo ikkje å vere med oss, men eg tenkjer at det beste for han er å vere saman med oss, for det er jo ingen andre som vil han så godt som vi, fordi det er jo ingen andre som har dei same kjenslene for han som vi har.

Johanne er inne på mykje av det same som Ida, og seier vidare:

Ein veit ikkje korleis det vil påverke dei. I barnehagen er det ikkje personar som ELSKER barna, det vert aldri den same kjærleiken eller omsorga.. Altså, kvifor skal dei vere klar når dei er eitt år liksom? Presis no er du er eitt år, no er du klar til å gå ut, når han berre er vandt til å vere heime hos meg, og så plutseleg no skal du ut, eg veit ikkje.. Det verker litt unaturleg. Det skal jo vere han som skal lausrive seg litt meir og meir, ikkje berre eg som; vær så god, no skal du vere der..

Live uttrykkjer at ho ikkje veit så mykje om barnehagar, og trur at eittåringar ikkje får så mykje ut av det. På same tid synes ho det er ei dum unnskyldning frå myndigheiter at barn må

i barnehagen for å bli sosialisert. Ho meiner det er viktigare for ein eittåring å ha faste og trygge omsorgspersonar omkring seg, noko ho trur er mangelvare i barnehagen grunna mange sjukemeldingar og utskiftingar i personalet.

Når eg spør Amalie om kva tankar ho har omkring omsorga barnet får hos henne, i høve til den omsorga det får hos andre, kjem det kontant:

Dei (barna) får ikkje betre omsorg enn hos meg. Eg er den som gir best omsorg for dei.

Punktum. Det er ikkje noko tvil i det. Eg er mammaen deira. Eg kjenner dei best, fordi eg er så mykje tilstades for dei..

Ida seier følgjande om omsorga ho gir barnet sitt:

Eg tenker at det er ingen andre, ikkje ein gong faren, vil eg tørre å påstå, har ein same.. faren har ein annan moglegheit til å skru den av og på.. Eg tenker at andre kan gi han en kvalitativ god omsorg, men det er ingen andre som har den utømmelige kilden som eg har. Det betyr ikkje at eg alltid tar dei beste vala for han, men det er jo ingen andre som er mora hans. Eg meiner berre at det er ingen andre som har så sterke kjensler, ingen andre som har den samme drivkrafta.. For det er ingen andre, bortsett fra (ektemannens namn), som har det viktigaste målet i livet sitt no, at (barnets namn) skal få eit godt liv.

4.2.3 ”Det spelar ingen rolle om vi les ei bok eller plukkar ugras” – Relasjonen mellom mor og barn

I samtalane om relasjonen mellom foreldre og barn, stiller eg mødrene ulike spørsmål der dei får snakke om samværet mellom seg og barnet sitt ein vanleg kvardag, kva dei tenkjer er viktig for relasjonen mellom seg og barnet sitt, korleis dei tolker ulike signal som barnet gir, og korleis dei responderar på barnets ulike uttrykk og handlingar. Eg ser her likskap i mange av svara frå dei ulike informantane, der tryggleik er ein faktor dei alle meiner er viktig for at relasjonen skal utvikle seg godt mellom dei og barna. Live fortel at sidan ho sjølv vaks opp med skilde foreldre og to heimar, så er det viktig for henne å skape ein stabil heim for barnet sitt, der foreldra har det bra saman. Ho utdjupar:

Eg trur det er veldig viktig å vere mykje saman. Eg trur det skal godt gjerast å få eit dårleg forhold av å vere mykje saman med barna sine. Eg trur ofte at om ein er lite med barna så kan det oppstå heilt andre gnisningar. Eg trur barn er veldig opptekne av stemningar, så eg

har veldig trua på, som sagt, å ha god stemning i heimen generelt.. Skilsmisse og skilsmissebarn vert veldig bagatellisert i samfunnet..

Amalie meiner det handlar mykje om tillit. Ho vil at barna skal føle at ho som vaksen er til å stole på, at dei veit at ho er der for dei. Ho meiner også at klare regler og rutiner er viktig for relasjonen mellom ho og barna. Johanne har mange av dei same meiningane, men legg vidare til at sjølv om ho og barnet er usamde om noko, så er det viktig at ho som mor respekterer barnet som det menneske det er. Ida meiner at glede, tøys og moro er svært viktig, sett i eit kvardagsperspektiv. Vidare tenkjer ho at forutsigbarheit er noko av det viktigaste. I dette legg ho:

Det viktigaste for han er forutsigbarheit, ikkje dei daglegdagse gjeremåla nødvendigvis, men at eg har ein reaksjon mot han som ha kan forutsjå. Sjølvsagt er det nokon gongar ein vert irritert og sliten, men at han i utgangspunktet skal vite at viss han henvend seg, gret, så kjem eg for å hjelpe han. Det tenkjer eg er grunnsteinen, at han aldri skal vere usikker på kva som skjer, eller om vi kjem når han treng det..

Beate understreker viktigheiten av det å tilbringe tid saman. Ho tenkjer at det sjølvsagt er viktig at barna veit dei er elska og er trygge, men at barna veit at ho som mor synes det er kjekt å vere med dei, og at ho har tid til dei, det har ho lyst at barna skal vite. Ho seier:

Når vi gjer noko saman, om det er å gå ein tur eller vere ute i lag.. Så tenkjer eg at det er fyrst og fremst dette her fellesskapet med oss, det er ikkje nødvendigvis viktig kva vi gjer. For eg har lagt merke til at det å berre få vere med å vaske litt på badet, eller ta ut av oppvaskmaskina, og vere med litt, det er viktig for dei. Og da spelar det ingen rolle om vi sit å les ei bok, eller om vi plukkar ugras..

4.2.4 ”Det er eit dristig prosjekt!” – Oppseding og utfordringar

Eg spør mødrene kva dei tenkjer om oppseding, korleis dei synes det er, kva som kjennes utfordrande og vanskeleg, og om det er nokon dei rådfør seg hos dersom dei er i tvil om noko. Mødrene gir uttrykk for at oppseding kan vere svært utfordrande. Det å skulle oppsede eit anna menneske er ikkje spøk, og Amalie legg tydeleg vekt på at det ikkje berre er barn som treng rettleiing og hjelp, men like mykje foreldre. Ho tenkjer:

Barn må få vere slik dei er, men eg syns ikkje vi vaksne er flinke nok til å handtere og sjå kvart barn. Eg skulle nesten ynskje at alle som vart gravid skulle gå på eit obligatorisk kurs

før dei fekk med seg barnet heim fra sjukehuset.. Barn er eit resultat av omgivnadane. Dei er speilbiletet vårt..

Vidare seier Amalie at ho synes oppseding er utfordrande nettopp fordi ho står som ansvarleg for barnas oppførsel, og så har ein ingen garanti for korleis det vil gå. Beate er inne på det same, og seier:

Eg synes det er.. eit dristig prosjekt! Du veit ikkje kvar det fører hen. Eg har høyrte at besteforeldre kan sjå på sine barnebarn om dei sjølv har vore gode foreldre for sine barn. Korleis ein då oppsed sine barn, vil ein sjå fruktene av sine. Eg tenkjer mykje på det, og håper dei får med seg det viktigaste..

Samtidig legg Beate til at ein kan ikkje heilgardere seg mot alt heller. Barn må få erfare sjølv, ein må kunne sleppe dei litt, og ikkje vere ei hønemamma som skal ha kontroll på alt. Det er viktig at barn får rom til å teste ut litt, seier ho.

Ida seier ho ikkje tenkjer så mykje på oppseding. Ho tenkjer heller på omsorg framfor oppseding, sidan ho fort forbind oppseding med grensesetting, sjølv om ho veit at omgrepet rommar mykje meir. Ho synes likevel at oppseding i praksis er vanskeleg, der ho dreg fram ein situasjon omkring kveldsrutinen. Ida forklarar at legginga ofte er svært krevjande, spesielt når ektemannen har seinvakt, og ho har ansvaret aleine. Ho utdjupar:

Når eg da skal legge han, så er det liksom siste post på programmet mitt med han den dagen, og viss eg da er trøyt så kan eg bli irrasjonell og utolmodig. Da blir det ofte slik når du skal legge han ned i senga for 54. gong, så held du han kanskje hardare i armane enn du hadde tenkt, eller plutselig seier du "hysj" på ein måte som viser tydeleg at du er irritert, eller at no er det nok.

Dette synes Ida er forferdeleg og svært utfordrande, der kvelden vert øydelagt for henne fordi ho reagerer slik ovanfor barnet. Ho avsluttar:

Eg føler meg enormt mislukka som mor når eg uttrykkjer frustrasjon mot han, på hans adferd. For det er jo ikkje intensjonen hans..

Johanne syns også det er utfordrande å alltid skulle reagere rett i ulike situasjonar, spesielt når ho er trøyt og barna sutrar og maser. Ho synes også det er vanskeleg med ein viljesterk trearing i hus, som ofte ikkje vil det Johanne vil. Ho utdjupar:

Ho (barnet) vil nesten aldri at eg skal kle på ho, det vil ho berre ikkje. Det er liksom berre noko ein må gjere sjølv om ho ikkje vil.. Nokon gongar, viss mannen min er heime, så ber eg han om å kome å hjelpe meg å halde henne.. Så ja, det kan vere utfordrande nokon gongar..

Beate kjenner at trass og dagleg testing av grenser kan vere utfordrande, og ser det har veldig mykje å bety korleis ein responderar i kvar situasjon. Er ho klok klarar ho å sjå barnet og barnets situasjon, men nokon gongar vert det kort prosess, ofte fordi ein er trøyt og lei. Beate forklarar at dersom barna viser ein uønska atferd, gir ho dei fyrst muntleg beskjed, og dersom dei har fått det nokon gongar, så hender det ho sender dei på gangen. Når eg spør ho om kva ho prøver å oppnå gjennom denne handlinga, seier ho:

Eg trur det berre er ei slik handling eg gjer fordi eg treng å få det litt.. eh.. kanskje det er for min eigen del. Kanskje eg treng ei pause frå det urolege barnet. Men så har eg jo sett at det ikkje alltid funkar, at det låser seg heilt, at dei bere blir heilt krakilsk.. Eg har tenkt på det i det siste. For eg hugsar eg sjølv vart sett på gangen, og det var ikkje noko kjekt.. Kanskje det ikkje er noko bra å gjere det på den måten.

Når eg spør Beate om kvifor ho tenkjer at dette ikkje er bra, fortel ho kor sterkt inntrykk det gjorde på henne:

Det vart på ein måte som ei avvisning, å site der i trappa, eller måtte gå ut fordi ein var umogleg. Også var det kanskje ikkje.. Du ville ikkje vere umogleg når du sat ved bordet, men du var kanskje berre lei deg eller.. at det var noko anna eigentleg, som låg under. Eeh.. Så kanskje, viss eg heller tek dei ut av situasjonen, og heller gjer noko roleg, så får vi kanskje ein annan effekt. Eg veit ikkje..

Johanne seier at oppseding er ei viktig oppgåve, og ho prøver å vere eit godt førebilete. Men ofte er det slik at ein ikkje gjer det ein seier at ein gjer, og tilføyer at det er godt å kunne snakke med andre som har erfaring på området. Dette er viktig for fleire av mødrene. Både Johanne, Ida, Live og Beate samtalar og rådfør seg hos andre småbarnsmødre og hos fagkyndige på helsestasjonen. På same tid let dei ikkje alle råd og henvisingar frå andre lede an i omsorga. Beate seier at mykje av kunnskapen bak foreldreoppgåva ligg der naturleg, og at ein må bruke sunn fornuft. Ho legg også til at mykje av måten ho vel å oppsede barna sine på byggjer på den kristne trua ho har, der nestekjærleik og omsorg for andre står sentralt. Live er også inne på dette med fornuft og logikk. Ho seier:

Mykje er jo veldig opplagt.. Kan vi ikkje berre gjere det som føles logisk riktig og naturleg? Det er jo veldig mykje som fell naturleg som er riktig..

Ida seier at kunnskapen ho har om det å vere foreldre handlar om ein interesse ho har om å vere ei god mor. Ho oppsøker difor informasjon gjennom bøker og internett, men samtidig legg ho vekt på erfaringar og instinkt. Ho utdjupar:

Ein har jo blitt oppseda sjølv, altså ein er jo eit barn av sine foreldre. Og så er jo det mykje i møte med andre.. Og så er det litt sånn instinktivt, viss du skjønar..

4.2.5 ”Eg gjer jo det same heime” – Utvikling og læring

I laupet av samtalen med kvar av informantane spør eg kva dei tenkjer om utvikling og læring i det kvardagslege, og om dei har tankar omkring den stimuleringa dei gir barnet sitt, kontra stimuleringa barnehagen tilbyr. Dei har alle ei bevisst haldning, men med ulike meiningar og ulik tilrettelegging for barna sine. Amalie legg vekt på at ho ynskjer at dagen skal vere tilrettelagt *for* barnet, og unngår difor å dra med seg barna omkring på kafè og handlesenter dei dagane ho har dei aleine. Det gjer ho når pappaen kjem heim eller når barna er lagt for kvelden. Vidare har Amalie, frå barna var 1 år gått fast tre dagar i veka i open barnehage. Dette meiner ho er viktig for at barna skal få møte andre barn og vaksne, og dermed utvikle seg sosialt. Vidare legg Dette gjeld også for Johanne, Live og Ida, som også brukar tilbodet jevnleg. Beate har ikkje teke i bruk dette tilbodet, og understrek kvifor:

Vi har hatt eit ganske aktivt liv elles i veka og i helgene, så eg har liksom tenkt at desse dagane, som ofte berre blir ein lang formiddag, er det greit å ikkje stappe full med ting. Ho (minste barnet) fekk såpass god tid til å leike med ho eine systra si før ho gjekk i barnehagen, at eg såg det eigentleg som verdi at vi berre kunne vere vi to, utan at vi gjorde så mykje, berre at vi var i lag.

Vidare seier Beate at ho synes det er viktig at barna får oppleve dagen slik som den er, med alle dens gjeremål og aktivitetar. På den måten får barna ta del i livet, og får innsikt i korleis livet er. Å samtale med barna er viktig for ho, der ho og mannen bevisst har valt å snakke vanleg til barna framfor eit mogleg ”babyspråk” i daglegtalet, og tilføyer at alle tre fekk språk tidleg. Ida seier at i starten av eit barns liv går mykje av utviklinga av seg sjølv, der ho dreg fram det motoriske som eit døme:

Det er jo ingen av oss som kryp omkring på golvet, men han (barnet) skjønner kva som er neste skritt..

Ida er likevel oppteken av delt merksemd, at dei som foreldre interesserer seg for det barnet er oppteken av. Ho meiner at sidan barnet leiar an utvikling si, må dei som foreldre vere tilstades å leggje til rette i dei ulike fasene til barnet. Dette er også Johanne einig i, og seier at det er viktig at ho som vaksen fylgjer barnas interesser og støtter barna i det dei held på med.

Live er svært oppteken av det sosiale og sørgjer for at barnet hennar får treffe andre folk kvar dag. Dei går i open barnehage og er mykje med familie og vener. Live synes det er viktig at barnet hennar blir god til å leike og får utvikle fantasien sin. Ho brukar difor mykje tid på å engasjere barnet med bøker og høgtlesning, rim, regler, sang og musikk, og held barnet bevisst vekke frå tv-titting. Musikk er viktig for familien, og barnet har allereie fått tilgong på instrument som piano og gitar. For Amalie er stimulering på det intellektuelle plan også svært viktig, der ho ynskja at barna skulle bli så sjølvstendig som mogleg før barnehagestart med gode språkferdigheiter. Ho bruker difor mykje bøker, der ho og barna kan lese bok etter bok på dagtid, samtidig som ho bevisst les for barna under kveldsmaten kvar kveld. Vidare utdjupar ho:

Eg prøvde å bruke mykje tid på å få dei ut av bleia, trente ofte på å gå på do, slik at alle tre var tidleg ferdig med bleie, både dag og natt. Slik at når dei byrja i barnehagen så var både språk.. ja, språket var tydeleg og dei kunne gå på do sjølv. Dei var sjølvstendige slik sett..

Når eg spør mødrene om kva tankar dei har omkring den stimuleringa dei kan tilby barna sine, kontra den stimuleringa barnehagen kan tilby, seier Ida:

Eg tenkjer at i barnehagen så vert han ein del av eit system, ei gruppe. Og det er veldig mykje fint å lære av å vere i eit fellesskap. Men eg tenkjer dei vil aldri gi.. Det er jo ikkje ein-til-ein i barnehagen. Det vil vere mykje av hans utvikling og hans behov som vil bli oversett, fordi han er ein del av ei gruppe. Så eg tenkjer at når han er saman med meg, så vil han få ein meir einsidig stimulering fordi eg er ein person. Samtidig får han moglegheit til å få her-og-nohjelp, og det vil alltid vere nokon som kan sjå han..

Ida er likevel ikkje negativ til barnehage, og kjem til å velje barnehage som omsorgsløysing for barnet sitt, men fyrst når han er klar for det. Ho refererer til ei veninne som jobbar i barnehage, og seier at det er enorm forskjell på eit barn som er 1 år og eit som er 1 ½ år, når

det kjem til evna å uttrykkje sine behov og kor sjølvforsynt ein er med hjelp. Amalie har desse tankane om barnehage og utvikling:

Eg er veldig negativ til at barn skal vere heime heilt til skulestart, det synes eg blir feil. For det er så mykje av det sosiale dei vil gå glipp av.. Men eg føler dei (barnehagen) ikkje kan gi dei (barna) så mykje meir, for eg maler med dei, baker med dei, og gjer dei same tinga som barnehagen gjer. Eg gjer jo det same heime.. Vi går på tur og samlar haustblad, limar dei på ark og heng dei på veggen. Men det barnehagen kan gi dei når dei er 2-3 år som ikkje eg kan gi, er samspelet med fleire barn i same aldersgruppe.

No synes Beate at barnehage er heilt topp for sine barn, men ikkje frå dei var heilt små, og heller ikkje frå tidleg morgon til sein ettermiddag. Men ho er nøgd med det barnehagen har å tilby:

Eg ser at barnehagen kan tilføre litt andre ting vi ikkje gir dei. Dei er mykje meir bevisst, alt barna skal lære seg.. Og eg ser og høyrer at dei lærer veldig mykje. Klart vi kan lære dei også, men da krev det ein heilt anna bevisstheit frå vår side.. Vi ser jo at det er meir krevjande å ha dei heime, større aktivitetsnivå. Og etter å ha vore heime i snart fem år, så kjenner eg at eg også treng litt luft..

4.2.6 ”Bli det dei er skapt til å vere” – Verdiar, håp og ynskjer

Eg stiller mødrene spørsmål om kva verdiar dei ynskjer barna skal ta med vidare i livet, samt kva dei håper og ynskjer for barna si framtid. Dei alle ynskjer at barna deira skal få oppleve seg trygge i verda, både på seg sjølv og andre. Ida uttrykkjer det slik:

Det er vel det at eg håper han skal ha eit sunt sjølvbilete, at han skal bli ein trygg gut. Etterkvart må jo han få ferdast utan at eg eller (ektemannens namn) fotfylgjer han, og da er det viktig at han har eit reisepapir kor han kan møte.. Altså, nokon vil synes at han er teit, nokon vil mislike det han gjer, og det er heilt greit, det er ein del av livet. Men han kan likevel vere trygg, at dei kan meine ein ting, og han kan meine ein annan. For det.. Det er liksom som å kle han opp i ein rustning i tryggleik på seg sjølv.

Dei ulike mødrene håper også at barna vil bli snille, omsorgsfulle og glade mennesker, at dei vil lukkast godt i livet, og oppleve gode relasjonar med andre omkring seg. Både Johanne, Beate og Ida håper at barna deira tek med seg gudstrua vidare i livet, sidan den kristne trua er

viktig for dei. Live legg ekstra trykk på dette med å bry seg, og ha tid til andre, framfor å heile tida tenkje på seg sjølv og sitt beste. Ho utdjupar:

Eg har tenkt mykje på at eg vil at ho skal forstå andre som har det vondt, og andre som.. Ja, outsiders i samfunnet. Planen er at eg skal ta ho med på litt veledigheit når ho vert eldre. Snakke med narkomane og alkoholikarar, berre la ho vite det at dei er ordentlege menneske dei og, at dei ikkje berre er ein alkoholikarar, eller berre ein narkoman, eller berre ein rumenar..

Å vise at ein har tid, er også noko Johanne set høgt. Ved at ho sjølv har valt å vere heime, håper ho at det viser barna at ho har tid til dei, og at dei då tek med seg denne verdien vidare i møte med andre menneske.

Både Johanne og Beate er begge inne på dette med barnas eigen fridom til å velje sine vegar for sine liv. Johanne seier:

Eg håper dei lukkast godt i livet, at dei trivast i skulen og får gode vener.. At dei får ein utdanning.. Eller om det er det dei vil. At dei får leve ut sitt fulle potensiale..

Beate seier:

Dei må få finne ut kva dei har lyst å gjere med sine liv, eg skal ikkje leggje noko press på dei. Eg håper dei kan bli det dei er skapt til å vere..

4.3 Heimearbeidande i dag

Sidan det er eit mindretal som vel å vere heime med barna sine etter endt fødselspermisjon, er det interessant å få innblikk i korleis det er å vere heimearbeidande. Eg spør mødrene om dei har nokon tankar om det å vere heimearbeidande og omsorgsansvarleg i ei tid der barnehageomsorg står sterkt, samt korleis dei opplev det å vere heime og kva respons dei får frå andre omkring på deira val av omsorgsløysing.

4.3.1 ”Åja, du er berre heime ja” – Heimearbeidande i møte med andre

Responsen mødrene får frå andre omkring seg er ulik. Dei fleste i Idas omgangskrets er sjølv heime med sine barn, og Ida fortel at ho som oftast får andres forståelse på valet om vere heime. Det same gjeld for Live. Men Beate og Amalie har fått fleire reaksjonar, og Beate seier det ikkje alltid er med stoltheit ho fortel til andre at ho er heime:

Så klart det gjer noko med meg. Det er ikkje alltid med stoltheit eg seier eg er heime, når eg i møte med andre får reaksjonar på at; "Åååja, du er berre heime ja". Og du møter reaksjonar på tv, i debattar der nokon mistenker mødre i å vere nærast late fordi vi ikkje går ut i jobb.

I ein tekstmelding eg fekk av Beate i etterkant av intervjuet, fortel ho om ein kommentar ho fekk frå nokon andre, som overraska ho. Beate fekk fortalt at ho vart litt mindre intelligent av å vere heime med barna sine, der Beate tok kommentaren i verste meining utan å respondere på det. I ettertid har ho tenkt at det var ein uheldig måte å formidle det på, sjølv om ho trur det var meint som ei trøyst. Beate sjølv føler seg ikkje mindre intelligent, men kanskje andre synes det, seier ho. Amalie har fått liknande kommentarar, og fortel korleis nokon møtte ho og valet hennar:

Dei seier: "Orkar du det? Orkar du verkeleg det? Eg skjønar ikkje at du gidd å gå heime med ungene så lenge..". Eg synes det er trist, for for meg var det det beste i livet.

Amalie fortel vidare at ho møter mykje motstand som at barna må i barnehagen. Ikkje berre frå andre omkring ho, men også i debattar på tv. Ho uttrykkjer:

Nei, eg vert heilt matt. At nokon med handa på hjartet kan sei at det beste for sitt barn er at det skal byrje i barnehagen når det er eitt år, og vere vekke frå ein av dei næraste omsorgspersonane, gjerne åtte timar dagen.. Eg tenkjer; meiner dei det? Meiner dei det verkeleg, eller berre seier dei det fordi samfunnet forventer det?

Beate og Ida har begge fått kommentarar når det gjeld det økonomiske. Sidan Ida er student får ho ofte høyre at det lønner seg å vere heime, og at det difor er forståeleg at dei har valt å utsette barnehagestart. Ida må innrømme at ho av og til gjøymer seg bak denne årsaken, slik ho slepp å gå i debatt med nokon. Beate og familien derimot lev på ei inntekt, og har fått ulike responsar. Ho seier:

Eit argument eg har møtt er; åååja, de har vel råa til det, fordi mannen din driv foretningar. Og tilsynelatande då har vi mykje pengar, og eg går berre heime. Av og til kommenterar eg og seier at vi legg forbruket der etter, for vi har berre ei inntekt, så eg må tilpasse meg, eg må spørje om pengar.

4.3.2 ”Det er ikkje godt nok å vere ei mor lenger” – Mødrenes opplevingar

Sidan dei ulike mødrene har fått ulike reaksjonar og kommentarar på deira val av omsorgsløysing, har dei også ulike opplevingar omkring den heimearbeidande tilværelsen.

Johanne seier:

Nokon gongar føler eg at eg BØR jobbe, eg BØR ta ei utdanning, liksom fordi alle andre gjer det. Eg kan nokon gongar føle at eg ikkje er nokon, fordi identiteten ofte er forbundet med det ein gjer, og at det ikkje vert prioritert så høgt å vere heime.

I samtalen med Live kjem ho inn på noko av det same som Johanne, der ho skulle ynskje at det kunne blitt meir godteken å vere heime med barna sine. Ho utdjupar:

Eg føler det ikkje er så respektert, at det er veldig fokus på karriere. At damer liksom; skal du vere heime med barna dine? Vil du ikkje gjere noko i livet ditt?.. Det er ikkje godt nok å vere ei mor lenger. Da har du liksom ingen andre talentar, eller noko anna du vil bli.

Beate seier ho til tider føler seg litt mindre, kanskje fordi heimearbeidande er i eit mindretal i samfunnet, og fordi det ikkje er politisk korrekt å vere heime med barna sine. Ho meiner at heimearbeidande i dagens samfunn heilt klart er motstraums, og seier:

Det var ikkje alltid enkelt å skulle sei det høgt, spesielt i einskilde samanhenger fordi ein får dette mistenksomme blikket; Kvifor går du ikkje ut i jobb igjen? Kva er så gale med deg at du ikkje kan jobbe? Eller at du får den; ja, de har så mykje pengar, at du kan berre gjere det, vi har ikkje raa. Av og til mistenker eg folk for å ikkje bevisst rekne over det. Ein må legge forbruket der etter, dersom ein verkeleg vil.

Live synes det er veldig mange som seier dei ikkje har noko anna val enn å sende barna sine tidleg i barnehagen. Men dette er Live usikker på. Ho trur mange kanskje har eit val likevel, men at ein berre er for godt vande. Kanskje ein ikkje kan kjøpe så mykje kle, eller ny sofa, eller reise på ferie, dersom ein ynskjer å vere heime med barna sine. Det er berre snakk om prioriteringar, trur Live.

Ida fortel at når ho til dømes møter folk som ho ikkje er med til dagleg, så antek dei som oftast at barnet hennar går i barnehagen. Da hender det at ho tek seg sjølv i å føle at ho må forsvare kvifor han ikkje går i barnehagen, sjølv om dei ikkje kritiserar ho. Ho legg vidare til:

I Noreg er jo eit barn høgt i rangstigen, det ligg veldig mykje til rette for svangerskapsomsorg, og det er jo eit satsingsområde, samtidig som ein så fort som mogleg skal få barnet inn på den institusjonen (barnehagen). Og det provoserar meg, for viss du har fått barn så har du teke eit val som er heilt annleis enn om du har valt å bli lege eller bibliotekar. Det er ikkje eit praktisk.. Det er eit ansvar som er overordna.. Eg håper at vi tillet oss å kjenne etter, viss vi får fleire barn, så håper eg at vi kan ta det valet som vi føler er riktig.

Sjølv etter ulike kommentarar seier både Amalie og Beate at dei er glad dei valte å vere heime med barna sine. Amalie seier:

Eg er superstolt av at eg har vore heime med dei. Eg kunne aldri teke eit anna val. At samfunnet meiner ein annan ting, det spelar ingen rolle. Eg har vore heime i sju år, og den dagen eg skal søkje jobb skal det stå med utheva skrift, at eg har vore heimeverande dei åra med barna, for det er det eg er mest stolt av at eg har gjort.

Beate seier ho er glad for at ho har vore heime med barna, at ho i alle fall gav kvar av dei to fulle år av si tid. Ho veit ho vil vere glad for dette når ho vert eldre. Ho avsluttar samtalen:

For eg har møtt fleire av dei, kanskje litt eldre som har sagt; ”Å, tenk om eg hadde fått gjort det, eg gjekk rett ut i jobb og eg angrar slik. Du skulle visst kor monge gongar eg har angra på at eg ikkje var heime..”. Også er det ingen som seier dei angrar på at dei valte å vere heime framfor å jobbe..

Kapittel 5. Drøfting

I denne studien har eg valt å rette fokuset mot heimearbeidande foreldre og deira omsorg og oppseding for sine barn, i håp om ei djupare forståing og eit utvida perspektiv på foreldrerolla og den omsorgs- og oppsedingspraksisen dei utøver. I ei tid der fagkunnskap og profesjonell omsorg står sterkt, var eg interessert i foreldres meiningar, og den rolla dei har for barnet, og då frå foreldre som vel annleis enn majoriteten. Dette for å gi større innsikt, vere til mogleg inspirasjon, samt skape refleksjon omkring pedagogisk praksis. Eg vil difor i dette kapitlet framheve og drøfte dei funna eg ser på som mest sentrale, for å kunne besvare forskningsspørsmålet mitt på ein best mogleg måte. Forskningsspørsmålet er som følgjande:

Kva tankar har heimearbeidande foreldre om si eiga rolle som omsorgsutøvar og oppsedar?

I analysekapitlet tok eg utgangspunkt i forskningsspørsmålet ved å presentere dei ulike funna gjennom kategoriane *foreldrerolla*, *omsorg og oppseding* og *heimearbeidande i dag*. Drøftingskapitlet har eg valt å dele inn i to delar, der fyrste del omhandlar foreldrenes tankar om omsorg og oppseding, og andre del om foreldrenes tankar omkring det å vere heimearbeidande i dag.

Ein kan ein sjå omsorg og oppseding som to overlappande aspekt, og difor vanskeleg å skilje (jmf. Kap. 2.2). Då eg skulle gå i gong med fyrste del av kapitlet, oppdaga eg fort at eg fekk vanskar med å setje opp ein oversikteleg og forståeleg framstilling, sidan alle funna eg presenterar er så tett knytt saman. Eg valte difor å drøfte dei ulike funna ut frå eitt overordna tema, som eg meiner er utgangspunkt for foreldrenes tankar og meiningar omkring omsorg og oppseding, nemleg *kjærleiken* foreldra har til barnet. van Manen skriv at foreldres kjærleik til barnet ikkje er eit pedagogisk resultat i omsorga, men ein av pedagogikkens betingelsar (van Manen 1993: 63), der ein kan sjå pedagogiske kvalitetar ved omsorga kome til syne gjennom kjærleiken. Ein kan sjå kjærleiken som eit grunnlag, der foreldre tenkjer, meiner og handlar ut ifrå kva dei ser på som best for sine barn. I fyrste del vil eg ved hjelp av kjærleikens makt gå djupare inn i foreldres tankar og meiningar gjennom følgjande kategoriar:

- Ei naturleg foreldreolle
- Eit nytt perspektiv – refleksjon og forandring
- Mellom fridom og autoritet
- Det store ”vågestykket”
- Frå verdier til handling

- Ein relasjon for utvikling og læring

I andre del vil eg kort drøfte foreldrenes tankar omkring det å vere heimearbeidande i dag, og korleis dei ser seg sjølv i møte med samfunnet. Eg vil i begge delane drøfte likskapar og ulikskapar frå eigne funn opp mot tidlegare forskning og den teoretiske tilnærminga.

5.1 Kjærleikens makt

Knud E. Løgstrup skriv at ein som menneske ikkje kan møte eit anna menneske utan å halde noko av den andres liv i sine hender. I dette ligg kravet om nestekjærleik, at ein ikkje er i stand til å la vere å handle, nettopp fordi vi som menneske avheng av kvarandre (Løgstrup 1999: 148). Denne avhengnaden vert skapt i det barnet kjem til verda, der barnet ikkje kan leve utan foreldrenes omsorg, samtidig som foreldra kan kjenne seg avhengig av barnet gjennom kjærleiken dei har til barnet. Ida tenkjer at dersom nokon hadde teke barnet ut av livet hennar no, så hadde livet hennar ”aldri blitt like bra igjen, uansett”. Kjærleiken Ida har til barnet beskriv ho som ”veldig intens, veldig aktivert”, der det ikkje er nokon andre ho elsker så umiddelbart. Den ”oppstår ikkje fordi relasjonen har vore god over tid. Den oppstår berre ut av intet” (jmf. Kap. 4.2.1). Kjærleiken skapar bekymring, der ein kan sjå bekymring som ein essensiell del av å vise omsorg for andre. Jo sterkare kjærleik ein har, jo meir bekymrar ein seg, og desto meir vert trangen til å vise omsorg (van Manen 2002a: 270). Beate fortel om desse daglege bekymringane ho har for barna sine, der ho kan stoppe opp i laupet av dagen, tenkje på dei, og håpe dei har det bra der dei er (jmf. Kap. 4.2.1). Beates bekymring vert som ei stadig påminning om barna, der ein kan dra parallellar til van Manens beskriving av bekymring som eit spirituellet lim som held foreldra og barnets liv saman (van Manen 2002a: 264).

Barnet har ei makt over foreldra sine som ingen andre har (Van Manen 1993: 24). Denne makta vert skapt gjennom sårbarheiten til barnet, som konfronterar den vaksne med eit krav om pedagogisk ansvarsbevisstheit. Denne sårbarheiten, samt kjærleiken foreldra har til barnet, skapar eit ynskje hos foreldra om å gjere det beste for sitt barn, der det kan vere vanskeleg å unngå å handle når barnet kallar på dei (van Manen 1993: 65-66). Ut frå Idas beskrivingar av den fyrste tida som mor, kan ein sjå denne makta barnet har over ho, der ho seier at alt anna enn barnet og den bobla dei levde i var ubetydeleg. Dette til tross for at ho sjølv synes det var knalltøft, der ho seier: ”eg var nok ein av dei som berre; kan ikkje vi ta den ungen ut? Kan ikkje eg få litt tid for meg sjølv? Kan ikkje eg få sove ei natt?”. Ein kan sjå dette som eit døme på den makta barnet har over Ida, som gjer det vanskeleg for ho å unngå å handle, uansett kor

sterkt ho kunne ynskje eit pusterom. Amalie fortel også at ho gjekk heilt inn i si eiga verd då ho fekk barn, og legg vekt på at ho ”var mamma, døgnet rundt”, der ho ikkje gjorde anna enn å vere tilstades for barnet (jmf. Kap. 4.1.2). Vidare seier Amalie at den kjærleiken ho har til barna sine, er det einaste som er større enn ho sjølv, noko som seier oss at barnas behov går foran hennar egne (jmf. Kap. 4.2.1). van Manen skriv at der andre kan unngå å handle fordi det heller freistar å mette egne behov, er det vanskelegare for foreldre å gjere det same, nettopp på grunn av den makta som ligg i kjærleiken til barnet (van Manen 1993: 24).

5.1.1 Ei naturleg foreldrerolle

I det ein vert foreldre står ein med eitt hovudansvarleg for barnets omsorg. Overgangen frå å berre ha seg sjølv å tenke på, til å få hovudomsorg for eit nytt menneske kan vere overveldande, noko både Live og Ida uttrykkjer (jmf. Kap. 4.1.2). Men innimellom beskrivingane om knalltøffe perioder og tilstandar av sjokk, kjem det tydeleg fram at sjølv kor overveldande det er å få barn, så fell morsrolla dei veldig naturleg. Live føler at ansvaret for barnet ”aldri har vore noko stort problem”, der ho vidare seier: ”Det er veldig rart, men eg hadde ganske trua på at eg skulle klare det fint, heilt frå byrjinga” (jmf. Kap. 4.1.4). Ida meiner at sjølv om det er overveldande å bli mor, er morsrolla den rolla, av mange roller her i livet, som kjem mest naturleg (jmf. Kap. 4.1.2). Ein kan her sjå likskap til det Nel Noddings seier om den naturlege omsorga foreldre har for sine barn, der samspelet mellom den vaksne og barnet er eit umiddelbart og likeverdig samspel, som oppstår naturleg ut frå kjenslene i forholdet (Strand 1996; Tholin 2001; Noddings 2003: 79-86). Det kan verke som at den naturlege kjærleiken mødrene føler for barna sine, gjer at dei naturleg veit korleis dei skal vise omsorg. Johanne seier at ”no er eg mamma, no tek eg dette ansvaret på meg. Så gjer eg det som skal til, og at det skal bli så godt som mogleg” (jmf. Kap. 4.1.4). Å gjere ”det som skal til” gir ein indikasjon på at Johanne veit kva barnet har behov for, og ynskjer å møte barnet slik at barnet får det så godt som mogleg. Ein kan sjå kjærleiken til barnet som ein tryggleik om at det ein gjer er godt, fordi kjenslene ein har for barnet krev det.

Likevel fortel Ida at ho er redd for å gjere feil, der ho dreg fram anbefalingane frå helsestasjonen som eit døme: ”Ikkje for mykje salt i maten? Uææh, kva betyr det?” (jmf. Kap. 4.1.3). Holthe skriv at fagkunnskap og ekspertråd kan gi motsatt effekt og skape usikkerheit hos foreldre (Holthe 1996: 36), noko som kan ha samanheng med det Ida uttrykkjer. Å skulle leve opp til alle ekspertråd og den kunnskapen som vert sett på som riktig, kan gjere at ein til slutt ikkje veit sjølv kva ein står for, og kva som er til det beste for sitt barn. Sidan barn er

forskjellige, må ekspertråda tilpassast og tolkast i lys av kvart einskild barns behov. Å gå etter kvar ein henvisning kan slite ein heilt ut, der fagkunnskap kan gå på bekostning av kva ein sjølv føler og tenkjer. Ein kan då gjere seg sjølv avhengig av andre i oppsedinga av barnet.

Sjølv om fleire av mødrene legg vekt på at det er godt å lese bøker og prate med andre småbarnsmødre og fagkyndige på helsestasjonen, let dei ikkje alle råd og henvisningar lede an i omsorga. Beate, Live og Ida snakkar om foreldreoppgåva som noko naturleg, der dei meiner kunnskapen i omsorga handlar om å bruke sunn fornuft, samt gjere det som kjennes naturleg og logisk riktig. Ida legg vidare vekt på at ”ein har jo blitt oppseda sjølv, ein er jo eit barn av sine foreldre”, der desse erfaringane kan nyttast (jmf. Kap. 4.2.4). van Manen skriv at vi alle lev med ein pedagogisk erfaring gjennom oppsedinga ein sjølv har fått, der ein utan denne støtta ikkje hadde visst korleis ein skulle ta vare på eigne barn (van Manen 2012: 2). Likevel er ikkje denne erfaringa tilstrekkeleg for den omsorga ein sjølv skal utøve, der det fyrst er når ein har fått eigne barn at ein forstår ansvaret og innhaldet i omsorga (van Manen 2012: 4). Dette er Beate inne på når ho seier at det å bli mor har gjort ho mykje meir bevisst på seg sjølv, kven ho er, kva ho har fått med seg, og kva ho har lyst å vidareformidle og ikkje (jmf. Kap. 4.1.5). Ho gir også uttrykk for at det har mykje å seie korleis foreldra er ovanfor barna sine, både på det ein får og ikkje får. Noko som handlar om at ein som barn av sine foreldre har fått dekkja mange av sine behov, men også blitt oversett eller avslått (jmf. Kap. 4.1.4). Dette viser det van Manen er inne på, om at det er fyrst når ein har fått eigne barn at ein forstår ansvaret ein har, der ein må reflektere omkring sin eigen oppseding opp mot den ein sjølv skal utøve. Dette vil eg utdjupe meir om i neste kapittel.

5.1.2 Eit nytt perspektiv – refleksjon og forandring

van Manen seier at kjærleiken foreldre har til barna sine kan berre kjennast og forstås av foreldre (van Manen 1993: 24), der denne kjærleiken kan gi foreldre eit nytt perspektiv i livet. Johanne viser dette når ho seier at det å bli mor er både fantastisk og spennande, der alt vert nytt og ein får andre kjensler som ein ikkje har kjent på før (jmf. Kap 4.1.2). Ein kan her sjå likskap til Helene Aarseths forskning *Finanskapitalismens kjønnsromantikk: Næringslivets kjønnskomplimentære familiekultur* (2014), der ho skriv at det ”skjer noe med disse kvinnene når de får barn”. Kvinnene beskriv det å få barn som eit hamskifte, der ei heilt vidunderleg, anna verd opnar seg for dei, og ynskje om å gå tilbake til jobbens krav vert merkjeleg framand. Vidare skriv Aarseth at dette skiftet berre vert beskriven av mødrene, og ikkje hos nokon av fedrene (Aarseth 2014: 207-208), noko som kan henge saman med det Magnussen

m.fl viser gjennom forskninga *Hvem skal passe barna?* (2001), om kvifor det som oftast er mødre som er heimearbeidande. Mødre har ofte eit større *ynskje* om å vere heime, der det kan vere ein mogleg samanheng mellom desse nye kjenslene og valet om å vere heime (Magnussen m.fl 2001: 64).

Det kjem fram i intervjuet at etter at kvinnene fekk barn har dei blitt mindre egoistiske, meir bevisst på seg sjølv og sine handlingar, samt tenkjer meir på andre omkring seg, ikkje berre barnet. Det er tydeleg at kvinnene har forandra seg, der Live fortel at ho har gått frå å vere ein typisk student, med mykje festing og lite ansvar, til å bli mor med ein større forståing og respekt for korleis andre omkring ho har det (jmf. Kap. 4.1.5). van Manen skriv at det å bli foreldre forandrar livet eins på fleire område, der eit av dei er måten ein ser seg sjølv og livet sitt før ein fekk barn, samt etter ein fekk barn (van Manen 2002b: 14; 49). Dette er interessant å sjå, og då kanskje spesielt hos Live, som ganske ung og uventa vart gravid, i høve til dei andre kvinnene som var både eldre, meir etablert og kanskje meir klar for barn. Verken Live eller kjærasten var særleg lukkeleg over nyheiten om Lives graviditet, der dei begge er i byrjingsfasen av studie- og arbeidsliv. Ei slik forandring kan tenkjast å vere hardare for Live enn for dei andre kvinnene som kanskje hadde det å få barn som eit klarare ynskje. Likevel snur Live heilt om på livet sitt til fordel for barnet, der ho legg festinga på hylla, studiane til sides for ei stund, og rettar fokuset mot barnet og barnets behov. Ein kan her sjå likskap til det van Manen seier om å ikkje lengre kunne leve komfortabelt med sitt gamle sjølv, og difor må forandre måten ein lev på og eventuelle dårlege vanar ein måtte ha (van Manen 2002b: 14; 49).

Sjølv om det skjedde forandringar hos alle mødrene når dei vart mor, kjem det tydeleg fram gjennom intervjuet med Beate og Ida at dei stadig må reflektere over pedagogisk praksis, og difor opplev forandringar til stadigheit. Ida kallar dette å ”endre strategien” for å skape eit betre samarbeid med barnet når det oppstår vanskar mellom dei på ulike område (jmf. Kap 4.1.5). I denne strategiendringa tenkjer ho og ektemannen gjennom kva dei kan gjere for at ulike situasjonar skal bli betre neste gong. Når dei kjem fram til nye løysingar endrar dei strategien, for å mogleg gjere situasjonen betre for både barnet og dei. Sævi skriv at når ein beskriv, analyserar og reflekterer over ein vanskeleg, pedagogisk situasjon, kan ein sjå situasjonen frå ulike vinklar og dermed endre måten ein tenkjer og handlar (Sævi 2013: 238).

I samtalen med Beate fekk eg ta del i refleksjonar ho gjorde seg der og då, der ho fortel om kvifor ho vel å sende barna på gangen når dei ikkje gjer slik ho ynskjer. Det er interessant å

sjå korleis Beates beskrivingar går over i djupe refleksjonar om kvifor ho gjer det ho gjer, som til slutt resulterer i ny innsikt og ei mogleg endring av eigne handlingar:

Eg trur det berre er ei slik handling eg gjer fordi eg treng å få det litt.. eh.. kanskje det er for min eigen del. Kanskje eg treng ei pause frå det urolege barnet. Men så har eg jo sett at det ikkje alltid funkar, at det låser seg heilt, at dei bere blir heilt krakilsk.. Eg har tenkt på det i det siste. For eg hugsar eg sjølv vart sett på gangen, og det var ikkje noko kjekt.. Kanskje det ikkje er noko bra å gjere det på den måten.

Då eg spør Beate om kvifor ho tenkjer at dette ikkje er bra, fortel ho kor sterkt inntrykk det gjorde på henne:

Det vart på ein måte som ei avvisning, å site der i trappa, eller måtte gå ut fordi ein var umogleg. Også var det kanskje ikkje.. Du ville ikkje vere umogleg når du sat ved bordet, men du var kanskje berre lei deg eller.. at det var noko anna eigentleg, som låg under. Eeh.. Så kanskje, viss eg heller tek dei ut av situasjonen, og heller gjer noko roleg, så får vi kanskje ein annan effekt.

Ein kan sjå refleksjonane Beate gjer seg samsvare med det Sævi seier om å bringe fram det som ”før var oversett fra bakgrunn til forgrunn, og gjør det tilgjengelig for kritisk refleksjon, som igjen kan føre til ny innsikt og forandring” (Sævi 2013: 238). På same tid kan ein sjå korleis Beate stopper opp og ser situasjonen ut frå barnets perspektiv. Tholin kallar dette for inntrykksømheit, som nettopp handlar om å rette merksemda mot barnet, og bli berørt av dei signala barnet gir (Tholin 2013: 98-103). Vidare er det interessant å sjå til det van Manen seier om korleis barndommen har stor tyngde og set merker i eins liv, der ein lærer av den oppsedinga ein sjølv har fått (van Manen 2012: 4). Som barn har nok alle tenkt at ein aldri skal bli som mor eller far sin, spesielt når ein har kjent seg urettferdig behandla. Men som vaksen kan ein oppdage at ein gjer dei same type handlingane som sine foreldre, nettopp fordi desse handlingane har merka livet eins. Dette er Beate er eit døme på, der ein kan sjå korleis ho vidarefører til sine eigne, den type handlingar ho sjølv opplevde som barn, til tross for korleis ho sjølv kjente det. Risikoen ved å ikkje granske seg sjølv og reflektere over handlingane ein gjer, er at ein kan påføre sine eigne barn den uretten ein sjølv opplevde frå sine foreldre, sidan ein lærer av den oppsedinga ein sjølv har fått. van Manen skriv at som vaksen må ein vere betre enn barnet på å ta til seg lærdom, fordi barnet igjen skal lære frå den vaksne (van Manen 2002b: 85-86). Ved å stadig stoppe opp og tenkje over det ein gjer, vil ein

vere i kontinuerleg forandring til hjelp både for barnet og seg sjølv. Ein kan då i større grad unngå det Beate meiner er alle foreldres skrekk; at ein skal påføre barnet sitt ei uvitande vilje, der ein er redd for ein har sagt eller hatt ei holdning som gjer at barnet vil bere det med seg vidare i livet (jmf. Kap. 4.1.5).

5.1.3 Mellom autoritet og fridom

Fleire av mødrene kjem naturleg inn på dette med reglar og rutiner når vi snakkar om korleis det er å vere mor, samt kva dei ser på som viktig for relasjonen mellom dei og barna. Foros & Vetlesen skriv at å setje grenser for eit barn er naudsynt, og kan innebære to ting; å stoppe barnet når det går for langt, og å forhindre at det skjer gjennom å klargjere rammer og reglar på førehand (Foros & Vetlesen 2012: 190-191). Amalie legg til dømes vekt på reglar og rutiner slik at barna veit at ho som vaksen er til å stole på, og slik at barna veit ho er der for dei. Dette er også Ida inne på og vektlegg dette med forutsigbarheit, at ho alltid har ”ein reaksjon mot han som han kan forutsjå”, slik at barnet ikkje skal kjenne seg usikker på kva som skjer. (jmf. Kap 4.2.3). van Manen skriv at foreldres pålitelegheit og kontinuitet er viktig i relasjonen med barnet, for at barnet skal kjenne seg trygg og sikker (van Manen 1993: 52-53; 2012: 5), der rammer og reglar for barnet vert ein sentral del. Når eit barn kjenner kvardagen som oversikteleg og forutsigbar, lærer barnet kva krav og fridom som er gjeldande i ulike situasjonar (Foros & Vetlesen 2012: 190-191).

Beate dreg fram dette med grenser, der ho ser på seg sjølv som ei streng mor. Å vere streng kan tolkast på fleire måtar. På den eine sida kan ein vere streng gjennom ein autoritær haldning ovanfor barnet, der ein set grenser for barnet ved bruk av makt og tvang (Myhre 1981: 56; Sævi 2007: 123). På den andre sida kan det å vere streng handle om å vere konsekvent, der ein bestemt held fast på visse grenser fordi det er til det beste for barnet. Eg fekk ikkje inntrykk av at Beate set grenser fordi ho ynskjer å heve sin eigen maktposisjon ovanfor barna. Men fordi ho *vel* å setje grenser, framfor å ikkje setje grenser i det heile, ser ho på seg sjølv som streng. Hennem skriv at fleire ser grenser og grensesetting som påbod og forbod for barn (Hennem 2005: 196), der det kan tenkjast at det å forby noko har ein negativ klang. Sjølv om Beate meiner at grenser er nødvendig, verker det som om ho må forsvare grensesettinga ved å kalle seg streng, sjølv om ein autoritær maktposisjon ikkje nødvendigvis er tilstades i relasjonen. Det verker som om dersom ein seier ein set grenser for barna sine, er ein automatisk streng. Og seier ein at ein ikkje er streng, kan faren vere større for å bli tolka dit hen at ein ikkje set grenser i det heile.

Både van Manen (1993) og Foros & Vetlesen (2012) meiner at barn må få oppleve ein balanse mellom autoritet og fridom. I Aarseths forskning kjem det tydeleg fram at mødrene vektlegg at barna ”er i balanse”, noko som kan tyde på ein balanse mellom fridom og grenser. Denne balansen handlar om at barna kjem seg ”til sengs i rimelig tid, at de spiser sunt og skjerms fra ”forstyrrende element” som for eksempel Tv-serier, sosiale medier og dataspill” (Aareseth 2014: 211). Hennem skriv at grensesetting er ei handling som er med på å sosialisere eit barn i ein kulturs moralske kodeks (Hennem 2005: 196), der foreldre set grenser for barna sine gjennom normer og verdiar dei ser på som viktige. Dette skjer gjennom å rettleie, vurdere og sanksjonere barnets handlingar (Dale 1980: 79). Det som er interessant å sjå i Aarseths forskning er at framfor å seie at ein har ei grense for kor lenge barna får vere oppe, eller reglar for kor mykje tv-titting som er lov, snakkar mødrene om ”balansen” dei prøver å oppnå gjennom føringar ein kan sjå som grensesetting. I egne funn ser eg også at nokon av mødrene ikkje nemner grenser eller reglar i sine beskrivingar, men likevel legg føringar for sine barn gjennom det dei sjølv meiner er viktig. Dei bruker ikkje nødvendigvis ordet ”balanse”, men Ida seier ho heller bruker omgrepet omsorg om rettleiinga av barnet, framfor oppseding, fordi ho forbind oppseding med grensesetting (jmf. Kap. 4.2.4). Sjølv om Ida ikkje er negativ til rutiner og reglar for barnet sitt, verker det som om ho ser grensesetting som negativt, noko som kan tyde på at det er noko med omgrepet som gjer at ein ikkje ynskjer å ta det i bruk. Som allerie nemnt i avsnittet over, kan grenser og grensesetting oppfattast som forbod, sjølv om det er ein naturleg del av å oppsede (Hennem 2005: 196). Slik eg forstår det kan grensesetting ofte bli forbunden med makt og overtak, der den vaksne, gjennom ein autoritær veremåte, gjer barnet til ein svakare part som ikkje har fridom til å kunne ta nokon avgjersler på eiga hand. Dersom ein ser grenser på denne måten, er det forståeleg at ein vel å ordleggje seg anneleis om måten ein legg føringar for barnet. I relasjonen mellom barnet og den vaksne vil det naturleg vere ein assymetri, der den vaksne har autoritet. Men hos den vaksne kan ein skilje mellom ein *autoritær autoritet* og ein *faktisk autoritet* i barnets oppseding. Der den autoritære handlar om makt og tvang, vil ein faktisk autoritet vere til hjelp og rettleiing for barnet om kva som er bra og ikkje. Det handlar om ein faktisk autoritet barnet *gir* den vaksne, gjennom tillit og anerkjenning ut frå den erfaringa og kunnskapen den vaksne har (Skjervheim 1992: 29; Skoglund 2014: 44). Ein kan difor sjå grenser som presentasjon og representasjon av verda for barnet, ved å vere eit førebilete med kunnskap frå eit levd liv som barnet ikkje har (Mollenhauer 1996; Foros & Vetlesen 2012: 166).

Vidare seier Beate at sjølv om set grenser, er ho samtidig oppteken av at desse grensene ikkje må bli for faste, men ha visdom til å løsne på grensene når det trengs (jmf. Kap. 4.1.3). Johanne seier at sjølv om ho og barnet er usamde om noko, er det viktig at ho som mor respekterer barnet som det menneske det er (jmf. Kap. 4.2.3). Dette handlar om å sjå og anerkjenne barnet, og vere det van Manen kallar ein ”child-watcher”, som ser med eit djupt og heilhetleg blick kva barnet treng i ulike situasjonar (van Manen 2002b: 26-31). I nokon situasjonar kan det vere naudsynt og stramme inn rammene, for å rettleie barnet vekk frå farer eller vanskelegheiter. Men som Beate og Johanne seier er det viktig at dei til tider også løyser barnet frå visse grenser i respekt for barnet, slik at barnet kan oppleve sjølvverksemd gjennom fridom til å ta eigne beslutningar (Mollenhauer 1996: 82; Biesta 2011b: 32). Å vere ein ”child-watcher” krev visdom, som Beate uttrykkjer, der ein som vaksen må sjå barnets utviklingsnivå opp mot den fridomen ein gir barnet. Når Beate seier at ein regel ikkje må vere ein regel uansett kva, begrunnar ho dette med at barn er forskjellige og har forskjellige behov (jmf. Kap 4.1.3). Denne visdomen kan ein sjå i likskap med det van Manen seier om takt og sensitivitet for barnets ynskjer og moglegheiter. Beate viser gjennom intervjuet at for sine barn krev ulike situasjonar meir eller mindre involvering frå hennar side, sidan barna er forskjellige. Van Manen skriv at ei slik evne handlar om ein sterk ”fornemmelse for normer, grenser og balanser” der ”den taktfulle synes å fange intuitivt opp hva som er det riktige å gjøre” (van Manen 1993: 114). Ved å gi barnet fridom utan nokon grenser, er det ingen som stopper barnet dersom det går for langt, og ein kan gjere barnet ansvarleg for situasjonar som det enno ikkje er klar for. Foros & Vetlesen skriv at for å kunne ta beslutningar, samt setje grenser for seg sjølv og andre, må barnet fyrst ha opplevd å bli satt grenser for gjennom tydelege begrunningar. Barnet må difor få oppleve ein balanse mellom fridom og grenser, der barnet har moglegheiter innanfor visse rammer (Foros & Vetlesen 2012: 190-191).

5.1.4 Det store ”vågestykket”

Alle mødrene gav uttrykk for at dei syns oppseding er ei utfordrande oppgåve. Amalie seier ansvaret er stort og alvorleg, fordi ein har ingen garanti for korleis det vil gå (jmf. Kap. 4.2.4). Ida seier oppsedinga ”er tosidig”, der ho på den eine sida har moglegheiten til å gi barnet kjærleik, tryggleik, eit godt sjølvbilete osv. Medan på den andre sida, gjennom den sentrale rolla og makta ho har som mor, har ho eit potensiale til å gjere feil som kan få konsekvenser for barnet. Bollnow skriv at oppseding er eit vågestykke som inneber risiko. Dette vågestykket går ut på at dersom ein gir barnet rom for sjølvverksemd, så har ein mindre kontroll over kvar oppsedinga fører hen. Ein tek ein risiko (Bollnow 1969: 154; Wivestad

1999). Dersom ein ser barnet som eit materiale som må formast og forandrast, tek ein ikkje hensyn til barnets danningsberedskap, og gir ikkje barnet rom til å vere ansvarleg og delaktig i sin eigen oppseding (Mollenhauer 1996: 14). Foreldre som ser barn på denne måten driv ikkje med oppseding, men sikrar seg kontroll over barnet gjennom makt og tvang. Gjennom stadig kontroll over barnet kan ein sikre seg eit barn som gjer etter samfunnets normer, men også eit barn som vert eit ”eksemplar i en mere overgibende orden”, utan erfaring i å ta eigne beslutningar, vurdere komplekse situasjonar, eller som uavhengig og sjølvstendig menneske som meir og meir kan ta ansvar for sitt eige liv (Biesta 2011b: 32). Barnets fantasi og kreative tankegang vert ikkje stimulert og barnet veks opp som eit eksemplar, likt alle andre. Dersom ein ynskjer å opne opp for barnets sjølvverksemd i oppsedinga, må ein våge risikoen for å mislukkast. Men samtidig gir ein barnet moglegheit til å lukkast, som heilhetleg og uavhengig menneske. Dette er både Amalie, Ida og Beate inne på, der dei ser risikoen for å mislukkast, men også ein risiko dei er villig til å ta. Ein kan ikkje heilgardere seg mot alt, ein må kunne sleppe barna, la dei få erfare sjølv utan at ein skal ha kontroll på alt, seier Beate. ”Det er viktig at barn får rom til å teste ut litt” (jmf. Kap. 4.2.4).

Å sjå ulikt på kva som er til det beste for barn er ein realitet, fordi kva som er best er svært opent, samt knytta til det einskilde barn og oppvekstvilkåra barnet lev i. van Manen skriv at ein lærer av den oppsedinga ein sjølv har fått (van Manen 2012: 2), der ein kan sjå foreldre handle på same måte som sine eigne foreldre, eller bryte med foreldras framgangsmåte for å mogleg gjere omsorga betre for sine eigne barn. Amalie legg vekt på at foreldre, som barn, treng like mykje rettleiing og hjelp i oppsedinga, der ho ikkje syns ”vaksne er flinke nok til å handtere og sjå kvart barn”. Vidare seier ho at ho nesten skulle ynskje ”at alle som vart gravid skulle gå på eit obligatorisk kurs før dei fekk med seg barnet heim” (jmf. Kap. 4.2.4). Ut frå Amalies utsagn kan det tenkjast at ho har opplevd andre foreldres omsorgs- og oppsodingspraksis annleis enn hennar eigen, og sidan ein sjølv ofte meiner ein gjer det som er best for sine barn, kan det vere vanskeleg å forstå kvifor andre gjer som dei gjer. Som vaksen må ein vere bevisst den sentrale rolla ein har som foreldre, samt bevisst den makta ein har i relasjonen med barna. Å sjå eit barn handlar om å godta og elske barnet for den det er, der barnet må få erfare å bli sett med auge som går djupare og lengre enn ein tilfeldig forbipasserande (van Manen 2002b). Dersom foreldre misbruker autoriteten sin, anten gjennom ein autoritær eller ein autoritets-nihilistisk veremåte, godtek ein ikkje barnet for den det er, der barnet kan oppleve vanskar med å bli eit uavhengig og sjølvstendig menneske. Foreldreoppgåva kan vere utfordrande for mange, der alle foreldre ha behov for støtte, men

dersom ein profesjonaliserar foreldreoppgåva enda meir, kan ein risikere å gjere foreldre meir usikker på seg sjølv (Holthe 1996: 36). Ved å gjere rettleiing obligatorisk, kan ein sikkert gi foreldre mykje god kunnskap, men ein legg også då opp til ein tankegong om at foreldre ikkje er gode nok i utgangspunktet, og kan dermed skape tvil hos foreldre. Holthe skriv at foreldre treng støtte framfor rettleiing, der foreldrestøtte kan hjelpe foreldre til å bli bevisst sin eigen oppsedingspraksis (Holthe 2003: 39-40). Ein kan finne støtte hos fagpersonar, men også hos andre foreldre gjennom det nettverket ein har. Unge foreldre har ofte vener og kjente som også er i småbarnsfasen, og kan difor drøfte omsorg og oppseding med andre i same situasjon. Open barnehage er også eit tilbod som kan vere til god hjelp og støtte for foreldre, der ein kan sjå gode førebileter i andre foreldre, samt drøfte foreldreoppgåva. Når Mollenhauer seier om oppseding at ein må gi barn rom for sjølvverksemd og stole på at barn vil lære, må ein som samfunnsmenneske også stole på at vaksne vil lære, gjennom kritisk sjølvrefleksjon av eigen pedagogisk erfaring. Ein må ha tillit til at vaksne i utgangspunktet vil barn godt, og dermed gjer barn godt.

5.1.5 Frå verdiar til handling

Når eg spør mødrene kva dei meiner er det viktigaste i omsorga for barnet deira, er tryggleiken det overordna i mødrenes svar. Dei ynskjer at barnet skal kjenne seg trygg på at dei har tilgjengelege vaksne omkring seg, trygg på at dei er elska, og trygg på at dei er hos nokon som forstår dei. Dette er også hovudgrunnen til at dei har valt å vere heime utover endt fødselspermisjon, der dei meiner barna er for små til å byrje i barnehagen. Samtidig som dei meiner at dei som foreldre betre kan sikre barnets tryggleik og omsorg (jmf. Kap. 4.2.2). Ein kan her sjå likskap til tidlegare forskning av heimearbeidande foreldre, der omsorgsverdiar som tryggleik, ro og foreldre som betre omsorgsgivarar vert vektlagd (Magnussen m.fl 2001; Stefansen & Farstad 2007/2008; Seeberg 2010). Når Ida tenkjer på barnehagestart for eittåringen sin, kan ein sjå korleis kjærleiken ho har til barnet legg føringar for det valet ho har teke. Ho seier:

Han (barnet) treng jo ikkje å vere med oss, men eg tenkjer at det beste for han er å vere saman med oss, for det er jo ingen andre som vil han så godt som vi, fordi det er jo ingen andre som har dei same kjenslene for han som vi har.

Johanne kjem inn på det same når ho seier at det ikkje er personar i barnehagen som *elsker* barna, og difor vert det ”aldri den same kjærleiken eller omsorga” (jmf. Kap. 4.2.2).

Bekymringa for at barna ikkje skal ha det godt når dei er vekke frå foreldra er her sentral, der

mødrene meiner dei kan gjere ein betre jobb i omsorga, på grunn av kjærleiken dei har til barna sine. van Manen skriv at ein kan sjå bekymring som ein kronisk sjukdom som aldri går bort, og som blussar opp eller avtar alt etter kva situasjonen krev (van Manen 2002a: 265). Både Ida og Johanne legg vekt på at dei er heime med barnet for barnets del, men det kan tenkjast at dei også gjer det for sin eigen del, der tanken på å stadig bekymre seg for om barnet har det bra eller ikkje, eller korleis det vil påverke barnet å vere vekke frå dei, kan vere skremmande. I fylgje Seebergs tolkningar vert omsorgsaspektet ofte sett på som det primære når foreldre vel å vere heime med barna sine, der dei legg meir vekt på barns emosjonelle behov framfor sosial og fagleg læring (Seeberg 2010: 50). Det kan verke som om foreldre som vel tidleg barnehagestart for barna sine, legg meir vekt på det motsette (Magnussen m.fl. 2001: 41; Stefansen & Farstad 2007: 37; Stefansen & Farstad 2008: 352; Stefansen 2008: 32). Når eg spør Amalie om kva tankar ho har omkring omsorga barnet får hos henne, i høve til den omsorga det får hos andre, kjem det kontant at barna ikkje får ein betre omsorg enn hos henne. Vidare uttrykkjer ho at ho er veldig glad for at ho får vere den viktigaste omsorgsgivaren i sine barns liv, nettopp fordi ho tilbring så mykje tid med barna sine. Ho utdjupar med stort engasjement at ho likevel ikkje klarar å vere einig i at foreldre i dag, som vil at barna skal starte i barnehagen når dei er eitt år, er dei viktigaste omsorgspersonane for sine barn. Slik eg tolkar Amalie er det manglande samsvar mellom tidleg barnehagestart og det å anta at foreldre er dei viktigaste omsorgspersonane i barnas liv, nettopp fordi foreldre då ikkje tilbring nok tid med barna sine. Sidan det er eit så stort ansvar å ha barn, meiner Amalie at ein som foreldre skal vere der for barna, og gjere alt ein kan for barna (jmf. Kap. 4.1.4). I fylgje Magnussen m.fl vert det hevda at det å få tid for seg sjølv som forelder, gjer ein til ein betre forelder for barnet sitt (Magnussen m.fl 2001: 26). Dette vert ein motsetning til det Amalie meiner, der ho ikkje kan sjå føre seg å vere borte frå eittåringen sin. Men denne motsetningen er interessent, der ein kan sjå to ulike verdiar bunne ut i det same, nemleg kva ein ser på som best for sitt barn. Sjølv om det kan verke som om Amalie kosar seg i rolla som heimearbeidande mor, er det ikkje sikkert dette fell like naturleg for alle. På same tid er det ikkje alltid like lett å vere heime med barn, når ein til dømes ikkje har tilgong til open barnehage, eller det er fare for at alle ein kjenner er på jobb og i barnehage, og ein dermed vert aleine med barnet kvar dag. Dette kan vere utfordrande nok, der ein då kan undre seg over om barnet har det betre heime, når foreldra ikkje trivast i den heimearbeidande rolla.

Johanne legg til grunn at det for henne verker unaturleg å ikkje skulle vere heime med sonen, og seier: ”det skal jo vere han som skal lausrive seg litt meir og meir, ikkje berre eg som; vær

så god, no skal du vere der” (jmf. Kap. 4.2.2). I fylgje Seebergs forskning er det fleire foreldre som meiner at barn og foreldre høyrer naturleg saman, og difor har eit ynskje om ta ansvar for det barnet dei sjølv har satt til verda (Seeberg 2010: 83). Dette gir Beate også uttrykk for, der ho meiner det er viktig at ho viser både seg sjølv, ungen og omverda, at det å vere heime med barnet er noko ho vil ”hegne litt om” (jmf. Kap. 4.2.2). I dagens samfunn har vi mange moglegheiter, der det å velje ein ting framfor noko anna fortel om dei verdiane ein verdset. Ved at Beate vel å vere heime viser ho samfunnet at ho verdset den tida ho er saman med barnet, og då som noko viktigare enn andre ting. I ei tid der trenden er å dele mest mogleg av seg sjølv og livet sitt, kan ein føle det verdifullt å halde noko av sitt eige nært til brystet. Det å vere heime med barn kan vere ein verdi i seg sjølv, som viser kva ein meiner er viktig å vie tid til. Å vise at ein har tid, er også noko Johanne set høgt, der ho håper at det å vere heime, viser barna at ho har tid til dei, og at dei då tek med seg denne verdien vidare i møte med andre menneske (jmf. Kap. 4.2.6). Aarseths forskning viser at det i dei siste åra har utvikla seg ein marknad for ”jeg vil være mamma”-bøker og mammablogger, der kvinner står fram for å seie dei vel å ha meir tid til barn og familie (Aarseth 2014: 216). Ein kan sjå at dei verdiane mødrene set høgt, legg grunnlaget for korleis dei vel å handle.

5.1.6 Ein relasjon for utvikling og læring

Tone Sævi skriv at den pedagogiske relasjonen mellom barnet og den vaksne er grunnleggjande for all pedagogisk verksemd. For at relasjonen skal vere pedagogisk, må den vaksne sørge for at barnet føler kontinuerleg kjærleik, tryggleik, stabilitet og hjelp for framtida (Sævi 2013: 241-242). Når eg samatar med mødrene om relasjonen mellom dei og barnet, ser eg likskap i mange av svara, der dei ser kjærleiken og tryggleiken som sjøve livsnerven i ein god relasjon. Vidare vert stabilitet og forutsigbarheit, i form av rammer og tillit vektlegg, samt tilstedeværelse, der Live mellom anna seier ho ”trur det skal godt gjerast å få eit dårleg forhold av å vere mykje saman med barna sine”. Dette er også Beate inne på, der ho sjølv sagt meiner det er viktig at barna kjenner seg trygge og elska, men vel så viktig trur ho det er at barna kjenner at ho som mor synes det er kjekt å vere saman med dei, og bruke tid på dei. Ho vektlegg fellesskapet dei i mellom som viktigare enn aktiviteten dei held på med, og då ”spelar det ingen rolle om vi sit å les ei bok, eller om vi plukkar ugras” seier Beate (jmf. Kap. 4.2.3). Ein kan sjå det Live og Beate seier ha samanheng med det van Manen skriv om betydninga av kvardagslege og små augeblikk. ”The big things are always in the small ones” seier han, der det å vere tilstades og tilgjengeleg for barnet, er like viktig som å gi barnet merksemd, fordi tilgjengelegheit gir barnet tryggleik. Denne tryggleiken er viktig for både

styrking av relasjonen og for barnets framtidige goder (van Manen 1993: 69; van Manen 2002b: 46).

I samtalane med dei ulike mødrene ser eg likskap i dei ynskjene dei har for barna sine: dei vil at barna skal vekse opp til å bli sjølvstendige og uavhengige, der dei er trygge på seg sjølv og andre, samt blir det dei er skapt til å vere. Ida tenkjer at barnet må få ferdast utan at dei som foreldre fotfylgjer han. Men ho ynskjer å gi han eit sunt sjølvbilete der han er trygg på seg sjølv, slik han har eit reiskap å møte verda med, og legg til: ”det er liksom som å kle han opp i ein rustning i tryggleik på seg sjølv” (jmf. Kap. 4.2.6). Seeberg meiner at heimearbeidande foreldre legg meir vekt på det emosjonelle hos barnet, framfor det sosiale og faglege (Seeberg 2010: 37). Barnas emosjonelle behov vert også sterkt vektlagd mellom mødrene i dette prosjektet, men ikkje nødvendigvis fordi denne biten er viktigare enn sosiale og faglege behov. Dei viser stort engasjement når dei legg fram tankar og meiningar omkring barnas utvikling og læring, der dei legg til rette for barna på ulike måtar. Slik eg tolkar mødrene så meiner dei at tryggleiken og utvikling høyrer saman, noko som viser mødrenes kunnskap om barns behov. Denne tryggleiken ynskjer dei sjølv å gi barna, på same tid som dei då får ta del i, samt leggje til rette for barnas utvikling. Dale seier at skal ein kunne oppnå vidareføring og overlevering av kunnskap til eit barn, må dei grunnleggjande behova hos barnet dekkast, der tryggleik og nærleik, samt anerkjenning og respekt er noko av det viktigaste (Dale 1980: 81).

Som Stefansen viser til i forskninga om Odas foreldre, er foreldra til Oda svært opptekne av Odas utvikling, der dei legg til rette for maksimal stimulering på heimebane, samtidig som ho går i barnehage (Stefansen 2008). Regjering og stat har i dei seinare åra gitt læringsaspektet eit større fokus, der barns utvikling og læring har fått stor merksemd. Det er også politisk semje om at barnehagen er ein betydningsfull læringsarena (NOU 2012b: 18; Meld. St. 24 2013: 8), noko som gir ein peikepinn på at læring er viktig, samtidig som det kan gi inntrykk av at den utviklinga barna får heime ikkje er bra nok. Men ut frå det mødrene fortel får eg ikkje inntrykk av at pedagogisering og fokus på læring er utelatt i familiar der mor er heimearbeidande. Heller gir det ein indikator på at foreldre generelt er opptekne av barns utvikling og læring, uansett om dei er i barnehagen eller heime.

Når eg spør mødrene kva dei tenkjer om utvikling og læring i det kvardagslege, samt kva dei tenkjer omkring den stimuleringa dei gir barnet sitt, kontra stimuleringa barnehagen tilbyr, har dei alle ei bevisst haldning, men med ulike meiningar og ulik tilrettelegging for barna sine. Dei ser på det sosiale og intellektuelle som svært viktig, der fleire av dei går jevnleg i open

barnehage for å leggje til rette for sosial kontakt med andre barn og vaksne. Fleire brukar mykje tid på bøker og høgtlesning, rim, regler, song og musikk, samt verdien av å samtale med barna. Live ynskjer at barnet hennar skal bli god til å leike og få utvikle fantasien sin, og held mellom anna barnet bevisst vekk frå tv-titting (jmf. Kap. 4.2.5). Ein kan her sjå likskap til Aarseth's forskning, der mødrene er svært opptekne av å skjerme barna frå forstyrrende element som tv, sosiale medier og dataspel, noko dei ser på som "lettvinte, dårlige løysningar" i barnas utvikling (Aarseth 2014: 211).

Ida og Johanne er opptekne av delt merksemd, der dei som foreldre må vise interesse for det barnet er oppteken av, samt vere tilstades, leggje til rette og støtte barnet i barnets ulike utviklingsfaser. Som tidlegare nemnt er refleksjon omkring pedagogisk praksis viktig, der Ida seier at ho stadig må tenkje over korleis ho kan møte barnet på best mogleg måte, der ho eventuelt må endre "strategi" for å gjere enkelte situasjonar betre. I Stefansen's forskning *Et uendelig ansvar. Om foreldreskap i middelklassen*, ser vi korleis Odas foreldre reflekterer omkring Odas behov, for å finne ut korleis dei best kan møte henne: "hvør er hun i sin utvikling, hva trenger hun nå, må vi justere kursen?" (Stefansen 2008: 34). Ein kan sjå likskap mellom Idas strategiendring og foreldrepæret's justering av kurs, der Stefansen meiner at ein slik type merksemd krev foreldre som er årvåkne, noko ho meiner er ein ibuande kvalitet hos foreldre som har god oversikt over barnets behov og utvikling (Stefansen 2008: 44).

Der dei andre mødrene jevnleg brukar open barnehage, vektlegg Beate den tida ho kan få aleine med barnet, sidan dei har eit så aktivt liv elles om dagane og i helgene. På same tid synes ho det er viktig at barna får oppleve dagen slik som den er, med alle dens gjeremål og aktivitetar. På den måten får barna ta del i livet, og får innsikt i korleis livet er. Dette er i fylgje Mollenhauer noko fundamentalt for det å bli menneske, der barnet får ta del i den vaksnes verden, lære av den vaksnes livsform og den kulturen ein lev i (Mollenhauer 1996: 33). Amalie seier mellom anna at ho brukte mykje tid på å gjere barna så sjølvstendig som mogleg før barnehagestart, både når det gjaldt språkferdigheiter og å slutte med bleie. Dette var noko Beate også arbeidde bevisst med, der ho vektlegg samtalen mellom ho og barna, og fortel at dei alle fekk språk ganske tidleg. Både Amalie og Beate hadde eit ynskje om at barna var mest mogleg sjølvstendige når dei kom i barnehagen, slik dei kunne gjere seg forstått, samt greie seg betre på eiga hand (jmf. Kap. 4.2.5). Å ynskje at barna skal lære nokon grunnleggjande ferdigheiter, som å gå og snakke, før dei byrjer i barnehage, samsvarar med andre heimearbeidande foreldres meiningar frå tidlegare forskning (Magnussen m.fl 2001: 30; Stefansen & Farstad 2007: 41; Stefansen & Farstad 2008: 355). Live seier at ho ikkje veit så

mykje om barnehagar, men har fått med seg at det er mangelvare på faste omsorgspersonar i barnehagen grunna mange sjukmeldingar og utskiftningar i personalet (jmf. Kap. 4.2.2).

Dersom fleire sit med dei same tankane som Live, kan det tenkjast at bekymringa for at barnet ikkje skal bli forstått eller få den hjelpa det treng, vere grunn til at foreldre ynskjer at barna skal vere noko lunde sjølvstendige før barnehagestart.

Amalie seier at ho er negativ til at barn skal vere heime heilt til skulestart, fordi dei då vil gå glipp av mykje sosial læring. Barna hennar byrja difor i barnehagen når dei var 2-3 år, fordi ho ikkje lenger kunne gi barna moglegheit for samspel med andre barn i same aldersgruppe. Dette til tross for at ho brukte open barnehage jevnleg, noko som kan tyde på eit fleirtal av eittåringar ved dette tilbodet. Bortsett frå det sosiale meiner Amalie at barnehagen ikkje kan tilby barna så mykje meir enn kva ho kan sjølv. "Eg gjer jo det same heime" seier ho, medan Beate meiner barnehagen kan tilføre barna andre ting som ho ikkje kan. Ho meiner ho sjølv sagt kunne lært barna mykje av det same som barnehagen, men det hadde krevd ein heilt annan bevisstheit frå hennar side (jmf. Kap. 4.2.5). Dette fortel oss at det er krevjande å vere heime, der ein stadig må rette merksemda mot barnets interesser, behov og utvikling. I Stefansens forskning kjem det fram at foreldre vert både kroppsleg og mentalt slitne av å heile tida vere innretta barnets behov (Stefansen 2008: 37), noko både Beate, Johanne og Ida har kjent på. van Manen skriv at "å gi unge menneske oppdragelse og opplæring er mer krevende og oppslukende enn mange andre livsoppgaver" (van Manen 1993: 76), noko dei fleste med eigne barn sikkert kan seie seg einig i. Beate seier at at trass og dagleg testing av grenser kan vere svært utfordrande, og seier det har veldig mykje å bety korleis ho responderar i kvar situasjon. Er ho klok klarar ho å sjå barnet og barnets situasjon, men nokon gongar vert det kort prosess, ofte fordi ho er trøyt og lei (jmf. Kap. 4.2.4). I responsen frå foreldra ligg grunnlaget for barnets oppleving av omsorg, anerkjenning og respekt. Er Beate klok klarar ho å sjå barnet og barnets situasjon, noko som handlar om å ta barnets kjensler på alvor. Alisa L. Carse seier at gjennom å inntone seg den andres situasjon, får ein innsikt som igjen fører til at ein kan respondere på ein oppfyllande måte (Carse 1996: 100). Når ein kjenner seg trøtt og lei, er det vanskelegare å skulle setje seg inn i andres situasjon, nettopp fordi eins eigne behov kjem foran. Ein kan da undre seg over om kjærleiken ein har til barna sine er sterk nok til å unngå å meitte eins eigne når barn testar grenser. Av og til kan ein "kort prosess" vere enklare viss ei mogleg løysing på problemet viser seg å bryte visse verdiar eller set barnet i fare. Barn ser ikkje alltid kva som er best, der ein som foreldre må sjå an situasjonen og setje grenser for kva som er lov og ikkje. Samtidig er det for foreldre uunngåeleg å ikkje trakke feil, der det er

naudsynt å tenkje over korleis ein handlar. Sævi skriv at ”pedagogiske utilstrekkelige handlinger er antakelig oftere et uttrykk for mangel på innlevelse og refleksjon, enn de er uttrykk for likegyldighet eller ond vilje” (Sævi 2013: 238).

5.2 Heimearbeidande i dag

I 2011 var det omlag ein av ti gifte/sambuande kvinner som anten var fulltids heimearbeidande eller i jobb mindre enn 20 timar per veke (Kitterød & Rønsen 2011). Det kan vere mange grunnar til at foreldre vel å vere heimearbeidande med sine barn, men forskning viser at mange tek dette valet framfor noko anna, fordi dei meiner det er den beste omsorgsløysinga for sine barn (Magnussen m.fl 2001; Stefansen & Farstad 2007/2008; Seeberg 2010; Aarseth 2014). Sidan det i dag er eit mindretal av kvinner som vel å vere heime, må ein oftare forsvare og forklare dette valet (Danielsen 2002: 15; Kitterød & Rønsen 2011). Det er difor interessant å få eit innblikk i korleis mødrene opplev det å vere heimearbeidande, og kva respons dei får frå andre omkring seg på det valet dei har teke.

Mødrenes samtalar viser til ulike typar respons, der Ida, Live og Johanne fortel at dei oftast har fått andres forståelse på valet om å vere heime, medan Beate og Amalie har begge fått ulike kommentarar. Dei viser også at den heimearbeidande tilværelsen gjer noko med dei som menneske, der ein ikkje alltid kjenner seg stolt over det valet ein har teke, fordi ein kan føle at det arbeidet ein gjer ikkje er så respektert i samfunnet.

Live seier at det ikkje er godt nok å vere ei mor lenger: ”da har du liksom ingen andre talantar, eller noko anna du vil bli”. Johanne seier at ho nokon gongar føler at ho *bør* ta ei utdanning og *bør* jobbe, fordi alle andre gjer det. Ho føler identiteten ofte er forbunden med det ein gjer, og då når det ikkje er prioritert så høgt å vere heime, kan ho nokon gongar føle at ho ikkje er nokon (jmf. Kap. 4.3.2). Kvifor det å vere heime ikkje er prioritert så høgt i samfunnet i dag, kan ein sjå frå fleire sider. På den eine sida er familiar med små barn i dag utsett for eit sterkt press om å ha barna sine i barnehagen. Dette presset vert uttrykt både politisk og økonomisk, kulturelt og ideologisk, der til dømes den politiske semja omkring barnehagen som betydningsfull omsorg- og læringsarena, samt målsetnaden om full barnehagedekning, kan sjåast som ein bekreftelse på at institusjonell omsorg er eit betre alternativ enn å vere heime med barna sine sjølv (Stefansen & Farstad 2007: 29; Seeberg 2010: 33). På den andre sida må ein ta i betraktning at mange ikkje har andre val enn å gå tilbake i jobb, der det økonomiske set grenser for kva ein kanskje kunne tenkje seg. På same tid er det fleire foreldre som vel barnehageomsorg framfor å vere heimearbeidande fordi dei

sjølv har eit større ynskje om å vere yrkesaktiv, og fordi dei sjølv meiner barnehageomsorg er det beste for sitt barn (Magnussen m.fl 2001; Stefansen & Farstad 2007; 2008; Stefansen 2008; Seeberg 2010). Likevel må det nemnast at fagkunnskap, ekspertråd og press fra samfunnet omkring, kan gjere foreldre usikre på seg sjølv i rolla som foreldre (Holthe 2003: 14), som igjen gjer at dei vel ein type omsorgsløysing framfor andre, til tross for kva dei sjølv måtte føle om sitt barns beste (Seeberg 2010: 20; Slettholm & Westerveld 2012; Kitterød m.fl 2012: 62-63; Solheim 2013: 14). Når heimearbeidande foreldre får kommentarar som til dømes ”at du orkar”, eller ”skal du ikkje gjere noko i livet ditt”, er dette reelle kjensler og meiningar som andre har lov til meine. Likevel kan det tenkjast at foreldre som trossar eigne verdiar, og vel noko anna framfor kva dei sjølv måtte føle om sitt barns beste, kan kjenne det enklare å fronte det valet ein har teke, framfor å skulle innrømme for seg sjølv og andre at ein har valt feil.

Beate fortel at det ikkje alltid er med stoltheit ho seier til andre at ho er heimearbeidande. Dette fordi ho får reaksjonar som ”åååja, du er berre heime ja”, der ho seier ho nesten kjenner seg mistenkt for å vere lat fordi ho ikkje går ut i jobb. Ho er også blitt fortalt at ein vert mindre intelligent av gå heime med barn, noko Beate tok i verste meining (jmf. Kap. 4.3.1). Det er kan vere fleire som ikkje ser den heimearbeidande rolla som arbeid. Ein kan tenkje seg at heimearbeidande mødre sit behageleg i sofakroken med kaffekoppen i handa, medan God Morgen Norge rullar over skjermen, og barnet leikar fint for seg sjølv på golvet. Men dette er kanskje meir eitt glansbilete av korleis kvardagen kan fortone seg for desse mødrene, der eg no har prøvd å gi eit innblikk i korleis mødrene tenkjer, handlar og legg til rette for barna sine. Som Amalie seier legg ho dagen opp etter barnets interesser, der ho legg alle andre ærend ho måtte ha til då pappaen er heime eller til då barna søv (jmf. Kap 4.2.5). Ein kan her sjå likskap til det Aarseth skriv om heimearbeidande mødre, som ikkje har tidkrevjande jobber, men dagar som likevel er prega av arbeidsmessige investeringar, der barna er gravitasjonspunktet (Aarseth 2014: 210).

Det at ein blir mindre intelligent av å vere heime med barn, kan sjåast frå fleire sider. Det kan tenkjast at det å vere heime med barn ikkje er utfordrande nok, på same måten som ein blir utfordra i jobbsamanheng, i møte med andre vaksne og andre impulsar. Likevel er det i møte med barn, og da kanskje helst sine eigne, ein får møte seg sjølv, der ein stadig må granske seg sjølv og det ein har lært. van Manen skriv at i møte med barn vert det naudsynt med ein autentisk ”body-work”, der ein må setje spørsmålesteikn ved alt ein gjer, rive ned gamle vaner og byggje opp nye og betre (van Manen 2002b: 14; 2002b: 49). Ein må stadig vere i

forandring i møte med barn, der det er dei mellommenneskelege forholda som vert utfordra. Om ein vert meir intelligent kan diskuterast, men at ein kan utvikle større klokskap og bevisstheit omkring eigen veremåte, kan ein sjå som like viktig. Ikkje berre som mor i møte med barnet, men også som medmenneske i møte med andre, der ein held noko av den andres liv i sine hender (Løgstrup 1999: 148).

Amalie fortel om andre som ikkje forstår kvifor ho orkar å vere heime med barna sine så lenge, noko ho synes er trist, for for henne ”var det det beste i livet” (jmf. Kap. 4.3.1). At det for nokon kan verke krevjande eller slitsomt å vere heime med barn, og difor vel å gå tilbake i jobb etter endt fødselspermisjon, er heilt forståeleg. Å skulle ta seg av barn på full tid kan vere svært utfordrande, og det kan difor vere meir freistande å gå tilbake i jobb, med andre oppgåver og impulsar. På same tid er det mange som ynskjer at barna også skal få andre impulsar enn det dei sjølv føler dei kan gi barnet, og difor vel barnehage framfor å vere heimearbeidande (Stefansen 2008: 32). Men slik Amalie ser det, var valet om å vere heimearbeidande ganske enkelt, der ho seier ho aldri kunne ha teke eit anna val, og er ”superstolt” over at ho har gjort det. Sjølv om ikkje alle mødrene kjenner seg superstolt, kunne dei likevel ikkje ha teke noko anna val, der dei vel å prioritere vekk studier, yrkesliv og romsligare økonomi for barnas del. Beate seier ho er glad ho har vore heime, og ho veit ho vil vere glad for det når ho vert eldre. Ho tilføyer at ho har møtt fleire som seier dei angrar på valet om å gå rett ut igjen i jobb når barna deira var små, men det er ”ingen som seier dei angrar på at dei valte å vere heime framfor å jobbe” (jmf. Kap. 4.3.2). Ein kan sjå at det å vere heime med barn har ein eigenverdi og ein glede i seg sjølv, noko forskningen til Seeberg også uttrykker (Seeberg 2010: 63). Verdien og gleda mødrene får av å vere saman med og tilstades for barna, ser ut til å ha ein sterkare verdi enn det yrkeslivet kan gi, i alle fall for ein viss periode i livet (Aarseth 2014: 208).

Kapittel 6. Oppsummering og avslutning

Eg har i denne studien retta fokuset mot heimearbeidande foreldre og deira tankar om omsorg og oppseding. Gjennom intervju med fem heimearbeidande mødre fekk eg eit djupare innblikk i korleis dei ser på seg sjølv som foreldre, og den rolla dei har i ansvaret for barnets omsorg og oppseding. Det må nemnast at desse mødrene er glad for det valet dei har teke om å vere heime med sine barn, noko som kan vere ein grunn til at dei takka ja til å delta i studien. Det er difor viktig å få fram at stemmene i denne studien kjem fra desse fem mødrene, og ein kan difor ikkje generalisere og seie at alle heimearbeidande foreldre føler det slik desse gjer. Studien kunne fortona seg annleis dersom det var andre foreldre som deltok, til dømes mødre eller fedre som mogleg ikkje kjende seg like tilpass i den heimearbeidande rolla. Men til tross for dette, kan det likevel tenkjast at det er fleire foreldre som kan kjenne seg igjen, samt seie seg einig i det mødrene fortel.

Dei fem mødrene har alle teke eit bevisst val om å vere heime med sine barn, der bakgrunnen for dette valet byggjer på verdimesige grunnar. Dei verdset å ha tid til barnet, der dei ved å vere tilgjengeleg ynskjer og skape trygge, gode rammer for barnet. Vidare i dette ligg ynskjet om å få presentere verdiar og veremåte dei ser på som viktig i oppsedinga, samt for barnets vidare utfolding og utvikling i å bli eit sjølvstendig og myndig menneske. Informanatane er mødre både med og utan utdanning, der denne faktoren er interessant å sjå i høve til tidlegare forskning. Stefansen & Farstad (2007; 2008) gir ein mogleg indikasjon på at det i hovudsak er arbeiderklasseforeldre som vel å vere heime etter endt fødselspermisjon, framfor middelklasseforeldre som vel barnehage og jobb. Stefansen & Farstad viser eit skilje mellom arbeiderklassen og middelklassen, der arbeiderklassen baserar sine val på barns behov for tryggleik, medan middelklassen meiner barn treng utfordringar. I egne funn der mødrene både har utdanning og ikkje, er valet om å vere heime basert *både* på barns behov for tryggleik og behovet for utvikling og læring. Sjølv om barnets emosjonelle behov er sterkt vektlagd, betyr ikkje det at mødrene ikkje legg vekt på barnets sosiale og faglege behov, men at tryggleik og utvikling høyrer saman. Sidan barns behov for læring har fått eit auka fokus dei siste åra (NOU 2012b: 18; Meld. St. 24 2013: 8), kan det tenkjast at dette er ein av grunnane til at mange foreldre vel barnehageomsorg framfor sjølv å vere heime. Dette fordi det auka fokuset på læring kan gi foreldre inntrykk av at den utviklinga barn får heime ikkje er bra nok. Mødrene viser at dei er årvaken i relasjonen med barnet, som er fundert på barnets behov og interesser, der mødrene anten vel å leggje til sides andre kvardagslege gjeremål til fordel for barnet, eller tek barnet med seg i utføringa av gjeremåla. Ved at barnet til dømes får

vere med å utføre kvardagslege gjeremål, gir dette barnet moglegheit til å ta del i kvardagen slik den er. Dette er noko som er fundamentalt for det å bli menneske, der barnet får tileigne seg kunnskap og verdiar gjennom presentasjon og representasjon i kulturen det veks opp i (Mollenhauer 1996; Sævi 2009; 2012). Gjennom den eine eller andre måten, er barnet med i det som skjer, der merksemda er retta mot barnet og barnets utvikling. Ut frå det mødrene fortel får eg ikkje inntrykk av at pedagogisering og fokus på læring er utelatt i familiar der mor er heimearbeidande. Også desse foreldra er opptekne av utvikling og læring, men kanskje ikkje berre som eigne pedagogiske, tilrettelagde aktivitetar. Dei legg mogleg ikkje like stor vekt på systematisk pedagogisk skuleforbereding, slik barnehagen er oppfordra til (NOU 2010), men på same tid har dei heller ikkje eit ynskje om at barna skal vere heime til dei byrjar på skulen. Når barna vert 2-3 år gamle meiner dei at barnehagen kan gi barna deira noko meir enn kva dei sjølv kan gi, i form av sosial og fagleg støtte.

Mødrene vektlegg det naturlege forholdet mellom mor og barn, der det kan verke som om kjenslene dei har for barna, skaper ein naturleg intuisjon og fornuft som rettleier dei i omsorga og oppsedinga. Den naturlege morsrolla byggjer på ein kjærleik og bekymring for barnet, som skapar ein trang til å handle til det beste for barnet. Dei legg likevel ikkje skjul på at ansvaret kan vere utfordrande, der dei stadig må reflektere over pedagogisk praksis, samtidig som det er godt å kunne få prate med andre foreldre og fagfolk i same situasjon. Likevel let dei ikkje alle råd og henvisningar frå andre lede an i oppsedinga, men tilpassar og tolkar desse i lys av barnets behov. Ved at dei sjølv er heime og tilstades for barnet, ynskjer dei å leggje til rette for tryggleik og utvikling, der dei meiner dei sjølv kan gjere ein betre jobb i oppgåva. Dei uttrykkjer at sidan dei som foreldre kjenner barna best, kan dei betre gi barna det dei har behov for.

Ynskje om å at barnet skal få oppleve kvardagen som trygg går ofte igjen i samtalan med mødrene. Dei uttrykkjer at ein av hovudgrunnane til valet om å vere heime, handlar om å skape tryggleik *for* barnet. Men slik eg tolkar dei ulike mødrene gjennom måten dei legg fram kjensler og bekymring for barnet, kan det tenkjast at det ikkje berre er for tryggleiken til barnet dei er heime, men også for å skape ein tryggleik hos seg sjølv. van Manen skriv at ein kan sjå bekymring som ein kronisk sjukdom som aldri går bort (van Manen 2002a: 265), der tanken på å skulle bekymre seg for om barnet har det bra eller ikkje, dersom dei hadde valt ei anna omsorgsløysing enn å vere heime, kan vere skremmande for ei mor. Gjennom å vere heimearbeidande, har dei sjølv moglegheit til å dekke barnets behov, samtidig som dei tek i vare eigne behov. Ein kan difor sjå det å vere heime som ein verdi og ei glede i seg sjølv, der

mødrene i hovudsak gjer det for barnets del, men også fordi dei sjølv ynskjer det (Magnussen m.fl. 2001). Som viktigaste omsorgsgivar i barnets liv, ynskjer mødrene å vise både barnet og omverda at dei verdset den tida dei har saman med barnet, og då som viktigare enn noko anna.

”Det er heilt klart vi er motstraums” er tittelen på denne oppgåva, som seier noko om korleis heimearbeidande foreldre kan kjenne seg om valet dei har teke. Nemleg at dei går mot straumen i eit samfunn der majoriteten vel barnehageomsorg framfor å vere heime med barna sine. Kulturen og samfunnet vi er ein del av formar oss som menneske, der semje omkring verdiar og handlingar skapar eit fellesskap. Når ein skil seg frå det som i dagens samfunn ofte vert sett på som politisk korrekt eller riktig å gjere, kan ein føle at ein bryt med fellesskapet, noko som kan føre til at heimearbeidande foreldre stadig må forklare og forsvare seg. Men det å måtte forsvare sine val, gjer at ein oftare må tenkje gjennom kvifor ein har valt slik ein har valt, og då i det daglege skape refleksjon omkring pedagogisk praksis. Ein kan fort gli inn i ein tankegong om at sidan alle gjer det same, må jo det vere til det beste, og dermed flyte med straumen. På same tid kan det å fronte eige val, anten ein har valt barnehageomsorg eller heimearbeidande omsorg, gjere ein meir bevisst omkring kva ein sjølv meiner er til det beste for barn. Dei fem mødrene viser ikkje berre ein bevisstheit omkring barns emosjonelle, sosiale og faglege behov, men ivaretek også sine eigne verdiar og ynskjer gjennom å gjere det dei aller helst vil; nemleg å vere tilstades som trygg omsorgsgivar og rettleiar, dei fyrste åra i barnets liv. Eg har eit håp om at mødrenes tankar omkring det å vere heimearbeidande og den rolla dei har som omsorgsutøvar og oppsedar, kan gi eit djupare innblikk, samt bidra til ny forståing om foreldre. På same måte som ein ser barnehagen som betydningsfull omsorgs- og læringsarena, bør ein også kunne sjå det betydningsfulle i heimearbeidande foreldres omsorg og oppseding for sine barn.

Eg har i denne forskning fokusert på *nokon få* heimearbeidande foreldre, og deira tankar og meiningar om si eiga rolle som omsorgsutøvar og oppsedar. Eit forslag til vidare forskning kunne difor dreia seg om å kartleggje kor mange som er heimearbeidande med små barn, og eventuelt gjennom spørjeskjema få vite begrunninga for dette, og korleis dei ser på si eiga rolle som omsorgsperson og oppsedar. Sjølv om heimearbeidande kan sjå seg sjølv, samt bli sett på som motstraums, kan det hende det er fleire heimearbeidande enn kva mange har inntrykk av. Det at ein ikkje veit kor mange det er, kan også vere med å gjere denne gruppa meir ”ubetydeleg” og motstraums enn dei faktisk er. Å vite om kvarande kan vere fyrste steg til å mogleg kunne hevde andre synspunkt og fremje anerkjenning for det å vere heimearbeidande. I mitt utval har eg som sagt berre fokusert på heimearbeidande foreldres

tankar og meiningar. Eg har altså berre teke utgangspunkt i kva desse foreldra *tenkjer* om omsorg og oppseding, og ikkje kva dei faktisk *gjer*, noko som ikkje nødvendigvis samsvarar. Det kunne difor også vore interessant å observere korleis heimearbeidande foreldre utøver omsorg, og korleis dei legg til rette i oppsedinga for sine barn. Innan barnehagefeltet er det gjort mykje forskning i høve til den vaksnes veremåte i møte med barns behov for omsorg og læring (t.d. Foss 2009; Alvestad 2009; Ramberg 2012; Norheim 2014). Mindre er det å finne om heimearbeidande foreldre og deira utøving, der det kunne vore interessant å observere verknaden av foreldres tankar omkring omsorg og oppseding i praksis. Dette kunne vidare gitt eit samanlikningsgrunnlag i pedagogiseringa hos fagpersonell og heimearbeidande foreldre, som igjen kan bidra til ytterlegare kunnskap og forståing innan omsorg- og oppsedingsspørsmål. Samtidig kan eit auka fokus på den heimearbeidande rolla mogleg gi auka status, som igjen kan gjere valet om å vere heime med egne barn mindre motstraums for dei som måtte ynskje det.

Litteratur

- Abrahamsen, Gerd. (1997). *Det nødvendige samspillet*. Tano Aschehoug
- Alvestad, Torgeir. (2009). Barnehagen som læringsarena for de yngste barna. I: *Norsk pedagogisk tidsskrift*. Nr 2. s. 147-157. Henta frå http://www.idunn.no/npt/2009/02/barnehagen_som_leringsarena_for_de_yngste_barna
- Aarseth, Helene. (2014). Finanskapitalismens kjønnsromantikk: Næringslivselitens kjønnskomentære familiekultur. I: *Tidsskrift for kjønnsforskning*. Nr. 03-04, s. 204-218. Henta frå http://www.idunn.no/tfk/2014/03-04/finanskapitalismens_kjoennsromantikk_naeringslivselitens_kjoe
- Barnelova, LOV-2013-06-21-64. § 30. (2013). Henta frå https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1981-04-08-7#KAPITTEL_6
- Befring, Edvard. (2002). *Forskningsmetode, etikk og statistikk*. Det Norske Samlaget: Oslo
- Bettinger, Eric, Torbjørn Hægeland & Mari Rege. (2013). *Home with Mom: The effects of stay-at-home parents on children`s long-run educational outcomes*. Henta frå http://www.ssb.no/forskning/discussion-papers/_attachment/113165?_ts=13ea1e1e480
- Biesta, Gert. (2011a). Disciplines and Theory in the Academic Study of Education: A Comparative Analysis of the Anglo-American and Coninental Construction of the field. *Pedagogy, Culture & Society*, 19 (2), 175-192.
- Biesta, Gert. (2011b). *God uddannelse i målingens tidsalder – etik, politik, demokrati*. Forlaget Klim: Århus
- Bollnow, Otto F. (1969). *Eksistensfilosofi og pedagogikk*. Fabritius & Sønners Forlag: Oslo
- Bø, Bente P. & Bennedichte C. R. Olsen (red.). (2008). *Utfordrende foreldreskap. Under ulike livsbetingelser og tradisjoner*. Gyldedal Akademisk: Oslo
- Carse, Alisa L. (1996). Facing Up to Moral Perils: The Virtues of Care in Bioethics. I: S. Gordon, P. Benner & N. Noddings (Edit.): *Caregiving. Readings in Knowledge, Practice, Ethics and Politics*. Univeristy of Pennsylvania Press: Philadelphia

- Dale, Erling L. (1980). *Hva er oppdragelse? En studie i sosialpedagogikk – og et oppgjør med "alternativ pedagogikk"*. Gyldendal Norsk Forlag
- Danielsen, Hilde. (2002). *Husmorhistorier. Norske husmødre om menn, barn og arbeid*. Spartacus Forlag: Fagernes
- De Caprona, Yenn. (2013). *Norsk etymologisk ordbok. Tematisk ordnet*. Kagge Forlag: Oslo
- Dencik, Lars, Per S. Jørgensen & Dion Sommer. (2008). *Familie og barn i en opbrudstid*. Hans Reitzels Forlag: København
- Denzin, Norman K. & Yvonna S. Lincoln. (2011). The discipline and practice of qualitative research. I: N. K. Denzin & Y. S. Lincoln (red.). *The Sage handbook of qualitative research*. Sage: London
- Diderichsen, Agnete & Sven Thyssen. (1991). *Omsorg og utvikling. Omsorg, oppdragelse og småbørns utvikling*. Danmarks Pædagogiske Institut: København
- Ellingsæter, Anne L. (2012). Innledning: Velferdsstatens familier. I: Anne L. Ellingsæter & Karin Widerberg (red.): *Velferdsstatens familier. Nye sosiologiske perspektiver*. Gyldendal Akademisk: Oslo
- Foros, Per B. & Arne J. Vetlesen. (2012). *Angsten for oppdragelse. Et samfunnsetisk perspektiv på dannelse*. Universitetsforlaget: Oslo
- Foss, Else. (2009). *Den omsorgsfulle væremåte. En studie av voksnes væremåte i forhold til barn i barnehagen*. UiB: Bergen. Henta frå https://bora.uib.no/bitstream/handle/1956/6209/Dr.Thesis_Else%20Foss.pdf?sequence=1
- Gadamer, Hans G. (2007). *Sandhed og metode. Grundtræk af en filosofisk hermeneutik*. Academica: Århus
- Halvorsen, Knut. (2008). *Å forske på samfunnet. En innføring i samfunnsvitenskapelig metode*. Cappelen Akademisk Forlag: Oslo
- Hart, Susan & Rikke Schwartz. (2009). *Fra interaksjon til relasjon. Tilknytning hos Winnicott, Bowlby, Stern, Schore og Fonagy*. Gyldendal Norsk Forlag: Oslo

- Hellevik, Tale. (2000). *Småbarnsforeldres yrkesdeltakelse og valg av barnetilsyn før og etter kontantstøttens innføring*. Henta frå http://norlag.nova.no/asset/4378/1/4378_1.pdf
- Hellevik, Ottar. (2003). *Forskningsmetode i sosiologi og statsvitenskap*. Universitetsforlaget: Oslo
- Hennum, Nicole. (2005). Grensesetting, makt og vold. Fra en undersøkelse om relasjoner mellom foreldre og ungdom. I: *Nordisk sosialt arbeid*. Vol. 25, Nr. 3. s. 194-206.
Henta frå http://www.idunn.no/nsa/2005/03/grensesetting_makt_og_vold_fra_en_undersokelse_om_relasjoner_mellom_foreldr
- Hjerm, Mikael & Simon Lindgren. (2011). *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig analyse*. Gyldendal Akademisk Forlag: Oslo
- Holthe, Vibeke G. (1996). *Foreldrerett. Om trygghet og overbevisning i foreldrerollen*. Univeristetsforlaget: Oslo
- Holthe, Vibeke G. (2003). *Profesjonalisering av barneoppdragelsen*. Univeristetsforlaget: Oslo
- Jacobsen, Dag I. (2005). *Hvordan gjennomføre undersøkelser. Innføring i samfunnsvitenskapelig metode*. Høyskoleforlaget: Kristiansand
- Johannessen, Asbjørn, Per A. Tufte & Line Kristoffersen. (2006). *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode*. Abstrakt Forlag: Oslo
- Johansen, Jan-Birger & Dion Sommer. (2006). *Oppdragelse, danning og sosialisering i læringsmiljøer*. Universitetsforlaget: Oslo
- Kitterød, Ragni H. (2003). *Tid til barna? Tidsbruk og samvær med barn blant mødre med barn i kontantstøttealder*. Henta frå http://www.ssb.no/a/publikasjoner/pdf/rapp_200305/rapp_200305.pdf
- Kitterød, Ragni H., Erik H. Nymoen & Jan Lyngstad. (2012). *Endringer i bruk av barnetilsyn fra 2002 til 2012. Tabellrapport*. Henta frå http://www.ssb.no/a/publikasjoner/pdf/rapp_201223/rapp_201223.pdf

- Kitterød, Ragni H. og Marit Rønsen. (2011). *Husmor i likestillingsland. Hvem er hjemmearbeidende i dag?* Henta frå <http://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/hvem-er-hjemmearbeidende-i-dag>
- Kjeldstadli, Knut. (1999). *Fortida er ikke hva den en gang var. En innføring i historiefaget.* Universitetsforlaget: Oslo
- Kvale, Steinar & Svend Brinkmann. (2010). *Det kvalitative forskningsintervju.* Gyldendal Akademisk: Oslo
- Larsen, Ann K. (2007). *En enklere metode. Veiledning i samfunnsvitenskapelig forskningsmetode.* Fagbokforlaget: Bergen
- Leira, Arnlaug (2002). Mor og far – omsorg og forsørgelse. I: Lars Gulbrandsen (red.): *Forskning om småbarnsforeldres dagligliv. Problemstillinger og data.* NOVA: Oslo
- Leira, Arnlaug (2012). Omsorgens institusjoner, omsorgens kjønn. I: Anne L. Ellingsæter & Karin Widerberg (red.): *Velferdsstatens familier. Nye sosiologiske perspektiver.* Gyldendal Akademisk: Oslo
- Løgstrup, Knud E. (1999). *Den etiske fordring.* J.W Cappelens Forlag
- Magnussen, May-Linda, Borghild Godal & Arnlaug Leira. (2001). *Hvem skal passe barna? Kontantstøtte, barnetilsyn og foreldres lønnsarbeid.* Universitetet i Oslo: Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi.
- McBratney, Sam (1995). *Gjett hvor glad jeg er i deg.* Gyldendal Tiden: Oslo
- Meld. St. 25 (2005-2006). (2006). *Mestring, muligheter og mening. Framtidas omsorgsutfordringer.* Henta frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/16e39820de5c485da382fd99165afaf7/no/pdfs/stm200520060025000dddpdfs.pdf>
- Meld. St. 24 (2012-2013). (2013). *Framtidens barnehage.* Kunnskapsdepartementet: Oslo. Henta frå <http://www.regjeringen.no/pages/38272872/PDFS/STM201220130024000DDDPDFS.pdf>

- Mollenhauer, Klaus. (1996). *Glemte sammenhenger: om kultur og oppdragelse*. Gyldendal Norsk Forlag: Oslo
- Myhre, Reidar. (1981). *Autoritet og frihet. Hvor fri bør oppdragelsen være?* Fabritius Forlagshus: Oslo
- Myhre, Reidar. (1994). *Oppdragelse i helhetspedagogisk perspektiv*. Ad Notam Gyldendal: Oslo
- Noddings, Nel. (2003). *Caring. A feminine approach to ethics and moral education*. University of California Press: Berkeley, Los Angeles, London
- Norheim, Helga. (2014). *Omsorg for ettåringer i barnehage. En studie av sammenhenger mellom strukturelle forhold og omsorgskvalitet*. (Masteravhandling, Høgskulen i Oslo og Akershus). Henta frå https://oda.hio.no/jspui/bitstream/10642/2145/2/Norheim_Helga.pdf
- NOU 2010: 8. (2010). *Med forskertrang og lekelyst. Systematisk pedagogisk tilbud til alle førskolebarn*. Henta frå https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/hoeringsdok/2010/201004890/nou_2010_8_med_forskertrang_og_lekelyst_systematisk_pedagogisk_tilbud_til_alle_foer_skolebarn.pdf
- NOU 2012: 5. (2012). *Bedre beskyttelse av barns utvikling*. Henta frå <http://www.regjeringen.no/pages/36931483/PDFS/NOU201220120005000DDDPDFS.pdf>
- NOU 2012:1 (2012b). *Til barnas beste*. Kunnskapsdepartementet: Oslo. Henta frå <http://www.regjeringen.no/pages/36790766/PDFS/NOU201220120001000DDDPDFS.pdf>
- Nøtnæs, Tore. (2001). *Innføring i bruk av fokusgrupper*. Statistisk sentralbyrå, seksjon for statistiske metoder og standarder: Oslo. Henta frå http://www.ssb.no/a/publikasjoner/pdf/notat_200124/notat_200124.pdf

- Ramberg, Torill. (2012). *Omsorg i den pedagogiske relasjonen. En kvalitativ studie av noen situasjonene i barnehagen der sentrale dilemma ved omsorg komme til uttrykk.* (Masteravhandling). NLA Høgskulen, Bergen
- Repstad, Pål (2004). *Mellom nærhet og distanse. Kvalitative metoder i samfunnsfag.* Universitetsforlaget: Oslo
- Ruud, Solveig & Marie Melgård. (2013). Nedgangstrend brutt – flere velger kontantstøtte for ettåringen. *Bergens Tidende*. Henta frå http://www.bt.no/familie-og-oppvekst/Nedgangstrend-brutt---flere-velger-kontantstotte-for-ettaringer-2959332.html#.UiWhkZJM_a8
- Ryen, Anne. (2006). *Det kvalitative intervjuet. Fra vitenskapsteori til feltarbeid.* Fagbokforlaget: Bergen
- Rønsen, Marit. (2009). *Long-term Effects of Cash for Childcare on Mother`s Labour Supply.* Henta frå http://www.researchgate.net/publication/46538516_Long-term_Effects_of_Cash_for_Childcare_on_Mothers%27_Labour_Supply
- Seeberg, Marie L. (2010). *Siste skanse. En undersøkelse om 3-5-åringer som ikke går i barnehage.* NOVA: Oslo
- Skjervheim, Hans. (1992). *Filosofi og dømmekraft.* Universitetsforlaget: Oslo
- Skjervheim, Hans. (1996). *Deltakar og tilskodar og andre essays.* H. Aschehoug & Co: Oslo
- Skoglund, Ruth Ingrid. (2014). Danning i barnehagen: Hva kan danningens ”mer enn” være?. I: *Norsk pedagogisk tidsskrift*. Nr. 01. s. 36-46
- Slettholm, Andreas & June Westerveld. (2012). Sender ettåringen til barnehagen til tross for skepsis. *Aftenposten*. Henta frå <http://www.aftenposten.no/nyheter/iriks/Sender-ettaringen-til-barnehagen-til-tross-for-skepsis-6999800.html#.UIJyDST7ra8>
- Solheim, Elisabeth. (2013). *Effects of Childcare on Child Development. Time in Care, Group Size, and the Teacher-Child Relationship.*(Doktoravhandling, NTNU i Trondheim) Henta frå <http://www.diva-portal.org/smash/get/diva2:628180/FULLTEXT02>

- Statistisk Sentralbyrå (Ssb). (2014). *Barnehager, 2013, endelige tall*. Henta frå <http://www.ssb.no/utdanning/statistikker/barnehager>
- Stefansen, Kari (2008). Et uendelig ansvar. Om foreldreskap i middelklassen. I: B. P. Bø & B. C .R. Olsen (red.): *Utfordrende foreldreskap. Under ulike livsbetingelser og tradisjoner*. Gyldendal Akademisk: Oslo
- Stefansen, Kari & Gunhild R. Farstad. (2007). *Ett år og klar for barnehagen? Foreldres forståelse av små barns omsorgsbehov*. Henta frå <http://www.ntnu.no/documents/10458/19133836/farstadstefansen.pdf>
- Stefansen, Kari & Gunhild R. Farstad. (2008). *Småbarnsforeldres omsorgsprosjekter. Betydningen av klasse*. Henta frå http://www.idunn.no/file/pdf/33216321/_Smaabarnsforeldres_omsorgsprosjekter_.pdf
- Strand, Torill. (1996). *Ethos og læreplanen. Hvordan forstå og bruke Rammeplan for barnehagen?* Ad Notam Gyldendal: Oslo
- Sævi, Tone. (2007). Den pedagogiske relasjonen – en relasjon annerledes enn andre relasjoner. I: O. H. Kaldestad, E. Reigstad, J. Sæter & J. Sæthre (red.). *Grunnverdier og pedagogikk*. Fagbokforlaget: Bergen
- Sævi, Tone & Heidi Husevåg (2009). The Child Seen as the Same or the Other? The Significance of the Social Convention to the Pedagogical Relation. I: *Paideusis*. Volume 18, No. 2, pp. 29-41. Henta frå <http://journals.sfu.ca/paideusis/index.php/paideusis/article/view/213/136>
- Sævi, Tone. (2011). Lived Relationality as Fulcrum for Pedagogical-Ethical Practice. I: *Studies in Philosophy & Education*. s. 455-461. Henta frå <http://web.b.ebscohost.com/ehost/pdfviewer/pdfviewer?vid=4&sid=ee843d88-0271-44c8-bf9d-c7804d525573%40sessionmgr112&hid=116>
- Sævi, Tone. (2012). Why Mollenhauer Matters. A response to Klaus Mollenhauer's book *Forgotten Connections: On Culture and Upbringing*. Translated into English, edited and with an introduction by Norm Friesen. I: *Phenomenology & Practice*, Volume 6, No. 2, pp. 180-191. Henta frå <http://ejournals.library.ualberta.ca/index.php/pandpr/article/view/19869/15912>

- Sævi, Tone. (2013). Ingen pedagogikk uten en ”tom” relasjon – Et fenomenologisk-eksistensielt bidrag. I: *Norsk Pedagogisk Tidsskrift*. Nr 3. s. 236-246. Henta frå http://www.idunn.no/ts/npt/2013/03/ingen_pedagogikk_uten_entomrelasjon_et_fenomenologisk
- Sævi, Tone. (2014). Eksistensiell refleksjon og moralsk nøling – Pedagogikk som relasjon, fortolkning og språk. I: *Norsk Pedagogisk Tidsskrift*. Nr 4. s. 248-259. Henta frå http://www.idunn.no/npt/2014/04/eksistensiell_refleksjon_og_moralsk_noeling_-_pedagogikk_som
- Tangeland, Sigrunn. (1991). Væren og frihet. I: H. Kolstad, L. R. Langslet & A. Aarnes (red.). *Mysteriets tenker: Gabriel Marcel: En essaysamling*. Aventura Forlag: Gjøvik
- Tholin, Kristin R. (2001). *Læreplanbegrep og læreplanpraksis. Om barnehagestyrers forståelse og tolking av etisk omsorg i Rammepplan for barnehagen*. Henta frå <http://www-bib.hive.no/tekster/hveskrift/notat/2001-12/not12-2001.pdf>
- Tholin, Kristin R. (2003). *Etisk omsorg i barnehagen og skolen*. Abstrakt Forlag: Oslo
- Tholin, Kristin R. (2013). *Omsorg i barnehagen*. Fagbokforlaget: Bergen
- Thoresen, Ingeborg T. (2013). Danning og oppdragelse til barnas beste. I: E. Foss og O.F. Lillemyr (red.). *Til barnas beste: veier til omsorg og lek, læring og danning*. Gyldendal Norsk Forlag: Oslo
- van Manen, Max. (1993). *Pedagogisk takt. Betydningen av pedagogisk omtenkksomhet*. Caspar Forlag: Bergen
- van Manen, Max. (2002a). Care-as-Worry, or “Don’t Worry, Be Happy”. I: J. M. Morse (edit.): *Qualitative Health Research. An International, Interdisciplinary Journal. Volume 12 Number 2*. Sage Publications
- van Manen, Max. (2002b). *The tone of Teaching. The Language of Pedagogy*. The Athlouse Press: Canada
- van Manen, Max. (2012). *The Call of Pedagogy as the Call of Contact*. Henta frå <http://www.maxvanmanen.com/files/2014/07/MvM-The-Call-of-Pedagogy.pdf>

Vik, Stine. (2014). Barns deltakelse og tidlig innsats: et pedagogisk bidrag til forståelse av tidlig innsats i norske barnehager. I: *Tidsskrift for Nordisk Barnehageforskning*. Vol. 8, Nr. 2, s. 1-13. Henta frå

<https://journals.hioa.no/index.php/nbf/article/viewFile/647/1052>

Wilhelmsen, Marit & Tora Löfgren. (2010). *Undersøkelsen om barnefamiliers tilsynsordninger 2010. Dokumentasjonsrapport*. Henta frå

http://www.ssb.no/a/publikasjoner/pdf/notat_201113/notat_201113.pdf

Wivestad, Stein (1999). *Klaus Mollenhauers skisse til en moderne allmenn pedagogikk*. Henta frå http://www.fagsider.org/sw/artikler/Mollenhauer_Danm.htm

Wivestad, Stein (2007). Hva er pedagogikk? I: O. H. Kaldestad, E. Reigstad, J. Sæther & J. Sæthre (red.): *Grunnverdier og pedagogikk*. Fagbokforlaget: Bergen

Vedlegg 1: Melding av prosjekt til NSD

Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS
NORWEGIAN SOCIAL SCIENCE DATA SERVICES



Harald Hårfagres gate 29
N-5007 Bergen
Norway
Tel: +47-55 58 21 17
Fax: +47-55 58 96 50
nsd@nsd.uib.no
www.nsd.uib.no
Org nr. 985 321 884

Ruth Ingrid Skoglund
NLA Høgskolen AS
Postboks 74 Sandviken
5812 BERGEN

Vår dato: 12.09.2014

Vår ref: 39680 / 3 / AMS

Deres dato:

Deres ref:

TILBAKEMELDING PÅ MELDING OM BEHANDLING AV PERSONOPPLYSNINGER

Vi viser til melding om behandling av personopplysninger, mottatt 04.09.2014. Meldingen gjelder prosjektet:

<i>39680</i>	<i>Heimeverande foreldres omsorg for sine barn</i>
<i>Behandlingsansvarlig</i>	<i>NLA Høgskolen AS, ved institusjonens øverste leder</i>
<i>Daglig ansvarlig</i>	<i>Ruth Ingrid Skoglund</i>
<i>Student</i>	<i>Kirsti Antonett Nygjerde</i>

Personvernombudet har vurdert prosjektet og finner at behandlingen av personopplysninger er meldepliktig i henhold til personopplysningsloven § 31. Behandlingen tilfredsstiller kravene i personopplysningsloven.

Personvernombudets vurdering forutsetter at prosjektet gjennomføres i tråd med opplysningene gitt i meldeskjemaet, korrespondanse med ombudet, ombudets kommentarer samt personopplysningsloven og helseregisterloven med forskrifter. Behandlingen av personopplysninger kan settes i gang.

Det gjøres oppmerksom på at det skal gis ny melding dersom behandlingen endres i forhold til de opplysninger som ligger til grunn for personvernombudets vurdering. Endringsmeldinger gis via et eget skjema, <http://www.nsd.uib.no/personvern/meldeplikt/skjema.html>. Det skal også gis melding etter tre år dersom prosjektet fortsatt pågår. Meldinger skal skje skriftlig til ombudet.

Personvernombudet har lagt ut opplysninger om prosjektet i en offentlig database, <http://pvo.nsd.no/prosjekt>.

Personvernombudet vil ved prosjektets avslutning, 01.03.2015, rette en henvendelse angående status for behandlingen av personopplysninger.

Vennlig hilsen

Katrine Utaaker Segadal

Anne-Mette Somby

Kontaktperson: Anne-Mette Somby tlf: 55 58 24 10

Vedlegg: Prosjektvurdering

Kopi: Kirsti Antonett Nygjerde kirstiantonett@hotmail.com

Dokumentet er elektronisk produsert og godkjent ved NSDs rutiner for elektronisk godkjenning.

Avdelingskontorer / District Offices:

OSLO: NSD, Universitetet i Oslo, Postboks 1055 Blindern, 0316 Oslo. Tel: +47-22 85 52 11. nsd@uio.no
TRONDHEIM: NSD, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, 7491 Trondheim. Tel: +47-73 59 19 07. kyrre.svarva@svt.ntnu.no
TROMSØ: NSD, SVF, Universitetet i Tromsø, 9037 Tromsø. Tel: +47-77 64 43 36. nsdmaa@sv.uit.no

Vedlegg 2: Informasjonsskriv og samtykkjeskjema

Førespurnad om deltaking i eit forskningsprosjekt 2014

Kva tankar har heimearbeidande foreldre om si eiga rolle som omsorgsutøvar og oppsedar?

Bakgrunn

Eg heiter Kirsti Antonett Nygjerde og er student ved NLA Høgskulen i Bergen. Eg er utdanna barnehagelærer og fersk småbarnsmor. Eg er svært oppteken av dei yngste barna i samfunnet, samt foreldrerolla og den oppgåva foreldre har som oppsedar og omsorgsutøvar for sine barn. Eg held no på med ein masterstudie innan pedagogikk, og ynskjer difor å gjennomføre eit feltarbeid knytt opp til avhandlinga mi.

Kven kan delta?

I dette feltarbeidet ynskjer eg å intervju heimearbeidande foreldre som framfor tidleg barnehagestart, har teke eit bevisst val om å vere heime med barnet sitt etter endt fødselspermisjon. Eg ynskjer å kome i kontakt med 4-6 foreldre som er villig til å stille til individuelt intervju etter avtalt tid.

Kva inneber det å delta i studien?

Hensikta med denne studien er å få ei djupare innsikt i foreldres tankar og opplevingar omkring oppseding og omsorg for sine barn. Eg ynskjer å undersøke korleis du som mor/far opplev det å vere forelder og det denne rolla inneber, samt få innsikt i dine tankar og kjensler omkring omsorgs- og oppsedingsspørsmål. I ei tid der barnehage og profesjonell omsorg står sterkt, ynskjer eg å få fram tankar og meiningar hos foreldre som vel annleis enn majoriteten. Dette for å gi større innsikt, vere til mogleg inspirasjon, samt skape refleksjon omkring pedagogisk praksis. Eg ynskjer mellom anna å samtale om relasjonen mellom deg og barnet ditt, korleis du viser omsorg i ulike situasjonar, samt utfordringar knytt til din eigen oppgåve som forelder osb. Du har gjerne konkrete episoder du kan trekkje fram. Eg håper du som respondent vil snakke fritt og oppleve intervjuet som interssant og trygt.

Kva skjer med informasjonen om deg?

Alle personopplysningar vert behandla konfidensielt. Alle namn vert endra slik det ikkje er mogleg for den som les studien i ettertid å gjenkjenne nokon av informantane som deltek. Eg vil benytte ein lydopptakar under intervjuet, som i ettertid vert transkribert og anonymisert. Lydopptaket vert sletta når prosjektet er avslutta, seinast mars 2015. Det er berre eg som skal lytte til opptaket. Eg har teieplikt og skal ikkje dele noko av det som kjem fram i intervjuet på ein slik måte at du kan gjenkjennast. Det er ikkje behov for intime personopplysningar.

Frivillig deltaking

Det er frivillig å delta i studien, og du kan når som helst trekkje deg utan å oppgi nokon grunn, sjølv om du har samtykkja til deltaking (sjå vedlegg).

Dersom du ynskjer å delta eller har spørsmål til studien, ta kontakt med meg eller min rettleiar, fyrsteamanuensis Ruth Ingrid Skoglund ruthingrid.skoglund@nla.no

Studien er meldt til Personvernombudet for forskning, Norsk samfunnsvitenskapelig datateneste AS.

Med venleg helsing

Kirsti Antonett Nygjerde

Mail: kirstiantonett@hotmail.com

Mobiltelefon: 416 34 502

Samtykkje til deltaking i studien:

Kva tankar har heimearbeidande foreldre om sin eigen rolle som omsorgsutøvar og oppsedar?

Eg vil ta med svarslippen når vi møtast til intervju, slik det er mogleg å signere då.

Det er også mogleg å signere og sende svarslippen til meg dersom det er ynskjeleg:

Kirsti Antonett Nygjerde
Krohnhaugen 5
5059 Bergen

Eg har motteke informasjon om studien, og er villig til å stille til intervju:

Signert av prosjektdeltakar, dato

Vedlegg 3: Intervjuguide

Bakgrunn

1. Kan du fortelje kort om deg sjølv og familien din?
 - a. Mors/fars alder
 - b. Mors/fars utdanning/yrke
 - c. Sivilstatus
 - d. Barnets/barnas alder
 - e. Heime med barn nr 1, 2, 3?

Foreldrerolla

1. Kva forventningar hadde du til det å bli forelder?
2. Korleis opplevde du fødselen?
3. Korleis synes du det var å bli mor/far?
4. Har det å bli forelder forandra deg på nokon måte?
5. Korleis trur du at du er som mor/far?
6. Som forelder er du den viktigaste omsorgsgivaren for barnet ditt. Korleis føler du dette ansvaret?
7. Kva meiner du er viktig i omsorga for ditt barn?
8. Kvifor valde du å vere heime med barnet ditt utover endt fødselspermisjon?

Foreldre-barn-relasjon

1. Kan du prøve å setje ord på kjærleiken du har til barnet ditt?
2. Kan du beskrive samværet mellom deg og barnet ditt ein vanleg kvardag?
3. Kva tenkjer du er viktig for relasjonen mellom deg og barnet ditt?
4. Kva trur du barnet ditt opplev som viktig for relasjonen?
5. Ein kan ofte bekymre seg for barnet i ulike situasjonar. Kva tenkjer du om bekymring, og kva bekymrar du deg for?
6. Små barn kan ha vanskar med å uttrykkje seg. Korleis tolkar du ulike signal frå barnet ditt, og kva respons gir du? (Eks. glede, sorg, frustrasjon, sjenanse, ulike typar gråt)
7. Når barnet gjer noko positivt, korleis responderar du på barnets handling?
8. Når barnet gjer noko som er mindre positivt, korleis responderar du på barnets handling?
9. Kan du fortelje om ein situasjon mellom deg og barnet der barnet verka fornøgd/glad?
 - a. Korleis reagerte du ovanfor barnet?

- b. Kva var det ved situasjonen som kjentes godt?
 - c. Korleis følte du deg etterpå?
 - d. Kva trur du barnet følte?
10. Kan du fortelje om ein situasjon mellom deg og barnet som du synes var vanskeleg?
(Legge barnet, overlata barnet til andre, grensesetting osv.)
- a. Korleis reagerte du ovanfor barnet?
 - b. Korleis følte du deg etterpå?
 - c. Kva trur du barnet følte?
 - d. Kunne du gjort noko annleis?
11. Pratar du med andre omkring deg om det du synes er vanskeleg?
12. Kva tenkjer du om vanskelege situasjonar, og kva innverknad har desse på deg?

Omsorg og oppseding

1. Har du tidlegare erfaring med omsorg for små barn? (sysken, veners barn, i yrket osv.)
2. Kvar har du henta/hentar du kunnskap om det å vere foreldre? (helsestasjon, internett, vener, familie osv.)
3. Kva tenkjer du om oppseding, og korleis synes du det er?
4. Kva kjenner du som utfordrande i rolla som oppsedar?
5. Kva synes du barnet bør få med seg av viktige verdiar vidare i livet?
 - a. Noko du prøver å føre vidare
 - b. Noko du prøver å hindre
6. Har du nokon ynskjer eller håp for barnets framtid?
7. Er det nokon du rådfør deg hos dersom det er noko du er i tvil om?
8. Kven har tilsyn med barnet når det ikkje er hos foreldra?
 - a. Er det ei sporadisk eller fast ordning?
 - b. Korleis fungerer ordninga?
 - i. For barnet
 - ii. For foreldra
9. Kva tankar har du omkring omsorga barnet får hos deg, i høve til omsorga det får hos andre?

Utvikling og framtid

1. Korleis legg du til rette for at barnet ditt skal utvikle seg?
 - a. Sosialt nettverk
 - b. Læring i kvardagen

- c. Fritidsaktivitetar/moglegheiter
2. Kva tenkjer du om den stimuleringa du gir barnet ditt, kontra den stimuleringa barnehagen tilbyr når det kjem til utvikling og læring?
 3. Kva omsorgsløysng tenkjer de vidare for barnets nære framtid?
 - a. Fortsatt vere heime?
 - b. Evt. kvifor velje ei anna omsorgsløysing etterkvart?
 4. Korleis opplev du møtet med fagfolk på helsestasjon/barnehage?
 - a. Kva betydning har slike møtepunkt for deg som forelder?
 - b. Får du den støtta du treng?
 - c. Kan du ta opp ting du lurar på?
 5. Har du nokon tankar om det å vere heimearbeidande forelder og omsorgsansvarleg i ei tid der barnehageomsorg står sterkt?
 - a. Vanskeleg/greitt
 - b. Ulik respons